

Mellom likestilling og barns beste

Om foreldreskap i det urbane Norge

Marit Aklestad



Masteroppgåve
Sosialantropologisk institutt

UNIVERSITETET I OSLO

Våren 2011

Mellom likestilling og barns beste

Om foreldreskap i det urbane Norge

© Marit Aklestad

2011

Tittel: *Mellom likestilling og barns beste – Om foreldreskap i det urbane Noreg*

Forfatter: Marit Aklestad

Nettpublikasjon: <http://www.duo.uio.no/>

Trykk: Oslo Kopisten AS

Samandrag

Basert på feltarbeid blant småbarnsforeldre busett i Oslo Vest, vil eg i denne oppgåva pakke ut foreldreskapet som kulturelt meiningsssystem ved å ta føre seg føre meg foreldreskapet si indre spenning mellom idear knytt til individualisme og *likestilling*, og idear knytt til slektskap og *barns beste*.

Gjennom oppgåva viser eg korleis foreldre navigerer og balanserer mellom slektskapssfæren, med sine komponentar av moral og *det naturlege*, og likestillingssfæren, med sine idear om individuell valfridom og mor og far som likestilte omsorgspersonar. Eg utforskar denne spenninga gjennom å trekkje opp liner mellom individet og det relasjonelle i familien, mellom kjønn og slektskap, og mellom politikk og moral, der slektskapsteori og kjønnsteoretiske perspektiv utfyller kvarandre i analysen. Eg ser nærare på forståinga av slektskap som noko naturleg, der eg utforskar moderskapet si *naturlege særstilling*, og kontrasterer dette med eit blick på dei nye ideala knytt til fars aukande deltaking i barneomsorga. Vidare ser eg på idear om det gode foreldreskapet, der skapinga av den gode foreldre-barn-relasjonen impliserer aktiv handling. Gjennom dette arbeidet, viser foreldre at dei dei forvaltar sin kunnskap om barns beste på ein meningsfull måte, og skaper og opprettheld ein god personleg relasjon til barnet. Avslutningsvis trekkjer eg inn korleis staten verkar inn på foreldreskapet som ein aktiv forhandlar mellom slektskapssfæren og likestillingssfæren, der barnehagen som institusjon kan sjåast som ei form for statleg løysingsforslag for korleis foreldre kan balansere mellom dei ulike sfærane.

Oppgåva fylgjer ein livsløpstankegang der eg fylgjer mine informatar og deira kulturelle narrativ om foreldreskapet frå tida utan barn, gjennom spedbarnsfasen, og fram til barnet byrjar i barnehage og familieorganiseringar igjen endrar seg. Gjennom alle desse fasane er foreldre kreative når dei navigerer i dette landskapet mellom likestilling og barns beste.

Føreord

Mi reise på jakt etter ei forståing av foreldreskapet har sett meg i kontakt med nokre utruleg flotte foreldre og familiar. Eg vil takke kvar enkelt av mine informantar for dykkar bidrag og forteljingar, smått og stort, som har lagt grunnlaget for denne oppgåva. I tillegg til å sitje att med nokre fornøyelege feltarbeidsminner, har dykkar imøtekomande haldning, opne hus og engasjerte samtalar gjeve meg ein unik sjanse til å kome nærare ei forståing av dykkar kvardag.

Eg vil òg rette ein stor takk til vegleiar Susanne Brandtstädter for motiverande samtalar og viktige hint og vink undervegs i arbeidet med denne oppgåva. Dine konstruktive faglege innspel har gjort skriveprosessen til ein svært utviklande og lærerik periode, og ditt tydelege engasjement i prosjektet har vore til stor inspirasjon.

Innhald

| | |
|--|-----------|
| 1 Innleiing..... | 1 |
| Tema og problemstilling | 1 |
| Oppbygging av oppgåva..... | 3 |
| Teoretisk rammeverk | 5 |
| Slektskap og kjønn – natur og politikk..... | 5 |
| Familie og stat i norsk kontekst | 7 |
| Feltarbeid og metode | 10 |
| Stad og felt..... | 11 |
| Anonymisering og etikk..... | 12 |
| Om informantane og mi rolle i feltet | 12 |
| Avrunding..... | 16 |
| 2 Individ og familie..... | 18 |
| Moderne individualisme | 18 |
| Slektskap..... | 20 |
| Foreldreskapet i eit livsløpsperspektiv | 22 |
| Forventningar til det å bli foreldre..... | 24 |
| Heidi si forteljing: eit etterlengta barn..... | 25 |
| Anne Lise si forteljing: å leggje ting til rette | 27 |
| Barnet som endringsmarkør | 29 |
| Barnet som fellesprosjekt..... | 32 |
| Avrunding..... | 35 |
| 3 Barnet i sentrum..... | 36 |
| Barseltid og foreldreroller | 36 |
| Foreldre-barn-relasjonen | 41 |
| Foreldreskapet sitt kjønna innhald | 43 |
| Moderskapet si særstilling | 45 |
| Farskapet..... | 49 |
| «Den nye papparolla» | 50 |
| Kryssande ideal | 53 |

| | |
|--|-----------|
| Avrunding | 55 |
| 4 Å gjere foreldreskap | 56 |
| Å prioritere barnet..... | 56 |
| Barnet treng tilrettelegging for ei sunn utvikling | 57 |
| Organiserte aktivitetar | 59 |
| Babysong – «Babyar treng å treffe andre babyar» | 59 |
| Barns behov og foreldres behov | 62 |
| «Så klart vi er likestilte!»..... | 65 |
| Barselgruppe – eit kvinneleg rom | 69 |
| Avrunding | 72 |
| 5 Familie og stat | 74 |
| Ein ny fase for foreldreskapet..... | 74 |
| Staten som formidlar av idear om familien | 76 |
| Barnehagen - ein statleg institusjon | 78 |
| Informantane og barnehagen..... | 79 |
| Balanse mellom heim og barnehage | 82 |
| Barnehagen – statleg løysing på spenninga mellom likestilling og barns beste?..... | 82 |
| Avrunding | 83 |
| 6 Avslutning | 85 |
| Referanseliste..... | 88 |
| Avis- og nettartiklar | 93 |

1 Innleiing

«Når eit barn vert fødd, fødast det også foreldre.»

Alle menneske blir fødde inn i ein familie, og inngår som oftast i eit sett familierelasjonar. Familierelasjonane er i endring gjennom livsløpet, men vert sett på som meir stabile, faste og langvarige enn andre relasjonar. Det er i familien at individet får sitt namn og først blir anerkjend som ein person, og dei nære slektskapsrelasjonane vert gjerne rekna for å vere særleg djupe og sentrale i ein persons liv. Når eit barn vert fødd, fødast det også foreldre. Det å få barn og bli foreldre, blir i Noreg rekna for å vere ein naturleg og normal dimensjon av livet, ein forventa del av vaksenlivet som få vel bort frivillig. Foreldre-barn-relasjonen blir forstått som eit band som varer livet ut, og måten foreldre utformar og identifiserer seg som foreldre, inngår dermed som ein dynamisk del av mødrer og fedrar sine identitetar og kvardagserfaringar gjennom livet. Foreldre utøvar foreldreskapet på ulike måtar og i ulike former, og foreldreskapet må sjåast som historisk, kulturelt og sosialt situert. Denne oppgåva byggjer på mitt feltarbeid blant ei gruppe småbarnsforeldre frå middelklassen busett i Oslo Vest, utført i perioden februar til november 2010¹.

Tema og problemstilling

Eg byrja arbeidet med denne oppgåva med eit ynskje om å kome nærare ei forståing av kva foreldreskap *er* og *betyr* i mitt *eige samfunn*. Eg ville utforske korleis moderskapet og farskapet kan blir forstått gjennom å pakke ut foreldreskapet som kulturelt meiningssystem i ein moderne², urban kontekst. Ved å registrere den seinare tids fokus på foreldreskapet i Noreg gjennom blant anna ei massiv mediedekning knytt til foreldre, barn og familieliv, vart det tydeleg for meg at feltet grip inn i mange sider ved konstruksjonen av det «norske», samstundes som det er noko kvardagsleg og trivielt som angår dei fleste. Oppgåva tek utgangspunkt i at moderskap og farskap er sentrale kulturberarar i ein kvar kultur, og at forståing av foreldreskap, familie og barneomsorg vil kunne vere talande for å forstå generelle samfunnsverdiar og samfunnstrekk (sjå t.d. Gullestad 2000; Heilmann 2000; Jacobsen 1999).

¹ Både middelklassebegrepet og samletermen Oslo Vest vil få ei utgreiing i slutten av kapitlet, under avsnittet om feltarbeid og metode.

² Modernitetsbegrepet vil bli diskutert seinare i oppgåva.

Yanagisako og Collier (1987) argumenterer for at slektskap vanskeleg kan studerast lausrive frå kjønn, at slektskap og kjønn må sjåast i relasjon til kvarandre. I Noreg er foreldreskapet og familien som institusjon tett kopla til idear om kjønn og *likestilling*³, eit sentralt begrep i den norske kulturkonteksten. Foreldretermen er i og for seg kjønnsnøytral, men viser til to tydeleg *kjønna* kategoriar; nemleg moderskapet og farskapet (sjå t.d. Hennem 2002:12). Gjennom mitt feltarbeid, vart eg bevisst på korleis foreldreskapet kan sjåast ut i frå to ulike dimensjonar; ein kjønnsdimensjon og ein slektskapsdimensjon, der desse dimensjonane kan seiast å fylgje delvis separate logikkar eller moralitetar. Likestillingsideen er nærare knytt til politiske standpunkt, der det blir lagt vekt på at mor og far deltek på lik linje både i heimen og i arbeidslivet. Dette passar ikkje alltid så godt saman med oppfatningar knytt til *barns behov* eller *barns beste*. Tanken om barns beste er ikkje først og fremst knytt til likskapstanken, men til idear om det gode foreldreskapet, der særskilde kjønna relasjonar mellom mor og far kjem til syne. Det er ut i frå desse feltefaringane, at mi problemstilling har sprunge fram:

Korleis balanserer og navigerer foreldre mellom slektskapsfæren, med sine komponentar av moral og *det naturlege*, og likestillingssfæren, kopla til forståingar av kjønn, politikk og ideen om individuell fridom? Kva for utslag får ideane om kjønn og likestilling i familiesfæren, der barns beste blir helde fram som det viktigaste? Gjennom å utforske den potensielle spenninga mellom idear om likestilling og idear om barns beste, vil eg sjå på korleis foreldra i mitt studie, ei gruppe småbarnsmødrer og -fedrar i hovudstaden, vekslar eller balanserar mellom desse ulike diskursane eller sfærane i si praktisering og forståing av foreldreskapet og foreldrerollene. I mi utforsking av denne spenninga, vil eg trekkje opp liner mellom individ og familie, mellom kjønn og slektskap, og mellom politikk og moral. Både *likestilling* og *barns beste* er relative verdiar som stadig er gjenstand for politisk diskusjon, der statleg vilje verkar saman med foreldre sine eigne idear om korleis foreldre-barn-relasjonen skal arte seg. Eg vil argumentere for at idear om barns beste ligg tettare opp til førestillinga av *det naturlege*, og dermed utanfor det ein kan diskutere, medan likestillingstanken i større grad er ope for forhandling. Om mine informantar vektlegg eller orienterer seg ut i frå det eine eller andre perspektivet, varierer i ulike situasjonar, men kan òg sjåast i samanheng med bestemte fasar eller periodar av foreldreskapet foreldra går gjennom.

³ I norsk kontekst set ein som regel likskapsteikn mellom likestilling og *kjønnslikestilling*, altså likestilling mellom kjønna. Dett er denne tydinga av begrepet eg vil basere meg på vidare i oppgåva. Koplinga mellom likestilling og *kjønnslikestilling* vil elles bli diskutert meir inngåande i kapittel to.

Foreldreskap og familie er tema som verkar å vere spesielt oppe i dagen nett no, og blir hyppig debattert i det offentlege ordsiftet, og svært synleg i mediebiletet. Det kraftige fokuset kan tyde på ei mogleg endring, utvikling eller forandring av måten foreldreskap blir forstått på i samfunnet, noko som eg finn svært spanande og interessant antropologisk sett. Kjønn og slektskap er tema som grip om store kjernesporsmål i antropologien. Slektskapsstudiar stod i ei særstilling i danninga av disiplinen, men har av ulike grunnar vorte skjøve til side av andre teoretiske tilnærmingar og retningar. Blant anna ettersom antropologien gradvis flytte seg «heim», gjennom studiar av urbane og «moderne» samfunn, har tradisjonelle slektskapsteoriar forsvunne ut av radaren⁴. Signe Howell (2001a) er ein av fleire antropologar som i nyare tid har ynskt slektskapsstudiar tilbake til antropologien, både «ute» og «heime»:

«En av grunnene til at det antropologiske studiet av reproduksjon og prokreasjon gir så rikt utbytte, er at det å få barn og skape familie- og slektrelasjoner er en så intim del av de flestes liv at alt som skjer sosialt og kulturelt i den forbindelse kaster et skarpt lys over grunnleggende verdier mer generelt.» (Howell 2001a:76)

Som Howell her peikar på, er slektskap og det å få barn noko som grip djupt inn i måten me lever våre liv. Studiet av slektskap er dermed sentralt, også i «moderne» samfunn, og kan kome med viktige faglege perspektiv. Avhandlinga mi vil vere eit bidrag til å studere slektskap i eit moderne samfunn, der eg vil utforske korleis slektskapsteoriar og kjønnsteoretiske perspektiv kan utfylle kvarandre i analysen av mitt datamateriale frå norske småbarnsforeldre frå ein norsk, urban kontekst.

Oppbygging av oppgåva

I dette innleiande kapitlet, vil eg først presentere det teoretiske rammeverket for oppgåva. Eg ser nærare på slektskap og vår forståing av slektskap som *naturleg*, kjønn og politiske ideologiar knytt til likestilling, og forholdet mellom familie og stat. Vidare vil eg introdusere feltarbeidet oppgåva byggjer på, feltet, datainnsamlinga og informantane, og skildre mine arbeidsmetodar og min posisjon under feltarbeidet. I kapittel to diskuterer eg forholdet mellom individualistiske og relasjonelle verdiar, og ser på korleis dette verkar inn på mine

⁴ Slektskapsstudiar sin endra posisjon innanfor antropologien er del av ein omfattande faghistorisk diskusjon. For eit kort tilbakeblikk, sjå t.d. Smedal 2001; Moore 1999.

informantar sine ulike strategiar i danninga av ein familie. Ved å setje foreldreskapet inn i eit livsløpsperspektiv, ynskjer eg å synleggjere dynamikken mellom individ og familie. I kapittel tre ser eg nærare på spedbarnsfasen og utviklinga av foreldre-barn-relasjonen, der idear om *barns beste* er knytt tett opp til idear om ein særskild relasjon mellom mor og barn. Eg held fram moderskapet si *naturlege* særstilling, og kontrasterer dette med eit blikk på *den nye papparolla* og idear om mor og far som likestilte omsorgspersonar. I kapittel fire ser eg på korleis ideen om *det gode foreldreskapet* impliserer handling og aktivitet. Foreldre fylgjer opp idear om *barns beste* gjennom organiserte babyaktivitetar, der dei blant anna får vist fram sitt gode foreldreskap til andre. Eg ser òg på korleis foreldre handterer likestillingstanken i omsorgsarbeidet gjennom å delegere ulike oppgåver til mor og far. I kapittel fem trekkjer eg inn staten som aktør i utforminga av foreldreskapet. Eg brukar barnehagen som institusjon som eksempel på korleis statlege insentiv verkar inn på måten familiar strukturerer kvardagen på. Barnehagen kan såleis sjåast som eit statleg løysingsforslag for korleis foreldre kan ivareta både ideen om likestilling og ideen om «barns naturlege behov» eller *barns beste*. Eg argumenterer for at staten som aktør aktivt forhandlar mellom ein likestillingsdiskurs og ein familiediskurs, noko som igjen verkar inn på foreldra si forståing og praktisering av omsorgsansvaret. I kapittel seks rundar eg av med å samle trådane og summere opp mine overordna empiriske og teoretiske perspektiv.

Strukturen i oppgåva kan lesast på fleire måtar. Kapittelinnendinga er på den eine sida bygd opp rundt ein livsløpstankegang, der eg fylgjer informantane og deira kulturelle narrativ om foreldreskapet frå tida som vaksen utan barn, gjennom barseltid og etableringa av ein ny familie, til barnet byrjar i barnehage og familieorganiseringa igjen endrar seg. Kapitla representerer samstundes ei reise gjennom ulike dimensjonane av foreldreskapet; individ og familie; kjønn og slektskap; og moral og politikk, der eg gjennom oppgåva utforskar korleis foreldre kan oppleve indre spenning i desse dimensjonane. Gjennom ei form for pendelveksling mellom ulike kulturelle/sosiale sfærar, vekslar informantane mellom idear knytt til individualisme og likestilling, over på idear knytt til slektskap, det naturlege og barns beste, for til slutt falle tilbake på ein ny form for likestillingsdiskurs der staten kjem inn som ein aktør i barneomsorga. Samstundes er denne spenninga eller vekslinga til stades meir eller mindre kontinuerleg i familiane sine kvardagserfaringar, der foreldra er kreative i si navigering i dette landskapet gjennom alle fasane av foreldreskapet.

Teoretisk rammeverk

I ein norsk kontekst er det å få barn einstyddande med å vere ein familie (Melhuus 2001:49), og ein set gjerne likskapsteikn mellom familien og *kjernefamilien*, beståande av mor, far og barn⁵. Vil set klare skilje mellom familielivet, som høyer til den private sfære, og arbeidslivet, som høyrer til den offentlege sfære. Familien som institusjon har ein spesifikk personleg og privat karakter som skil seg tydeleg frå andre institusjonar, kjenneteikna av blant anna nære relasjonar, personleg tilhøyre, samhald og vilkårslaus kjærleik. Distinksjonen mellom familie og arbeidsliv og mellom det private og det offentlege har i historisk forstand ein spesifikk moderne karakter (Solheim 2007)⁶, og skriv seg attende til opplysningstida sin likskapsfilosofi, der det moderne individet veks fram parallelt med utviklinga av det moderne feministiske prosjektet, ført i pennen av bl.a. filosofar som Mill og Wollstonecraft.

Slektskap og kjønn – natur og politikk

Forståinga av foreldreskapet er nært knytt til vår forståing av slektskap og kjønn. I *Towards a unified analysis of kinship and gender*, argumenterer Yanagisako og Collier (1987) for å sjå kjønnsstudiar og slektskapsstudiar under eitt, då dei i røynda konstruerer *eitt felt*, eit *kulturelt domene*. Kjønn, reproduksjon og slektskap er tett samanvove, noko som gjer det uråd å oppnå ein fullgod analyse av det eine fenomenet utan å gripe inn i det andre. Yanagisako og Collier viser korleis vårt deskriptive slektskapssystem vert sett på som om det representerer naturlege kategoriar, for kva er vel meir naturleg enn kjønn? (1987:336). Yanagisako og Collier utfordrar til ikkje å akseptere kjønn og slektskap som noko naturgjeve, men analysere dei som produkt av historisk spesifikke sosiale institusjonar (1987:349).

Måten ein i vesten forstår det naturlege og kva som er naturleg på, er altså resultat av ein spesifikk historisk situasjon – og altså kulturavhengig. Men i vestleg naturvitskapleg tradisjon, har det naturlege framstått som eit *master-narrativ*, nærast unnateke diskusjon (Yanagisako og Delaney 1995). Marilyn Strathern (1992) greier ut om korleis ideen om det

⁵ Eg vil ikkje bruke plass på å diskutere *kjernefamilien* her, men berre kort presisere at begrepet har oppstått innanfor ei vestleg kulturform, og inngår i det heteronormative idealet i moderne framstillingar av familie og kjønn. I boka *American Kinship* (1980), skil Schneider mellom *kjernefamilien* som *observerbar hushaldsgruppe* (*domestic group*) og som *kulturelt symbol*.

⁶ Eg fylgjer her Solheim si forståing av moderniteten som ei bestemt historisk og kulturell samfunnsform, noko som ikkje må forvekslast med ei flat forståing av det moderne som generell motsetning til det «umoderne» eller «tradisjonelle».

naturlege har blanda seg med ideen om det gudgjevne eller guddommelege (*the divine*), noko som ikkje kan diskuterast eller veljast. Yanagisako og Delaney avdekkjer naturen som vesten si «opphavsmyte» og nye «religion»; naturen har fått ein urokkeleg, nærast heilag posisjon som hegemonisk sanning, og blir framstilt som noko godt og rett som verken kan eller bør endrast.

Om ein så ser slektskap, og derunder foreldreskapet som noko naturleg, vil foreldreskapet framstå som noko unnateke diskusjon for mine informantar? Malin Noem Ravn (2005) omtalar familieliv i Noreg nettopp som noko kulturelt naturalisert. Mange kvinner og menn uttaler at det å få barn er eit *naturleg* steg i eit kjærleiksforhold, og det er *naturleg* i eit individs livsløp. Å få barn er naturleg fordi det er normalt. I denne tankerekkje er det å få barn knapt eit val i det heile; «it's simply something that is supposed to happen at some point in a couple's life together» (Ravn 2005:35-36). I forlenginga av dette, vert det interessant å belyse kva dette potensielt naturaliserte feltet har for meiningsinnhald; kva vert forstått som naturleg hjå mine informantar, og korleis står dette til moderne idear om mor og far som likestilte omsorgspersonar?

Når eg i denne oppgåva vil analysere foreldreskapet, vert kjønnspektivet viktig. Det å vere kvinne eller mann – mor eller far, er ikkje ein likegyldig faktor, men verkar inn på korleis ein forelder framstår og vert oppfatta. Moderskap og farskap vert assosiert og knytt til ulike forståelses- og erfaringsrammer, og det er knytt til ulike konnotasjonar, meiningsinnhald og ulike historiske tilhøve, noko som får konsekvensar i mødrer og fedrar si forståing og utøving av foreldreskapet, både individuelt og på eit meir overordna, samfunnsmessig plan.

Idear om kjønn er knytt til moderne idear om likestilling, både i arbeidslivet og i familien. Gjennom framveksten av feministiske idear frå opplysningstida og fram til i dag, har kjønn som meiningsystem blitt sterkt politisert. Til liks med slektskap, har kjønn òg vore utsett for former for kulturell naturalisering (Yanagisako og Delaney 1995:16), men den parallelle politiseringa av feltet i Noreg, har bidrege til å gjere kjønn til eit område ope for forhandling. Gjennom feministisk kritikk, kanskje særleg etter den feministiske bølga på 60- og 70-talet, har kjønn vorte knytt til politiske målsetjingar, og gjennom å ha blitt teke til inntekt for ulike politiske retningar, har det blitt tydeleg at kjønn ikkje er utelukkande «sjølvforklarande». Høgre- og venstresida i politikken har ulike syn på likestilling, og ulike feministiske

retningar har ulike ståstader når det gjeld korleis kjønn skal forståast, og *om* og i tilfelle *kva for* former for forskjellsbehandling på grunnlag av kjønn som kan vere sosialt akseptable. Jamvel om ein vil finne eit mylder av ulike syn på kva kjønn «eigentleg» er, står eit uttalt ideal om likestilling mellom kjønna, der kjønn ikkje skal stå i vegen for individuell valfridom og personleg utfolding, sterkt i Noreg, både frå statleg hald og blant «folk flest».

Familie og stat i norsk kontekst

Både likestilling og familieverdiar er sentrale i konstruksjonen av det norske subjektet. Likestilling, både i heimen og i arbeidslivet, er av mange omtala som eit kjenneteikn ved den norske velferdsstaten, og er sett på som eit ideal for sosialdemokratiet. Helga Hernes sine begrep *den kvinnevennlige staten*, *statsfeminisme* og *velferdsstatens kvinnevenlege potensial*, har bidrege til forståinga av korleis feminisme og likestilling har vorte del av gjengs (mainstream) politikk og verdisyn i Noreg (Hernes 1987; Ellingsæter og Leira 2004). Sjølv sagt er det ikkje slik at alle innbyggjarane i Noreg omfamnar likestillingstankegangen og praktiserer likestilling på alle område, men på eit diskursivt plan, står *ideen* om likestilling som ein positiv samfunnsverdi sterkt, både politisk og sosialt. Dei nordiske landa blir gjerne framheva for å ligge «toppsjiktet i Europa når det gjeld kjønnslikestilling», både i yrkeslivet og i familien, og er samstundes dei landa i verda som brukar mest pengar på offentlege støtteordningar til småbarnsforeldre. Likestillingspolitiske verkemiddel vert gjerne omtala om «vellukka», ettersom Noreg i europeisk målestokk har høg kvinneleg yrkesdeltaking, kombinert med svært høge fruktbarheitstal i Europeisk målestokk (Ellingsæter 2005:118; Ravn 2005:30). Tal frå SSB (2011a) viser at på trass av seinare fødsalar, er norske kvinners fruktbarheit blant dei høgste i Europa, og føder i snitt 1.95 barn i løpet av livet.

Endå familielivet blir sett som noko privat, noko som skil seg frå den offentlege sfæren, kan ein seie at forvaltning av barn og barndom blir forstått som ei felles interesse mellom familien og staten (Leira 1996). Familien blir sett på som ein *institusjon*, gjerne omtala som samfunnets minste byggjekloss, som er med å leggje grunnlaget for andre og større samfunnsinstitusjonar. Helga Hernes (1987) skriv også om *den offentlege familien*. Det offentlege er til stades, det er *present*, for å bruke eit engelsk uttrykk, i den private familiesfæren, og i førestillinga av det private, noko som lett kan bli borte i førestillinga om eit klart skilje mellom det offentlege og det private. Ein sterk statsintervensjon påverkar korleis familien er organisert, og ei rekkje statlege insentiv verkar inn på korleis familielivet

blir praktisert, korleis foreldre brukar tida si og liknande. Staten legg til rette for at foreldre skal kunne kombinere arbeid og familieliv gjennom blant anna gunstige permisjonsordningar⁷, utbygging av barnehagetilbodet og lovfesta rett på barnehageplass frå barnet er eitt år. Arnlaug Leira seier det slik at familien blir halden oppe ved hjelp av eit betydeleg supplement av offentlege tenester frå den institusjonelle⁸ velferdsstaten (1996:213). Dei fleste barn veks opp i to-inntektsfamiliar, eller halvannan-inntektsfamiliar, der både mor og far deltek i arbeidslivet⁹. Gjennom barnehagane har barneomsorga blitt knytt tettare opp til økonomien i velferdsstaten, og auka bruk av barnehage har vore naudsynt for å kunne kombinere familie og arbeid, og soleis utnytte heile arbeidsstokken. Barnehagepolitikken har gripe djupt inn i småbarnsfamiliar si organisering av dagleglivet. Tilsyn med barn blir på denne måten ei gråson mellom stat og familie, mellom profesjonell oppdragarkultur og folkeleg familiebasert oppdraging (Leira 1996:215).

Trass uttalte likestillingsideal, der menn og kvinner deltek på lik linje både i omsorgs- og lønnsarbeid, finn ein i Noreg ein stor del mødrer som arbeider deltid i småbarnsperioden. Dette blir gjerne forklart med å vise til ein *tregleik i kjønna praksisar*¹⁰, der gamle idear om far som forsørgjar og mor som *omsørgjar* lever side om side med nye ideal om far og mor som likestilte omsorgspersonar. Skjeie og Teigen (2003) viser til eit studie av Liv Syltevik gjort på slutten av 1990-talet, der deltakarane i studien uttrykte eit *ideal* om lik fordeling av hus- og omsorgsarbeid, men at oppgåvene i *praksis* vart ulikt fordelt. Foreldra i studien hadde ei tradisjonell arbeidsdeling på den måten at fedrane hadde hovudforsørgjaransvaret, medan mødrene hadde hovudansvar for omsorgsarbeidet, og reduserte sitt lønnsarbeid for å få tid til barneomsorg i langt større grad enn fedrane gjorde (Skjeie og Teigen 2003:132). Skjeie og Teigen konkluderer med at idear og ideologiar om likestilling og lik arbeidsdeling står sterkt i samfunnet, men at det er skilnad på ideologi og praksis. Dette spriket mellom tanke og praksis fell saman med to kolliderande samfunnsideologiar, nemleg ideen om at det beste for barnet er at mor er primær omsorgsperson, og ideen om lik deltaking i arbeidslivet og i

⁷ Retten til betalt permisjon i samband med fødsel har dei siste 20 år vorte kraftig utvida, og det seiast at Noreg i dag har den rausaste fødselspermisjonen i verda. Om mor oppfyller krav om yrkesaktivitet før fødselen, har foreldra rett på anten 46 veker permisjon med 100% stønad, eller 56 veker med 80% stønad. Tre veker før og seks veker etter fødselen er øyremerkt mor, og 10 veker (12 veker fom. 1. juli 2011) er øyremerkt far. Dei resterande vekene kan fordelast fritt mellom foreldra.

⁸ Institusjonell her i motsetning til residuell. For vidare diskusjon, sjå Leira 1996.

⁹ SSB sine tal frå 2005 viser at 78% av alle gifte eller sambuande mødrer med barn mellom 0-6 år yrkesaktive (anten i arbeid eller i lønt permisjon). 95% av fedrane er det same.

¹⁰ Begrep henta frå Bourdieu 2000.

heimen (likestilling/feminisme). Kvinner eit kulturelt etterslep i det å vere omsorgspersonar, medan menn har eit tilsvarande etterslep i det å vere økonomiske hovudforsørgjarar – *breadwinners* (Ketcher 2001, Skjeie og Teigen 2003). Gamle mønster kan vere med på å påverke korleis foreldre vel å organisere familielivet. Faircloth (2009) forklarar nokre av dei same mekanismane i si skildring av ammepraksis. Møder kjenner seg moralsk forplikta til å amme mykje og lenge, og vil ikkje risikere å bli oppfatta som dårlege mødrer ved å gå bort i frå denne måten å praktisere moderskapet, eller vere mor på. Amminga er med på å skape morsidentitet, og blir ein måte kvinner realiserer sitt foreldreskap på. *Ubehaget* som kan oppstå ved å bevege seg på kant med det gjengse – *mainstream practices* – gjer det at mønsteret varer ved.

Men foreldre rører seg heile tida i eit kontinuum mellom kontinuitet og endring. Den tradisjonelle arbeidsdelinga i familien har vorte utfordra av endringar i forventningar og ideologiar, der tanken om ein likedelt arbeids- og omsorgsplikt kanskje er i ferd med å ta over for tradisjonelle kjønnsdelinga. Med tanke på fars deltaking og rolle i omsorgsarbeidet, er det påvist tydelege endringar dei siste tjue-tretti åra. Fedrar som er deltakande og aktive i omsorgsarbeidet blir sett på som attraktive og *moderne*, og ynskje om ei større grad av likedeling i omsorgsarbeidet er eit uttrykt ideal både blant politikarar og blant småbarnsforeldre flest. Dette er særleg tydeleg i innføringa av fedrekvoten, der ein stadig større del av permisjonstida knytt til fødsel har blitt øyremerkt far¹¹. For å få far til å ta ein større del av omsorgsarbeidet, har ein innført statlege insentiv basert på såkalla «mild tvang».

Sett opp som to konkurrerande interessefelt, kan det altså sjå ut som førestillingar om familieliv og kva det skal innebere for mor og far i nokre tilfelle ikkje vil kunne foreinast med den generelle likestillingsdiskursen. Dette møtet mellom ulike sfærar finn eg særleg interessant. Kjønnsdiskursar knytt til likestilling kan kome i kollisjon med oppfatningar av kva som blir forstått som best for barnet, noko som gjer at foreldre må velje å handle etter anten den eine eller den andre diskursen, basert på si moralske overtyding. Her går foreldra inn i ulike typar kompromiss, og er kreative i si balansering mellom ulike verdier.

¹¹ Kvoten øyremerkt far er i dag på ti veker, og vil auke til tolv veker frå og med 1. juli 2011.

Feltarbeid og metode

Foreldreskapet er i Noreg forstått som noko som i stor grad utspelar seg i den private sfære. Ein studie av mor, far og barn blir dermed ein studie av noko tett og intimt. Runar Døving uttrykkjer det slik at: «et av de største problemene antropologer i Norge står overfor i studiet av sitt eget samfunn, er kjernefamilielivets privathet» (Døving 2003:163). Døving meiner at årsakene til at hushald og slektskap er lite studert i Noreg, ligg i at antropologar så sjeldan slepp til i heimane. Eg var såleis klar over at eg ville møte utfordringar i mitt forsøk på å nærme meg norske foreldre.

I antropologien har det tradisjonelt vore eit metodisk verkemiddel å vere «langt unna». Geografisk, kulturell og sosial distanse til feltet skaper ein dynamikk mellom forskar og informant som antropologen har gjort til ein fagleg fordel. Distanse gjer deg i stand til å sjå med friske auge på det som for informantane framstår som trivielt og sjølvst. Ved å gjere feltarbeid i eigen kultur, er eg på veg bort frå det klassiske antropologiske prosjektet «å freiste forstå det framande, det som er fjernt frå eiga erfaring, over på det kjende og erfaringsnære (Geertz 1973). Rugkåsa og Thorsen (2003:12) viser òg til Geertz i sin diskusjon kring kva for metodiske implikasjonar dette skiftet får for deltakande observasjon, tekstproduksjon og omsetjing av kunnskap. Antropologiske studiar i Noreg bar lenge preg av eit fokus på minoritetsgrupper og småskalasamfunn, utan særleg vektlegging av majoritetskulturen, noko ein kan forstå i lys av eit fagleg fokus på distanse. Rugkåsa og Thorsen argumenterer derimot for å studere «folk flest», også i Noreg, for slik å belyse gjengse, typiske kulturelle praksisar. Dei viser til Marianne Gullestad, som også er inne på dette i si etterlysing av «et samanlikningsgrunnlag som baserer seg på systematiske studier av ordinære prosesser i vårt eget samfunn» (Gullestad sitert i Rugkåsa og Thorsen 2003:14). Dette vert no gjort i aukande grad, og det er denne konteksten som rammar inn mitt feltarbeid blant småbarnsforeldre i middelklassen busett i den norske hovudstaden.

På same måte som eit begrep kan ha ulike tydingar og fyllast med (delvis) ulikt innhald i ulike kulturelle kontekstar, endrar òg innhaldet i ulike begrep seg over tid. Ved å knytte min analyse til eit felt og nokre begrep (moderskap, farskap, moral) henta frå mi eiga kulturelle sfære, og som inngår i mitt eige kvardagsvokabular, stiller eg meg sjølv som analytikar i fare for å bake min eigen emiske kunnskap inn i analysen. Det nære er ofte så nært at ein ikkje ser det, ein vert rett og slett *heimeblind* (Frøystad 2003). Det å studere sitt eige samfunn, inneber på sett og vis *å studere seg sjølv*. Min posisjon i felten ber preg av at eg sjølv er norsk

og har vakse opp i Noreg, og at eg er tilflyttar til Oslo, der eg dei seinare åra har vore busett på ulike kantar av byen. Eg kan slik sett identifisere meg med mine studiesubjekt – småbarnsforeldre frå middelklassen busett i Oslo vest. I kontinuumet mellom nærleik og distanse i felten, ligg eg tett opp til mine informantar, der den største skilnaden kanskje er at eg sjølv ikkje har barn. Eg har ikkje sett på denne relative nærleiken som noko avgjort negativt, men freista snu han til min fordel. Eg vil ikkje kunne nulle ut mine før-forståingar fullstendig, men freiste vege opp for dette ved fordelene av å ha inngåande kjennskap til den norske og urbane konteksten som omkransar dei fenomenene eg har sett meg føre å studere.

Stad og felt

Oslo, Noregs hovudstad, er med sine om lag 600.000 innbyggjarar den største byen i landet. Folketalet i byen er aukande, både grunna auka innvandring og stor grad av tilflytting frå alle kantar av landet. Utdannings- og jobbtilbod trekkjer til seg studentar og unge vaksne i etableringsfasen, noko som gjer at det er mange barnefamiljar i byen. Oslo har dei høgaste fødselstala i landet, sett i forhold til innbyggjartal. Historisk sett, har urbaniseringa i Noreg lege litt etter dei andre skandinaviske landa, men ho har auka kraftig dei seinare tiåra. Det urbane bylivet er tiltrekkjande på mange unge, samstundes som det er ein trend å flytte litt ut av bykjernen når ein etablerer seg med barn.

Oslo er det ein kan kalle ein klassesdelt by, der busetjingsmønsteret avspeglar ulike grupper i befolkninga. Grovt sett kan ein dele byen i to, der austkanten er dominert av arbeidarklassen og innvandrargrupper, medan vestkanten er dominert av middelklassen og meir velstående, resurssterke familjar. Det som utgjer mitt felt i denne byen, er sett saman av ei gruppe småbarnsforeldre tilhøyrande den veksande middelklassen, som heller enn å sentrere rundt eit bestemt bustadområde, kan seiast å henge saman i eit laust nettverk spreidd utover på vestkanten av byen.

Oslo Vest er kjenneteikna av relativt høge inntekter, høgt utdanningsnivå og lite innvandrarbusetjing. Eg såg difor føre meg at eg her ville finne informantar som i større grad er opptekne av å leve opp til det eg vil kalle eit «norsk urbant ideal».

Likestillingstankegangen er gjerne meir framstående blant middelklassen enn blant arbeidarklassen eller innvandrarbefolkninga, og i Oslo Vest ville eg finne ei overvekt av denne gruppa av den norske majoritetsbefolkninga. Eg såg også føre meg at eg her ville finne

foreldre som er meir opptekne av barn, familieliv og familieideal, enn om eg hadde retta meg mot ei gruppe busett på andre kantar av byen. Mi gruppe informantar er del av den veksande middelklassen i hovudstadsområdet som ventar med barn til utdanning og karriereveg er i boks, og som lever i meir eller mindre tradisjonelle *kjernefamiliar*.

Anonymisering og etikk

Eg har valt å vere open om at feltarbeidet er gjort på vestkanten i Oslo. Med tanke på at busettingsmønsteret i Oslo er nært knytt til sosiale og klassemessige skilander i byen, meiner eg det ville svekkje mi analyse om eg heldt denne informasjonen tilbake. I rekrutteringsprosessen tenkte eg først at eg ville ta utgangspunkt i Vestre Aker bydel, som er bydelen eg sjølv er busett i, men undervegs let eg snøballen rulle utanfor bydelsgrensene, og enda til slutt opp med informantar busett innanfor eit relativt stort område på vestkanten. Feltarbeidet er slik sett ikkje direkte stadbunde, men meir nettverksbasert, i form av at nokre informantar leidde meg vidare til andre aktuelle informantar i deira omgangskrets.

Eg har gjeve informantane fiktive namn, og gjort lettare omskrivingar av detaljrik personinformasjon der eg har funne det naudsynt. Men for å unngå å lausrive informantane for mykje frå den opphavlege konteksten, og slik forringe den faglege analysen, har eg freista ta i vare essensen i deira bakgrunn, utdanning og liknande. Nokre av informantane vil nok kunne kjenne seg att i skildringane mine, men eg meiner at den moderate anonymiseringa er god nok til å gjere informantane ukjennelege for andre lesarar. Informantane har også fått informasjon om kva datamaterialet skulle brukast til, både skriftleg og munnleg, og eg har henta inn informert samtykke så godt det let seg gjere. Informert samtykke må samstundes seiast å vere eit ideal som vanskeleg vil vere fullt ut oppnåeleg, då det ofte er uklart for antropologen korleis det innsamla materialet vil bli brukt eller vinkla før den endelege analysen ligg føre.

Om informantane og mi rolle i feltet

Mine informantar består av ei gruppe småbarnsforeldre i middelklassen, hovudsakleg busett i Oslo vest. Dei aller fleste foreldrepara har ein baby på 6-12 månader, nokre har eldre barn i tillegg. Mesteparten av foreldra er i 30-åra ein stad, alle lever saman i heterofile forhold, få av dei er skilde, og ingen av dei er aleineforsørgjarar. Mange av informantane er tilflyttarar som

har flytt til Oslo i samband med utdanning eller arbeid. Eit par av mine informantar er innvandrarakar. Desse kjem frå Skandinavia eller sentraleuropeiske land, og er gifte/sambuarar med nordmenn eller -kvinner.

I rekrutteringsprosessen fann eg raskt ut at eg ville rette meg inn mot foreldre med barn på spedbarnsstadiet, då eg såg føre meg at det ville vere lettare å få tilgang til foreldre som var ute i barselpermisjon den tida feltarbeidet varte, då desse ville ha meir ledig tid enn om bår foreldra var ute i full jobb. Gjennom å oppsøkje bydelsbaserte foreldre-barn-aktivitetar som føremiddagsgrupper og babysong, byrja snøballen å trille. For å kunne studere samspelet og samhandling mellom foreldra, ynskte eg å rekruttere informantar som budde saman i heterofile parforhold innanfor rammene av ein relativt typisk kjernefamilie. Med dette valet, ynskte eg ikkje å marginalisere det relativt store talet familiar med såkalla nye familieformer, med t.d. foreldre av same kjønn, åleineforsørgjarar eller foreldre med ulike former for delt omsorg. Å bu saman med to biologiske foreldre er likevel framleis det mest vanlege for norske barn¹², og med mitt fokus på kjønn, ville eit utval av den klassiske kjernefamilien gjere det lettare for meg å fange opp ulikskapar og variasjonar i mødrer og fedrar sin identitet og veremåte som foreldre og omsorgspersonar. I den konkrete rekrutteringsprosessen, har eg derimot ikkje lagt like stor vekt på desse kriteriar, slik at eg til slutt enda opp med både steforeldre og foreldre med innvandrarbakgrunn blant mine informantar og informantfamiliar.

Eg trefte relativt få fedrar på mine småbarnstreff der eg rekrutterte informantane mine, men fekk meir eller mindre inkludert dei fleste av partnarane til mødrene eg møtte der. Eg hadde også som mål i prosjektskilddinga å få heile hushaldet/familien som informantar, då det gjev meg eit betre datagrunnlag, samstundes som det gjer arbeidet med personvern og samtykke noko enklare. Ein annan ting eg gjerne ville få til, var å knyte til meg informantar som hadde kontakt med kvarandre på fritida. Men få av mine informantar hadde særleg kontakt utover organiserte aktivitetar. Det var difor vanskeleg for meg å få uformelle samhandlingsdata frå informantane. Datamaterialet mitt er såleis noko mangelfullt når det kjem til samhandling der fleire foreldre er samla utanom organiserte aktivitetar. Heimen har vore min primærarena i deltakande observasjon, i tillegg til deltaking i organiserte babyaktivitetar.

¹² I fylgje St.meld. nr. 8 2008-2009, s. 19, veks sju av ti barn i Noreg opp saman med bår sine biologiske foreldre.

Gjennom feltarbeidet har eg hatt mest kontakt med mødrer. Som regel er det henne eg har innleia ein dialog med gjennom ein eller annan babyaktivitet, og oftast er det ho som har vore i permisjon i feltarbeidsperioden. Dette inneber at det materialet eg har, i stor grad er sett ifrå mors ståstad, og at eg sjeldnare har fått like nærgåande skildringar i frå far. Her må eg ta i augesyn at eg sjølv er kvinne, og at mange finn det mest naturleg at eg dermed har mest kontakt med mor med tanke på det *heteronormative skriptet*¹³ som gjerne ligg til grunn for normer knytt til sosiale omgangsformer i Noreg.

Det er viktig å tenkje over kven ein har å gjere med som informantar, kven dei er og kva dei seier (Wikan 1996). Mitt feltarbeid har gått føre seg i eit urbant miljø der dei fleste er relativt høgt utdanna. Eg trur ikkje det er tilfeldig kva for foreldre som har vorte med i min studie. Eg tenkjer meg at dei kan vere noko over gjennomsnittet interessert i, og bevisste på dette med barn, familieliv eller andre ting som kan knytast til min tematikk, og dermed hatt lettare for å seie ja til å delta i studien. Foreldra som inngår i studien kan tenkjast å liggje over gjennomsnittet når det gjeld overskot og kapasitet i kvardagen, og er kan hende meir utovervende eller sosiale. Eg har også inntrykk av at mine informantar opplever seg sjølv og sin familie som vellukka og veltilpassa, noko som kan vere ein medverkande faktor til at nett desse har takka ja til å delta i studien. Få ynskjer å invitere framande inn i kvardagen om dei gjennomgår ein tøff periode eller ikkje kjenner seg heilt på høgda. Eg kan beskrive mine informantar som spreke, aktive, velartikulerte og omgjengelege, med god kontroll både når det gjeld familieliv, venekrets, arbeid og karriere.

Foreldra som eg har hatt som informantar har vore opne og imøtekomande, men det har vore krevjande å etablere tettare relasjonar og kome nært innpå mine kontaktar sitt kvardagsliv. Mi rolle i felten har veksle ifrå å vere ung forskar-spire, til ein slags nyfiken kjenning av familien som gjerne vil vite stort og smått om familien og barna. Rolla eg har fått tildelt ber òg preg av at eg ikkje har eigne barn og den erfaringa det inneber. Dermed er det informantane som sit med ekspertkunnskapen, med meg som ein lærevillig, men uerfaren etterdiltande læresvein. Eg har vekselvis observert og stilt undrande eller nyfikne spørsmål, delteke i daglegdagse gjeremål, og har fått god erfaring med barnesnakk og pludring med babyar og barn. For å ta steget frå uforpliktande kontakt gjennom babyaktivitetar, til heimevitjingar og tettare kontakt, har eg gjennomført eit innleiande intervju med foreldra,

¹³ Begrep brukt av blant andre Borneman 2001; Butler 2006.

Eit intervju vart av foreldra oppfatta som noko konkret og avgrensa som var typisk for ein *forskar*, noko som var med på å *ufarleggjere* besøket gjennom at det fekk eit bestemt *mål*. Intervjuet introduserte meg for familien sine daglegdagse vanar og rutinar, og eg fekk eit overordna blick over familie- og samlivssituasjonen gjennom generelle data om bustad, arbeidssituasjon, fritid, familieforhold og omgangskrets. Men om intervjuet gjorde overgangen til å delta i lausare kvardagssamhandling lettare, er ikkje sikkert. Særleg i starten, var det vanskeleg å vere på vitjing utan at informantane gjekk ut av sine kvardagsrutinar for å vere tilgjengelege for meg.

Eg vil no gjere ein kort presentasjon av dei viktigaste informantane mine, som du vil møte att i dei komande kapitla. I løpet av feltarbeidet har eg vore i kontakt med mange foreldre og familiar. Nokre har eg brukt meir tid saman med, andre har eg berre snakka med så vidt, eller fått gjort enkle intervju eller samtalar med. Ettersom arbeidet med analysen har vakse fram, har nokre informantar fått meir plass i oppgåva enn andre. Nokre fordi dei skil seg litt ut i frå dei andre, andre fordi dei tener til eksempel på erfaringar eller gjengse oppfatningar som går att i informantgruppa som heilskap.

Heidi og Jan-Egil

Heidi (40) og mannen Geir Egil(42) er gifte, og har sonen Olav på åtte månader saman. Båe har vore gifte ein gong tidlegare, og Jan-Egil har barn frå det tidlegare ekteskap som han og ekskona har delt omsorg for. Olav kom raskt etter at Heidi og Jan-Egil møttest, og dei bur no i rekkjehus i eit såkalla småbarnsvennleg nabolag. Heidi er no heime i fødselspermisjon, og planlegg å forlenge heimeperioden med litt ubetalt permisjon før ho går attende til sin akademiske jobb.

Dina og Bård

Dina (35)¹⁴ og Bård (35) er sambuarar, og foreldre til guten Emil på 15 månader. Dina er akademisk utdanna og arbeider i det offentlege, medan Bård arbeider i helsesektoren. Dina kom til Noreg som arbeidsinnvandrar for om lag ti år sidan. I løpet av feltarbeidet flytta familien frå Oslo til ein mindre by, der dei no bur i eit rekkjehus. Dina byrja i arbeid då Emil var om lag eit halvt år, slik at Bård har teke mykje av primæromsorga for Emil i ein periode før Emil byrja i barnehage litt før han fylte eitt år.

¹⁴ Alderen på informantane viser til januar/februar 2010, starttidspunktet for feltarbeidet.

Elise og Bendik

Bendik (33) og Elise(37) er sambuarar og har saman jenta Oline på ni månader, i tillegg til at Elise har ein gut på 9 år som vekslar mellom å bu hjå henne og faren. Bendik er altså stefar på «deltid», i tillegg til å no ha vorte far til Oline. Dei bur i ei bygardsleilegheit i eit sentrumsnært område. Elise er lærar, Bendik er journalist. Paret er dei blant mine informantar som er mest uttalt opptekne av likestilling, og har gjort det slik at Bendik tek ut 4 månader fleksibel permisjon, det lengste blant informantane.

Anne Lise

Anne Lise (33) har babyen Mathea på åtte månader saman med sambuaren Bjørn (48). Anne Lise er førskulelærar, medan Bjørn er sjølvstendig næringsdrivande. Familien bur i ein einebustad dei har totalrenovert. Det er Anne Lise som har teke ut fødselspermisjonen, og planlegg å utvide med noko ubetalt permisjon, slik at Mathea ikkje treng byrje i barnehage før ho er halvanna år.

Anette

Anette (27) er sambuar med Espen (25), og har guten Oliver på åtte månader. Anette er kunstutdanna, medan Espen er i ferd med å avslutte sine universitetsstudiar. Dei bur i ei sentrumsnær bygardsleilegheit. Som student har ikkje Espen rett på fødselspermisjon, og Anette har hatt primæromsorga for Oliver heile tida. Anette er blant mine informantar som er mest konservativ i form av å vektleggje mor som viktigaste omsorgsperson for barnet, og er den som er mest skeptisk til bruk av barnehage.

Solgunn og Halvard

Solgunn (39) og Halvard (44) er gift og bur i ei moderne innreidd leilegheit i ein fleirmannsbustad. Dei har to barn, babyen Benjamin på ni månader, og ein eldre gut på ni år. Solgunn arbeider innan design, Halvard som siviløkonom. Solgunn er no heime i permisjon, og sidan Halvard er sjølvstendig næringsdrivande, vil hans del av permisjonen falle bort.

Avrunding

I dette innleiande kapitlet har eg presentert hovudproblemstillinga mi og skissert opp det teoretiske rammeverket eg har bygt oppgåva mi ut i frå. Vidare har eg introdusert lesarane for feltarbeidet, informantane og det datamaterialet oppgåva byggjer på. Eg vil no bevege

meg over på kapittel to, der ser nærare på den norske kulturkonteksten mine informantar er ein del av, med spenninga mellom individualistiske og relasjonelle verdiar som hovudtema.

2 Individ og familie

Synet på foreldreskapet, korleis det blir forstått og praktisert, er i stadig endring, der implisitte og eksplisitte forventingar til det å ha barn kjem frå mange hald i samfunnet, verkar saman og utgjer kvardagen til småbarnsforeldre. Eg vil i dette kapitlet sirkle meg inn på mine informantar og deira konkrete livskontekst gjennom først å sjå nærare på kva for verdigrunnlag og forståing av individ og familie som kjenneteiknar den norske kulturkonteksten, og dannar rammeverket for informantane sine individuelle preferansar og ideal som mødrer og fedrar. Meir konkret, vil eg ta føre meg forholdet mellom *individualistiske* og *relasjonelle* (familie-)verdiar. Eg vil sjå nærare på korleis eit samfunn prega av individualisme samstundes kan ha eit sterkt fokus på det relasjonelle i familien. Eg vil argumentere for at mine informantfamiliar er midt i dette spennet, mellom på den eine sida individuelle verdiar, og på den andre sida familiære verdiar. Eg finn det særleg interessant å vise korleis informantane forhandlar eller balanserer mellom desse ytterpunkta, der dei skaper og formar sine eigne stiar undervegs. Dette vil eg setje inn i eit livsløpsperspektiv, der eg tek føre meg overgangen frå å vere individ og par, til å bli foreldre og utgjere ein ny familie. Eg vil sjå informantane sine personlege forteljingar knytt til danninga av ein eigen familie, og setje dette saman med deira eigne tolkingar og forklaringar på dei forandringane det å få barn har medført i deira liv.

Moderne individualisme

Om ein kan tale om ei form for norsk kulturkontekst, bli individualismen, med vekt på det frie, sjølvstendige mennesket, gjerne trekt fram som eit av kjenneteikna. Ei stor mengd litteratur omtalar og tek føre seg korleis den norske kulturen, og også det vestlege samfunnet meir generelt, er dominert av individualismen som grunnleggjande kulturtrekk (sjå m.a. Gullestad 1992; Solheim 2007; Strathern 1992). Eit spesifikt individualistisk verdigrunnlag ligg til grunn for vår forståing av subjektet og individet. Solheim forklarar det slik at individualisme konstituerer ein eigen sosial orden, der individuell valfridom er kjernen. Solheim set vår tids individualisme inn i ein historisk kontekst, og viser korleis individualismen som samfunnsform er bunde nært saman med opplysningstida og framveksten av dei nye ideala og det nye menneskesynet som då vaks fram. Opplysningstida er kjenneteikna av ei gryande tru på mennesket og individet, parallelt med

ein framvekst av den moderne naturvitskapen. Vitskapen tek over den særskilde stillinga religionen tidlegare hadde i samfunnet, og religiøse lover vert erstatta med naturlover. Mennesket stiller seg sjølv i sentrum, og ideen om individuelle rettar trer fram. Eit grunnleggjande premiss for individualismen som samfunnsform er privat råderett, der retten til å råde over seg sjølv, uttrykt med John Lockes kjende ord «Every man has a property in his own person», legg grunnlaget for framveksten av dei nye ideane om fridom og sjølvråderett (sitert i Solheim 2007:27). Solheim meiner at det moderne individet slik utgjør ein særdeles meiningsmetta kulturell kategori, djupt innprenta i eit sett av sosiale relasjonar, reglar og konvensjonar (ibid). Ideane som her spring fram, kan seiast å gjennomsyre vårt samfunn, og manifesterar seg i både nasjonalt og internasjonalt lovverk¹⁵, så vel som i samfunnet sine uskrivne reglar.

Saman med ei sterk individorientering, der egalitet er eit sentralt *cultural theme*, som Gullestad formulerer det i *Kitchen-table society* (2001), er den norske forma for individualisme tett knytt til forståinga av likestilling. I norsk kontekst set ein som regel likskapsteikn mellom likestilling og *kjønns*likestilling, altså likestilling mellom kjønna. Det er denne tydinga av likestilling eg held meg til i oppgåva. Gullestad viser til eit eldre studie av J.E. Barnes, der nordmenn sine sosiale relasjonar rettar seg inn mot å stadfeste og generere likskap heller enn å framheve forskjellar (2001:40-41). Gjennom å forstå egalitet som sosial likskap, som å vere og gjere det same, blir all form for forskjell problematisk, inkludert kjønnsforskjell. Dette blir henta opp i velferdsstaten sine politiske målsetjingar om å tryggje innbyggjarane sine rettar gjennom å sørge for lik behandling uavhengig av kjønn. Individet har rett til å bli behandla som kjønnsnøytralt, og er både unikt og egalt på same tid. Individet har tillit til at staten tek vare på individuelle rettar (Vike 2004), og Helga Hernes si analyse av «den kvinnevenlege staten» har synleggjort ei utvikling der grasrotrørslar, organisasjonar, forskingsmiljø og statleg politikk har spelt på lag og drege i same retning for å gjere feminisme og likestilling til viktige verdiar i den norske velferdsstaten.

Denne vektlegginga av likestilling mellom kjønna, syner seg òg i måten ein tenkjer om relasjonar mellom menneske. Relasjonar baserer seg på tanken om å vere kvarandre sine likemenn, og i eit parforhold, til dømes, er prinsippet om ein relasjon basert på to frie og likestilte individ nærast sjølvinnlysande. Dersom individuell valfridom er eit kjernebegrep

¹⁵ Eksempelvis vår eiga grunnlov og FN sine menneskerettar.

for det moderne individet, korleis skal ein då forstå det *naturlege som ikkje kan veljast*, nemleg det tilsynelatande udiskutable i slektskapsrelasjonane?

Slektskap

På eit vis kan ein seie at slektskap er det motsette av individualisme. Det å vere knytt saman gjennom slektskap, om det er snakk om foreldre-barn-relasjonen eller slektskap mellom sysken, er knytt til fokus på det kollektive, på samhald og det å setje andre sine behov før sine egne. Slektskap blir forstått som å utgjere ein relativt varig relasjon mellom bestemte individ, som sjeldan vert broten. I motsetning til dei fleste andre relasjonar, er slektskapsrelasjonen sett på som noko som ligg utanfor det frie val. Som barn er ein avhengig av omsorgspersonar rundt seg, og når foreldre trer inn i denne omsorgs- og forsørgjarrolla, er det med ei forståing og ei forventning om at det er eit varig ansvar. Har ein fyrst vorte foreldre, kan ein ikkje velje det bort ettersom ein finn det for godt. Ein er forplikta til å oppretthalde bandet, og la barnet sine behov få prioritet føre egne ynskjer. Denne «uoppløyselege» relasjonen som vert skapt mellom foreldre og barn, står dermed i motsetning til andre typar relasjonar som ein i større grad sjølv vel om ein ynskjer å inngå, oppretthalde eller bryte. Familierelasjonane sin uoppløyselege karakter, bygd på ein indre solidaritet, kontrasterer individualismens sentrering rundt egne behov og ynskjer, der relasjonar er bygde på likestilt gjensidigheit og valfridom.

Den amerikanske slektskapsforskarer David M. Schneider (1980) tek i verket *American kinship* føre seg slektskap som eit kulturelt symbolsystem. Hans studie av slektskap hjå den kvite middelklassen i USA, viser korleis *blodsband* og førestillinga av at *blod er tjukkare enn vatn* er ein premiss for dette systemet. Blodsband, eller ideen om *delt substans*, vert lagt som grunnlag for nære, stabile relasjonar i ei elles kaotisk og flytande verd. I kraft av slektskapsbanda, vert relasjonar mellom foreldre og barn *naturlege relasjonar*. Eit individ kan ha ein eks-partnar, men ikkje eit eks-barn, ei eks-mor eller ein eks-bror. Det varige og faste i slektskapsrelasjonane, er det som gjer relasjonane ekstra meningsfulle. Ein finn eit haldepunkt i det naturleggjorde, *det som ikkje kan veljast*. Schneider bevegar seg her på eit symbol- eller meningsnivå, som ikkje nødvendigvis samsvarar med den praktiske utøvinga av slektskap. Det er ikkje noko i vegen for at slektskapsrelasjonar i praksis kan bli brotne, noko som òg i mange tilfelle skjer. Men poenget her, er at det er mange komponentar som spelar inn som gjer desse relasjonane ekstra sterke og robuste mot å bli brotne, der

individuelle preferansar samsvarar med samfunnsmessige forventningar. Førestillinga av det varige solidaritetsbandet i familien, bunde saman av ein *naturleg*, men noko diffus emosjonell kjærleikskomponent, gjer at mange går langt for å bevare sine næraste slektskapsrelasjonar.

Vektlegginga av det individuelle ekskluderer altså ikkje ei vekt på slektskap, familierelasjonar og familieverdiar. Tvert imot, blir dei relativt faste rammene i familien gjerne framstilt som eit ideelt utgangspunkt for å skape autonome og egalitære individ. Familien blir individet si faste, trygge base der individet får vere seg sjølv og utvikle seg fritt. Paradoksalt nok, kan ein altså seie at det er nettopp i familien at individet trer fram og får sin individuelle identitet. I si analyse av det engelske slektskapssystemet, er Marilyn Strathern inne på noko av det same:

«We might consider, then, how the particular social relationship of parent and child generates the image of the child not just as son or daughter but as a unique individual. Indeed, we might consider the individuality of persons as the first fact of English kinship» (Strathern 1992:14).

Strathern skildrar forståinga av slektskap i det moderne England som noko som står utanfor det teknologiske og politiske plot, noko som lid under endringar, heller enn å vere ei kraft for endring. Slaktskap er noko arketypisk tradisjonelt – ei antitese til det moderne livet.

Strathern si analyse av det engelske slektskapssystemet kan ikkje direkte overførast til norske forhold. Danielsen og Mühleisen (2009) vektlegg korleis ein i Noreg har utvikla eit *relasjonelt* syn på familietilhøyre. Mor-barn-relasjonen og far-barn-relasjonen er definerande for foreldra, noko som inneber at foreldre til ei kvar tid sjølve er ansvarlege for om relasjonen til barna er *bra nok*; at dei er tilstrekkeleg *gode foreldre*. Å ha eit godt og balansert familieliv er ein indikator på eit vellukka liv, der ein harmonisk, likestilt heim indikerer ei vellukka praktisering av foreldreskapet. Synet på slektskap som relasjonelt, gjer altså at det er noko som ein stadig må utøve og pleie for å ta vare på. Slektskapstilhøyret som noko medfødd ligg i botnen, men for å fyller relasjonane med meiningsinnhald, må dei pleiast aktivt. Å ha gode familieforhold, kan i denne tolkingsramma sjåast som resultat av hardt arbeid.

Både individualistiske og relasjonelle (familie-)verdiar er altså noko ein finn att i den norske kulturkonteksten, eksisterande som to parallelle verdigrunnlag. Familieverdiar og varige

familierelasjonar vert verdsett kulturelt og underbygde gjennom gjeldande politikk (Howell 2001b:205), samstundes som norsk kultur er sterkt prega av individualisme (Gullestad 1992). Malin Noem Ravn beskriv det slik at norske kvinner og menn på den eine sida er forventa å vere uavhengige og skape individuelle meiningsfylte liv, verdset sjansen til å realisere seg sjølv gjennom reiser, utdanning, karriere og kjærleiksforhold, medan ein på den andre sida ser på heimen og familierelasjonar som fundamentale for eit godt liv, innskrive i individ sine ynskjer om å få barn og stifte eigen familie (Ravn 2005:45). Eg vil no sjå litt nærare på korleis mine informantar fortel om seg sjølv frå tida før dei fekk barn og fram til barnet kom, og bruke dette for å belyse korleis ein kan forstå spennet mellom desse individualistiske og relasjonelle verdiane.

Foreldreskapet i eit livsløpsperspektiv

Mine informantar ser det som sjølvsagt å ynskje seg barn ein gong i livet. Det er noko dei fleste tek for gjeve, på line med å skaffe seg arbeid eller kjærast/partnar. Ynskje om barn er noko nærast sjølvinnlysande, som også familie og vener forventar skal skje. Men tidspunktet for å få barn er opp til kvar enkelt. Dette tidspunktet vil variere med sosial og kulturell bakgrunn, miljø og omgangskrets, men mange har klare oppfatningar av når det høver, og når det *ikkje* høver å få barn. Blant anna er det ein del ting som *bør vere på plass*, eller vere unnagjort før ein får barn, noko som avgrensar tidspunktet det er forventa å få barn. Tal frå SSB (2011b) henta frå tabellen *Foreldrenes gjennomsnittsalder ved fødsler 1946-2010*, viser at alderen for førstegongsfødande her til lands har stige jamt dei siste tiåra. Frå ein gjennomsnittsalder på 23,4 år for kvinner og 26,0 år for menn i 1970, er alderen i 2010 28,2 år for kvinner og 30,8 år for menn. Alder på førstegongsfødande er også eit spørsmål om demografi. I Oslo ligg gjennomsnittsalderen om lag 2 år høgare enn landsgjennomsnittet for både kvinner og menn. Hadde eg gjort feltarbeid i bygde-Noreg, eller på ein annan kant av byen, hadde eg antakeleg enda opp med ein lågare gjennomsnittsalder på informantane i studien.

Blant mine informantar har det ikkje vore spørsmål *om* ein skal få barn, men *når*. Det handlar om *timing* – tidspunktet for å få barn må stemme overeins med livssituasjonen. Dette stemmer godt overeins med materialet eg finn i doktorgradsavhandlinga til Malin Noem Ravn (2004), der ho viser korleis det å få barn høyrer heime i ein bestemt periode i livet, i ein

bestemt livssituasjon. Det å verte foreldre for tidleg er ikkje sett på som gunstig, samstundes som det er visse biologiske avgrensingar som gjer at ein heller ikkje må vente for lenge. Fleire av mine informantpar har opplevd å ikkje få barn med det same dei byrja prøve, men har måtta venta lenger enn det dei opplevde som ideelt eller behageleg, før kvinna endeleg vart gravid. Solgunn og Halvard fekk det første barnet då ho var rundt 30 år. Dei hadde ikkje rekna med å få fleire, då Solgunn vart gravid att då ho var rundt 39 år. Dei ser på vesle Benjamin som ein real bonus. Likevel skil ikkje alderen til Solgunn seg særskilt ut mellom mine andre informantar, der snittalderen er godt over tretti.

Proessen med å få barn startar som regel med å «rydde plass», både i praktisk og overført forstand, hjå dei komande foreldra. Fast inntekt, hus, bil og eit etablert samliv er nokre av dei forventa *kriteria* som bør vere haka av på lista innan barnet er på veg. Det er viktig å skape ein trygg heim for barnet. Når det gjeld val av bustad, vert eit ynskje om større bustad med større plass og gjerne med tilhøyrande hage gjerne sett i samanheng med ynskje om å få barn. Boltreplass for barna og stabile, «barnsvenlege» nabolag står på ynskelista. Det å kjøpe eigen bustad treng ikkje stå i direkte samanheng med det å få barn, det å eige sin eigen bustad er generelt høgt verdsett i Noreg. Men val av stad, storleik og måten bustaden blir brukt, vert påverka av valet om barn. Bustaden skal omformast til ein *heim*, han skal dekorerast og gjerast «heimekoseleg», og bidra til eit godt oppvekstmiljø for barnet. Eit par av mine informantpar flytta ut av Oslo i løpet av feltarbeidet. Bylivet, med kafear og kulturtilbod i beinveges avstand, blir til ei viss grad valt bort, men informantane ynskjer å bu slik til at dei utan vanskar kan nytte tilbodet i byen med jamne mellomrom. Dei fleste vel difor å busetje seg i relativt bynære område, med «kort veg til både byen og marka¹⁶». Valet om å flytte ut av bykjernen, kan slik sett koplant til eit norsk ideal om nærleik til skog og natur, der det urbane først og fremst dekkjer eit behov hjå dei vaksne i ein bestemt livsfase, men som ikkje vert rekna som særleg gunstig som oppvekstmiljø for små barn, noko nærleiken til naturen kan rette opp. Mange av informantane er òg sjølv innflyttarar, og ser på livet i bykjernen som noko som står godt i stil med det frie tilveret før dei fekk barn, men som er ueigna som miljø for barn å vekse opp.

Mine informantar har vore opptekne med utdanning, reising, jobb og karriere før dei fekk barn. Dette passar godt inn i ideen om individualisme og sjølvrealisering. Men kvifor passar

¹⁶ Marka refererer her til skogsområdet Nordmarka som omkransar nordvestsida av Oslo.

det ikkje å få barn før etter at denne perioden er tilbaketrukket? Mine informantar snakkar om korleis unge foreldre kan vere uansvarlege og ha behov for å fokusere på seg sjølv, noko som gjer det vanskeleg å møte barnet sitt behov. Dei er på ein måte ikkje heilt ferdig med ungdomstida (som i dag varer til langt inn i 20-åra), og før behovet for sjølvrealisering og sjølvsentring er dekt, er det ikkje bra å få barn. Gjennom først å fokusere på å utvikle seg sjølv, uttrykt som til dømes å «finne ut kven ein er og kva ein vil i livet», vil ein betre vere i stand til å gje barnet den merksemda og fokuset det treng og har krav på. Om ein får barn tidleg, kan ein risikere å angre på ting ein ikkje fekk gjort før ein fekk barn og vart meir *låst*. Ein ting som vert trekt fram som positivt ved det å få barn tidleg, er nettopp at det gjer ein meir vaksen og ansvarleg.

Mødrene er også opptekne av den biologiske sida ved det å få barn, og mange tenkjer over dei medisinske råda om at ei yngre mor kjem seg raskare etter fødselen og at kroppen har best godt av å få unna fødslane før ein er komen for langt opp i 30-åra, samt at fertiliteten er høgast og sjansane for å få eit friskt barn er størst hjå yngre fødande. For Anne Lise og Bjørn, som enda opp med å måtte gå til hormonbehandling før Anne Lise vart gravid, var det slik at dei gjerne kunne tenkt seg at barnet kom før, men når dei hadde «alt det andre på plass», og var klare til å få barn, skjedde det ikkje så raskt som dei skulle håpe. Dei hadde «feilberekna» litt.

Forventningar til det å bli foreldre

Barn er ikkje noko ein berre *får*, dei er gjerne resultat av foreldre si planlegging. I si omtale av den seksuelle frigjeringa, familieplanlegging og abortlovgjeving, påpeikar Marit Melhuus at denne historiske utviklinga ikkje berre inneber at kvinner har fått kontroll over eigen kropp, men òg er knytt til førestillingar om at barn skal vere *ynskte* (Melhuus 2001:58). Det å få barn bør helst vere eit bevisst val, det bør ikkje skje på slump, men innanfor kontrollerte rammer og til bestemte tider, i ei bestemt livsfase. I Noreg er aborttala høgast blant kvinner i alderen 20-24 år, ein alder som i helsesamanheng gjerne vert trekt fram som den mest gunstige alderen å få barn i, biologisk sett. Ut i frå aborttala, kan det sjå ut som det er verre for eit barn å kome til verda på eit «ugunstig» tidspunkt, enn å verte fødd i det heile.

Lenge før barnet er på veg, har paret ei forventning om at noko skal forandre seg når dei får barn; dei forventar at dei vil oppdage nye sider ved seg sjølv, dei vil få andre behov og

prioriteringar, og kvardagen vil sjå annleis ut. Forventninga om forandring knyter seg til mange ting, men for mange er det naturleg å sjå til sine eigne foreldre eller til jamgamle vener som alt har fått barn, for å setje saman eit bilete av kva denne forandringa skal innebere. Mine informantar har ikkje diskutert det konkrete innhaldet i denne forandringa seg imellom før dei fekk barn, men fortel at dette var noko dei hadde rekna med, men som dei ikkje heilt visste det fulle innhaldet i.

Barnet har krav på å få alt tilrettelagt når det kjem til verda, både praktisk, materielt og når det gjeld merksemd, omsorg og fokus frå foreldra. Fleire av informantane har gjeve meg kommentarar som at «hun går helt opp i morsrollen», eller «babyen tar virkelig all min oppmerksomhet», utsegn som gjerne blir sagt på ein spøkjefull måte, men som samstundes blir sett som eit positivt, vanleg og forventa scenario. Babyen fortener alt fokuset han kan få, og har behov for «uendelig med kjærlyghet». I fylgje Marshall Sahlins, er dei nære relasjonane i familien kjenneteikna av ei nærast grenselaus yting, ein ueigennyttig resiprositet (Sahlins sitert i Smedal 2001:30). Men denne generaliserte resiprositeten er blant mine informantar basert på eit fritt val, eit ynskje om barn, eit individuell målsetjing om å ta på seg ansvaret for eit barn og danne ein familie.

Foreldra gler seg til å starte det dei kallar eit strukturert familieliv. Å leve det som blir omtalt som eit typisk A4-liv med fast jobb, to barn og rekkjehus, blir på den eine sida omtalt som litt keisamt og traust, litt lite spanande. Informantane understrekar at dei jamvel om dei no har blitt foreldre, ikkje er *satt*: «man kan gjøre mye spennende sammen med barn!». Samstundes ser A4-livet ut til å vere nettopp det dei ynskjer seg og trivast med: «det er jo dette [å få barn] livet handler om, og da blir faste rammer litt ok, da...». Foreldra ser tilbake på sin eigen barndom og verdiar dei har fått med seg derifrå, og er ivrige på å få etablert sine eigne familierutinar og faste aktivitetar. Det å gjere noko saman som ein familie, som til dømes å ete middag saman, besøkje besteforeldre, eller ta med barnet på skitur med appelsin og kakao i sekken, stadfestar at dei no er ein familie.

Heidi si forteljing: eit etterlengta barn

Eg og Heidi er heime på hennar vesle, men lyse og trivelege kjøkken. Ho står ved kjøkkenbenken og hakkar løk, medan eg sit ved kjøkkenbordet med ein kopp varm te i hendene. I stova vert minstemann Olav passa av sine eldre sysken. Ute skin vårsola på den

vesle hageflekken som er fylt opp av sykler, hagemøblar, barnevogn og ein stor, blå trampoline. Heidi surrar løken i panna til han blir mjuk og blank, før ho har i ein pakke fersk kjøtdeig som ho steikjer saman med løken. Det skal bli pasta med kjøttdeig og tomatsaus til middag. Eg lurar på korleis det var for Heidi å gå frå ein hektisk jobb med forskarkarriere, til å bli mamma og vere heime med vesle Olav:

«Nei, det er helt topp! Jeg har jo – altså – jeg har jo alltid ønsket barn, men min eksmann ville ikke ha barn, så det var jo en av årsakene til at det forholdet ikke gikk. Jeg begynte å bli gammel da, hehe, så da jeg møtte Jan-Egil så ble det liksom full pakke med en gang¹⁷.»

Marit: «Kan du seie noko meir om grunnen til at du fekk barn såpass seint? Eller, seint...»

Heidi: «Jojojo, det er jo superseint, jeg fylte jo førti nettopp, hehe... Ja, nei, det var fordi min eksmann ikke ville ha barn, rett og slett. Jeg var jo liksom klar fra jeg var tredve sånn omtrent, og prøvde å påvirke han og så videre og så gikk ikke det, og så – ja, så da møtte jeg Jan-Egil, og da var det liksom et av kriteriene. Hvis han da hadde sagt at «nei, ingen flere barn»¹⁸, så hadde jeg kommet til å sagt «hade» til ham, for jeg ville ikke ha enda en mann som ikke ville ha barn.»

Marit: «Hm – men trur du det er nokon fordelar med å vente med barn?»

Heidi: «Ja, men ikke så lenge som jeg gjorde. Jeg tror ikke, altså, jeg synes det er litt vel seint sånn å bli ni-og-tredve liksom, før du får barn, men å bli noen-og-tredve, det tror jeg kan være en fordel på mange måter, for da – altså, man har jo – sjøl om jeg skifta jobb rett før jeg fikk han, da, så har jeg liksom fått bevist litt mer i jobben min enn hvis jeg hadde vært i min gamle jobb. Da hadde jeg kanskje lent meg litt mer tilbake og slappa mer av, da. Men hvis man er ung og nyutdannet når man får barn, så er det kanskje litt mer stress. Du skal komme tilbake i jobben og du skal ha en

¹⁷ Eg har valt å nytte bokmål der eg siterer informantane sine ytringar og utsegner. Kanskje ville eg oppnådd ein betre språkleg flyt om eg hadde heldt meg til nynorsk gjennom heile teksten, men då dei fleste av mine informantar har dialektar som ligg tettare opp til bokmål enn til nynorsk, er dette språklege grepet med på å ivareta klangen i informantane sin måte å ordleggje seg på, og den språklege kontrasten mellom meg og informantane gjer at teksten kjennest nærare feltsituasjonen.

¹⁸ Mannen til Heidi, Jan-Egil, har tre eldre barn frå sitt tidlegare ekteskap.

karriere og så vidare. Og for meg så er det litt sånn – altså, jeg føler jeg har jobba og slitt så mye i alle de år, så det er helt fantastisk og deilig å være hjemme og slappe av litt, da (latter). Men når de er sagt, så jobber jeg jo litt i permisjonen også, da. Jeg har jo skrevet litt på noen artikler og skrevet på litt søknader og veiledet et par stipendiater og... (latter), men det er ikke mye jobb altså, men det er litt innimellom. (...) Men altså, fordelene med å være eldre er jo kanskje at man har mer ro over seg, og man er liksom helt klar for å få barn, det er ikke noe, det er ikke noe tvil. Det er i hvert fall sånn jeg opplever det, da.»

For Heidi var det altså *ingen tvil* om at ho ville ha barn. Ho følte at tida var i ferd med å springe frå ho, så når ho først treffe sin noverande ektemann, blei det *full pakke med en gang*, som ho seier. Det gjekk berre nokre månader før barnet var på veg. Fram til Heidi møtte ektemannen sin, levde ho eit veldig aktivt liv. Ho har reist mykje, både i samband med arbeid og ferie, og har tidvis budd i utlandet. Ho har ei lang utdanning bak seg, og på fritida har ho vore aktiv i kulturlivet, gått på kino, teater og konsertar, og reist på turar. Ho er også glad i å kome seg ut i naturen. Men i ein periode då ho opplevde at hennar eksmann vart sjuk, forandra den aktive livsstilen seg til å bli meir inaktiv og stillesittjande. Ho følte at situasjonen gjorde henne meir fastlåst, at ho ikkje kunne treffe venninner og reise bort på same måten som før. Når det gjeld det å ha plikter og ikkje kunne vere like impulsiv som før, har ho ikkje opplevd å ta noko av den omlegginga før ho fekk barn. Overgangen til å bli mor har ikkje vore så stor på det området. Ho opplever å ha minst like god til å treffe venninner no enn ho har hatt i periodar tidlegare i livet.

Det å få barn utløyser andre måtar å vere seg sjølv på, andre fokusområde og andre sider ved individet blir sett i sving. Heidi sitt ynskje om barn gjennom mange år, har førebudd ho på den rolla som venta henne. Ho har gledd seg til denne tida då ho kan trappe ned i jobben og nyte mammarolla. Ho har fleire venninner med små barn, og set pris på å kunne treffe desse oftare i denne perioden, der det å ha barn er noko dei no har til felles. Prioriteringa frå å fokusere på eiga karriere til å prioritere den vesle babyen og familien generelt, er noko Heidi har sett fram til, og som ho ser som meningsfullt og viktig som ein sentral del av livet.

Anne Lise si forteljing: å leggje ting til rette

Anne Lise møtte mannen sin gjennom felles friluftslivsinteresser, og dei har vore mykje ute på turar saman før dei fekk vesle Mathea. Anne Lise, som er førskulelærer, har mykje både

praktisk erfaring og teoretisk kunnskap om barn og barndom. Med babyen på fanget, saman med ein haug av leiker i ulike fasongar og fargar, er Anne Lise plassert på eit fargerikt vattert teppe på golvet i stova. Anne Lise leikar litt med Mathea og prøver å halde henne i aktivitet og godt humør, held opp leiker framfor ansiktet hennar, trykkjer på leikene så dei lagar ulke lydar, medan eg stiller spørsmål:

Marit: «Men det med tidspunkt å få barn; var det planlagt at de ville ha barn akkurat no?»

Anne Lise: «Nei, vi har jobbet med å få det i tre år, vi. Det tok tre år før hun kom. Så – vi ble enige om å begynne å prøve, og så hadde jeg først tre spontan-aborter, og så gikk vi gjennom litt hormonbehandling fra Rikshospitalet før hun kom.»

Marit: «Så det var ikkje planlagt at de ville vente?»

Anne Lise: «Nei, ikke egentlig. Eller – vi ventet jo en stund, altså, vi hadde vel vært sammen i syv år, tror jeg, før vi begynte å prøve (vi blir avbrotne av Mathea ein augneblunk, før Anne Lise rettar fokus tilbake til samtalen igjen) – Men da hadde vi kjøpt hus, og her har vi totalrehabilitert, og vi har gjort alt selv og sånn, så da var det sånn at når det var nesten på plass, så var vi klare for å få barn. Og så, ja så drøyde det litt ekstra. » (babyen lagar lydar igjen, og Anne Lise lagar babylydar og snakkar med lys stemme til babyen).

For Anne Lise var det naturleg å blir ferdig med sjølvrealisering gjennom reiser, friluftsliv og aktivitetar før ho fekk barn. Å lage i stand huset, *to make a nest*, var ein måte Anne Lise og Bjørn som par førebudde seg på å bli foreldre. Bjørn er ein «handy-man», som Anne Lise seier, og sjølv trivast ho òg med praktisk arbeid. Oppussinga har vore lystprega og eit felles prosjekt som har fått ventetida til å få eit meningsfullt innhald. Gjennom erfaringar frå arbeidslivet, har Anne Lise god kjennskap til kva det vil innebere for dei sjølve å bli foreldre. Ho var godt førebudd på kor mykje arbeid det kom til å bli, og at det meste av dette ville falle på ho det første året. Ho navigerer godt mellom alle råd og instruksar foreldre blir bombardert med gjennom medieoppslag og liknande ved å stole på si eiga magekjensle for kva barn treng og har behov for, og synest at andre foreldre er litt sytete i si framstilling av «den store omlegginga». Ho meiner at det å få barn inneberer ei omlegging, men at det er

foreldre sitt ansvar å gjere denne omlegginga på ein god måte, slik at både barnet og dei sjølv har det bra. Det blir feil å klage på for lite tid til seg sjølv når ein har valt å få barn.

Med desse ideane i bakhovudet blir det klart for meg at det å få barn ikkje eigentleg treng å bli forstått som eit brot med individuelle verdiar; det kan òg vere ein måte å realisere seg sjølv på, både som individ og som par. Få i Noreg har eit ynskje om *ikkje* å få barn, og det blir sett som eit naturleg ynskje. Det å få barn blir skriva inn i eige livsløp som ein naturleg og forventa progresjon. Å få barn er det *normale*, medan å aktivt velje å ikkje få barn, i mange tilfelle krev ei forklaring. Vegen til det gode liv, går for mine informantar gjennom det gode *familielivet*. Avkallet på individuell fridom til fordel for ei fast forankring i familien, blir ein måte å skape seg sjølv på nytt på, ei form for sjølvrealisering der foreldreskapet er ein ny, men forventa dimensjon av livet.

Barnet som endringsmarkør

Som eg har vore inne på, inneber det å få barn ei omstilling, ei forandring i tilveret. Dei nybakte foreldra får eit nytt individ å ta hand om i tillegg til seg sjølv, og foreldra får status som mor og far. Å bli foreldre kan sjåast som ei form for overgangsrite, eit *rite de passage* (Gennep 1999); ein går frå å vere sine foreldres barn til sjølv å få barn, ei slags ikkje-reverserbar statusendring.

Det å få barn blir òg framstilt som eit endeleg steg inn i vaksenlivet. Ved å få barn gjev ein slepp på noko av fridomen frå ungdomsåra og det tidlege vaksenlivet, og må etter kvart ta omsyn til familieforplikingar og blir meir bunden enn før ein fekk barn – og, for å vende attende til Schneider (1980); det er «uråd», i form av at det er moralsk forkasteleg, å oppløyse foreldre-barn-relasjonen når den først er inngådd. Slik sett kan kanskje spenninga mellom eit individualistisk og eit relasjonelt verdigrunnlag skildrast som ein vekselverknad gjennom livsløpet; i ungdoms- og dei tidlege vaksenåra svingar pendelen mot individet, for så å svinge over mot dei relasjonelle verdiane i etableringa av ein ny kjernefamilie.

For mine informantar ser det i alle fall ikkje ut til at ei forskyving frå å vektlegge det individuelle til fokus på det relasjonelle i familien kjem overraskande på. Dei førstegongsfødande mødrene i 30-åra og deira partnarar som utgjer mine informantar har tvert i mot venta på at denne endringa skulle finne stad, og har hatt ei forventing om eit endra innhald i kvardagen. Dei har førebudd seg, tilrettelagt, planlagt og stelt i stand, gleda seg til denne nye

situasjonen, det nye tilveret, starten på ein ny epoke i livsløpet, der fokuset ligg på nokon andre enn dei sjølve. Graviditetsperioden blir omtala som ein førebuingssperiode, både kroppsleg og mentalt, der ein gjer seg klar for morsrolla og det nye innhaldet i tilveret som det å få barn medfører. Både mødrer og fedrar har lese seg opp på *foreldrelitteratur*¹⁹, og stiller seg inn på ei forandring. Ingen av informantane har fått barn utan at det har vore *planlagt*; tidspunktet for å få barn har vorte meir eller mindre kalkulert. Informantane snakkar om viktigheita av å ha gjort frå seg studiar og utdanning før ein får barn, og meiner dei no «er ferdig med» eller «har lagt bak seg» den perioden i livet der dei har hatt behov for å ha fullt fokus på seg sjølv, og no er klar for eit nytt fokus, ein ny periode i livet. Dei er klare for å *slå seg til ro*.

Under feltarbeidet har eg fokusert på dette med prioriteringsmønster og korleis dette endrar seg når ein får barn. Individua eller para refererer til tida før dei fekk barn som ein periode med mykje fridom og fokus på seg sjølv, på fleksibilitet, reising, karriere og yrkesliv, og opplever at det etter mange år i eit hektisk arbeidsliv med høgt tempo er etterlengta å få ein «pause», eit nytt fokus, og å få tenkje på noko utanfor seg sjølv. No tek barnet all tid og merksemd, og familien og familieverdier blir oppvurdert og verdset i kvardagen. Dette kan ein sjå gjennom at informantane mine søker tettare kontakt med familien elles – særleg eigne foreldre (barnets besteforeldre), dei har anten allereie flytta til eit meir «barnevennleg strok», eller dei planlegg å gjere det, og ein brukar meir tid på familien enn ein gjorde saman med partner før barnet kom. Gjennom observasjon av episodar med usemje mellom foreldra, vert det tydeleg for meg at denne endringa i prioritering ikkje er noko som nødvendigvis kjem av seg sjølv, men at i alle fall nokre av para arbeider meir eller mindre aktivt med å få etablert.

Dina og Bård kan vere eit eksempel her. Dei er eit par som ofte småkranglar seg imellom, men med ein vennskapeleg eller humoristisk undertone. Dina blir fort irritert på Bård når han etter hennar meining brukar for mykje tid på hobbyane sine i forhold til familien. Dina kan i det eine augneblunken skryte av kor flink Bård er med Emil, for i den andre klage over hans manglande vilje til å tenkje langsiktig og planlegge for familien: «Han er fornøyd slik som det er. Hadde det vært opp til ham, hadde vi blitt boende i den trange leiligheten uten barnerom (...) Han tenker ikke langsiktig, hadde ikke spart opp noe før vi traff hverandre (...)». Bård på si side, meiner at ein ikkje treng leggje om alt og bli ein heilt anna person i det

¹⁹ Med foreldrelitteratur tenkjer eg på meir eller mindre populærvitenskapleg litteratur som omhandlar graviditet, fødsel, barseltid, foreldrerolla, barns fysiske og psyko-sosiale utvikling og helse osv.

ein får barn. Sjølv sagt er mykje forandra i kvardagen, og dei brukar tid på andre ting og prioriterer annleis no enn dei gjorde før dei fekk barn, men stort sett får ein gjort det dei vil likevel. Enn så lenge har dei bra med tid til å vere kjærastar etter at babyen er i seng om kvelden, og å gå ut på byen har dei ikkje vore så glad i før heller, så det er ikkje noko sakn.

Dina forklarar at det for henne har vore ei berg-og-dal-bane etter at Emil kom. Rutinar og vanar har måtta tilpassast, og ho ser på det som ein læringsprosess. Samspelet mellom henne og Bård når det gjeld babyen er noko dei har måtta trene opp. Babyen har ført til endringar, men dei har ikkje funne stad over natta. Det tek tid å bli kjend med babyen, og det har gått litt tid før ho har tenkt på Emil som «barnet sitt». Ho ser ikkje på fødselen som den lykkelegaste dagen i livet, men meiner morskjensla er noko som har kome gradvis og etter kvart. Ho og Bård justerer arbeidet etter kvart, og må arbeide for å tilpasse seg eit nytt prioriteringsmønster, det kjem ikkje av seg sjølv. Eit par utsegn av andre informantar, får fram nyansar i synet på korleis forventingar til det å få barn har vist seg å stemme:

«Jeg opplevde ikke noe stort skille mellom før og etter jeg fikk barn, det var ingen problemer, tiden var moden. Man justerer selvfølgelig livet deretter, men det kommer naturlig. Man er så overlykkelig over å få barnet, og så blir livet annerledes, man blir fylt av kjærlighet, det er en ny dimensjon. Det var ubeskrivelig bra, jeg tror morsfølelsen kom automatisk.» (Solgunn)

«Jeg savner selvfølgelig noen ganger å kunne gå ut med venninner eller å være mer impulsiv og kunne gjøre ting på sparket, men nå er jeg innstilt på dette. Jeg kunne aldri valgt det bort...» (Ingvild 26, mor til Sunniva på 7 mnd.)

For Solgunn ser det ut som om det å få barn har samsvart godt med det ho hadde venta. Ho ser det naturlege i å verte mor, og uttrykkjer ikkje endringa som noko ein må jobbe med eller for, men som noko som kjem meir eller mindre automatisk. Endringa er forventet, naturleg og sjølvinnlysande. Ingvild, ein av mine yngre informantar, forstår overgangen til å bli mor både som resultat av naturleg tilpassing, og som noko ein må arbeide med. Ho deler tida inn i før og etter ho fekk barn, og ser at ho no lever eit anna liv enn studievenninnene utan barn. Hennes «vaksne» val vert opplevd som eit vegskilje, men det hadde ho på førehand rekna med. Ho vil ikkje tilbake til det frie barnause tilveret, men er klar over at det å ha barn er eit slags arbeid som nokre gongar medfører å ofre litt av fridomen frå singeltilveret.

Blant mine informantar, finn eg kanskje særleg blant mødrene, ei *naturleg forskyving* frå eit individuelt fokus til eit fokus på barnet. I ein samtale med Heidi, kjem ho inn på det at det no er barnet alt dreiar seg om i livet:

«Du spurte om det er noe jeg gjør annerledes. Men jeg ser jo det da, at vi i barselgruppa, vi er veldig like. Det er liksom, alt dreier seg om disse her småttisene (latter). Så jeg vet ikke når det er vi skal komme ut av den her dvalen...»

For Heidi og hennar gjeng i barselgruppa, dreiar alt seg om barna. Heidi ser dette som noko naturleg og innlysande, og noko ho set pris på. Ho har hatt fokus på seg sjølv i så mange år at det no er fint å få fokuset over på nokon andre. Men er det eigentleg det som skjer? Eg spør meg om ein ikkje like godt kan vri på det og seie at fokuset no ligg på henne sjølv i den nye rolla som mor. Mødrene «skaper» seg sjølv som mor i relasjon til eit barn som er avhengig av henne, og utvidar sitt repertoar som individ gjennom ansvaret for barnet. Dette vil eg diskutere nærare i kapittel tre, der eg tek føre meg det kjønna innhaldet i foreldreskapet. Men før eg kjem så langt, vil eg avslutte dette kapitlet med å ta føre meg ideen om at eit barn skal vere eit fellesprosjekt mellom far og mor.

Barnet som fellesprosjekt

Informantane mine vektlegg at det å få barn er eit fellesprosjekt basert på ei felles avgjerd om at tida no er inne til å bevege seg inn i ein ny fase der ein fokuserer på barn og familieliv. Men for to av mine yngre informantar, har det ikkje vore slik:

Anette og Espen er sambuarar, og foreldre til Oliver på rundt 1 år. Anette fortel at då ho vart gravid, stilte venninner seg uforståande til hennar val om å bli mor. Kvifor ville ho ha barn allereie no, ho var då ikkje ein gong avslutta utdanninga si? Anette og Espen hadde heller ikkje budd saman særleg lenge før ho vart gravid, noko som forsterka overraskinga i venegjengen. Men for ho sjølv kjendest tidspunktet heilt rett. Ho hadde heile tida ynskt seg barn, og ho ville ikkje ende opp som ei «eldre mor»; kroppen hennar hadde best godt av å ikkje vente for lenge med å få barn, og ho ville gjere det som var mest *naturleg*. Ho opplevde at ho var klar for rolla, det var «det einaste ho verkeleg hadde lyst til». Det å verte mor var det mest meiningsfulle ho kunne tenkje seg å gjere med livet, langt viktigare enn karriere og jobbutsikter. Slik var det ikkje for sambuaren, Espen, som i utgangspunktet ynskte å vente med barn. Anette beskriv det som noko ho måtte overtyde han om, der eit slags implisitt

vilkår var at ho ville vere den som tok seg av barnet mest den første tida. Det var ho som ville ha barn, og ho prøvar difor å leggje til rette slik at faren skal få behalde noko av fridomen til å gå ut med vener og leve eit så normalt studentliv som muleg, medan ho har hovudansvaret for babyen, noko ho nyt og gler seg over. Ho bryr seg ikkje om at faren ikkje tek like mykje ansvar som det venene hennar kanskje synest han burde, og kunne aldri tenkje seg å ikkje vere heime på fulltid med barnet. Anette tek med seg barnet når ho skal treffe venninner, og det er «alltid» ho som er heime med barnet i helgene. Kompromisset ho har inngått med kjærasten, blir forklart slik at han treng litt tid på å venne seg til rolla og ansvaret, samstundes som ho er overtydd om at barnet uansett først og fremst treng *mor* dei første månadane. Anette meiner denne noko tradisjonelle arbeidsdelinga er *naturleg* og *rett* for henne, og tykkjer vener som ymtar frampå om manglande likestilling ikkje heilt har skjønt at dette er noko ho verkeleg ser som meningsfullt og gjennomtenkt. Ho er ikkje i tvil om at faren vil kome sterkare inn i biletet etter kvart når barnet blir større; han likar å leike med Oliver, og gler seg til han blir stor noko til å kunne gå og snakke, og kunne vere med på fleire aktivitetar.

Ingvild på 26 studerer på masternivå, og er no i permisjon frå studiet for å vere heime med babyen, medan sambuaren Kristian er handverkar. Ingvild og Kristian har vore saman sidan vidaregåande, og Ingvild har lenge ønskt seg barn. Sambuaren har vore noko meir avventande, og meinte lenge at dei godt kunne vente nokre år. Ingvild var derimot innstilt på å få barn, og det enda med at ho «fekk det som ho ville». Ho meiner dette er grunne til at sambuaren ikkje er så flink til å stille opp når det gjeld barnet som Ingvild skulle ynskje seg. Babyen er inne i ein periode der han skrik mykje om natta, noko som har ført til at Kristian har installert seg med ein madrass på stova der han søv, medan Ingvild og babyen søv i dobbeltsenga på soverommet. Kristian må opp tidleg på jobb og er meir avhengig av søvn enn Ingvild, som har permisjon frå studia. Ingvild er likevel ikkje heilt fornøgd med at sambuaren ikkje deltek meir i omsorgs- og husarbeid. Ovanfor meg unnskyldar ho han, og forklarar at han ikkje heilt er ferdig med ungdomstida, han er glad i å gå ut i helgene og vil ikkje vere heilt bunden av heimlege plikter. Han treng tid til å venne seg til at livet er i ferd med å gå over i ein ny fase, og til liks med Anette, trur Ingvild trur at han vil delta meir når babyen blir litt større og kan forstå meir.

I desse eksempla er det altså kvinna som er «klar» til å få barn, barnet er eit «kvinneleg ynskje», medan partnaren ikkje er særleg «interessert». Både desse mødrene håpar å få

partnaren meir involvert i barneomsorga etter kvart, men kan unnskyldde noko av hans prioritering av seg sjølv framfor familiefellesskapet. Dette inngår i ein diskurs om far og mor skal delta på lik linje. I desse tilfella der ynskje om barn først og fremst kom frå mor, og der mor er den som tek det meste av ansvaret for barnet, opplevde eg at informantane hadde eit slags behov for å forklare seg for meg. Dei understrekar at dei sjølve er «skuld» i at faren ikkje deltek i like stor grad som mor, samstundes som dei har ei forventning om at far vil delta meir når barnet blir større. Dei argumenterer for at barnet først og fremst treng mor i den første fasen, og at far tidsnok får spele ei større rolle seinare i barnets liv og utvikling. Barnet er eit resultat av mors val, og mor har dermed ei større moralsk forplikting i å stille opp enn far. Dei ser ikkje på seg sjølve som mindre moderne eller likestilte enn andre par, men at dei gjev far «løyve» til å vente litt med å gå inn i den ansvarlege foreldrerolla. Han treng litt meir tid i det frie ungdomstilveret, medan ho har fått det som ho vil i sitt ynskje om barn.

Det at foreldre som opplever at dei ikkje fylgjer norma om ei form for likedeling (i alle fall i teorien), føler at dette er noko dei må forklare for meg, kan tyde på at ideen om likedeling står sterkt. Ved å forklare kvifor ein ikkje fylgjer idealet om eit visst nivå av lik fordeling av arbeidsoppgåver knytt til barnet, viser dei korleis dette er eit ideal som småbarnsforeldre har. Dei tolkar det å dele arbeidsoppgåver mellom seg til eit felles ynskje om å få barn og ta ansvar for dei oppgåvene som fylgjer med, og i og med at det i desse tilfella var mor som ynskte seg barn, er det «rimeleg» at ho tek hovudansvaret, ho har ynskt seg dette ansvaret, denne situasjonen. Enn så lenge trivast ho i rolla som «uunnverleg» mor, men håper også at partnaren vil bli meir synleg og deltakande som far ettersom tida går. Likestillinga har måtte vike for ønsket om barn. Barnet er hennar ynskje, meir enn å vere eit fellesprosjekt.

Dette er ein annan måte å framstille det på enn det eg møter i heimane til mine resterande informantar, der felles ansvar ut i frå ei form for likskapstankegong blir heldt fram som eit uttalt mål²⁰. Her meiner eg me er inne på Yanagisako og Delaney (1995) sine teoriar kring moderskap og farskap som naturleggjorde praksisar – som master narrativ, og Faircloth (2009) om ubehaget ved å bevege seg på kant med det gjengse. Dominante kulturelle verdiar knytt til eit *passé likestilt familieliv*, (men ikkje *for* likestilt, jamfør vidare diskusjon i komande kapittel) gjer det vanskeleg å forklare ei fordeling der mor tek seg av det meste, noko som blir sett på som umoderne, gamaldags og avleggs. Om eg skulle sjå på praksis, skil kan

²⁰ Eg vil kome attende til dette i kapittel 4.

hende ikkje partnarane til Anette og Ingvild seg så mykje ut i frå dei andre fedrane med tanke på deltaking i omsorgsarbeidet, for alle mine informantpar er det slik at mor tek ein større del av omsorgsarbeidet med babyen enn det far gjer. Men på eit førestillings- og meiningsnivå, skil Anette og Ingvild seg frå mine andre mødrer i at dei ikkje opplever ei oppfatning av eit likt fordelt omsorgsansvar mellom seg og partnaren. Dette bryt med idealet om barnet som eit fellesprosjekt, med tilhøyrande mest muleg rettferdig ansvarsfordeling, noko som krev forklaring. Anette og Ingvild må difor forklare eller forsvare kvifor partnarane tek ein såpass liten del av omsorgsarbeidet den første tida. Sambuaren si manglande innstilling på å bli far, er såleis noko som krev ei forklaring, meir enn det faktiske nedlagde arbeidet mor eller far legg ned i barneomsorga.

Avrunding

Eg har i dette kapitlet teke føre meg forståinga av det moderne, norske samfunnet som individualistisk, kjenneteikna av blant anna individuelle rettar og personleg valfridom, med teoretisk utgangspunkt i bl.a. Gullestad (1992), Solheim (2007) og Strathern (1992). Gullestad (1992) syner m.a. korleis vår forståing av subjektet og individet kviler på eit spesifikt individualistisk verdigrunnlag. Dette har eg diskutert opp i mot forståinga av *slektskap* og relasjonelle verdiar, der omsorg, omsyn og samhald er viktige ingrediensar, beskrive av bl.a. Howell (2001a) og Melhuus (2001). Summert opp, kan ein seie at parallelt med at Noreg er eit individualistisk samfunn, vert også relasjonelle verdiar og det kollektive i familien høgt verdsett og ivareteke. Forstått ut i frå slektskapsteoretiske perspektiv, kan det å få barn vere uttrykk for eit ynskje om å inngå i faste, stabile relasjonar – eit motsvar til individualismen. Forstått ut i frå eit individualistisk perspektiv, kan det å få barn vere uttrykk for sjølvutvikling, sjølvrealisering og individet sitt frie val. Å bevege seg frå å vektlegge det individuelle til det relasjonelle gjennom å stifte familie, er noko forventa og sjølvstøtt for mine informantar. Å få barn er knytt til bestemte livsepokar og livssituasjonar, der foreldreskapet som fellesprosjekt er ein viktig premissleverandør. I neste kapittel vil eg no gå nærare inn i barsel- og spedbarnsperioden, der foreldra etablerer ein meningsfull relasjon til barnet.

3 Barnet i sentrum

«Vi kaller ham bare Kong Olav!»

Etter ein periode i livet med vekt på seg sjølv som individ og som par, går mine informantar i det dei får barn over til å vektleggje barnet og det relasjonelle og forpliktande i famielivet. Sitatet over er henta frå Heidi, der ho på ein humoristisk måte påpeikar kven som er sjefen i huset for tida. No er det babyen som legg premissane for innhaldet i kvardagen.

Eg vil i dette kapitlet utforske etableringa av ein meningsfull relasjon mellom foreldre og barn, og korleis dette heng saman med måten foreldre både sjølv *skaper* og blir *tillagt* ein identitet som foreldre på. Eg vil sjå på korleis foreldreskapet, som inneheld både individualistiske og relasjonelle verdiar, medfører at foreldre redefinerer eller «gjenskarar» seg sjølve som relasjonelle individ samanbundne først og fremst gjennom barnet, og ikkje lenger berre i relasjon til kvarandre. Vidare vil eg ta føre meg ideen om barns beste, og korleis ideen om den intime relasjonen mellom foreldre og barn er relativ ny historisk sett. Dette leier meg vidare til ideen om *det gode foreldreskapet*, der eg vil gå nærare inn i korleis *kjønninga* av foreldreskapet er med på å forme foreldre sine roller. Det å vere *mor* ser ut til å ha ei kvalitativ forskjellig tyding enn det å vere *far*, der moderskapet som eit «naturleg fakta» gjer at mor får ei særstilling, ein særskild plass i barneomsorga og i familien som særleg blir gjort synleg i småbarnsperioden. Dette spelar opp i mot den mykje omtala *nye farsrolla*. Eg rundar av kapitlet med eit blick på likestilling og slektskapsideal som kryssande verdiar i forståinga av småbarnsperioden, moderskapet og farskapet.

Barseltid og foreldreroller

Foreldreskapet vert forma gjennom praksis og erfaring, der kulturelle og samfunnsmessige konvensjonar kan vere meir eller mindre samanfallande med individulle førestillingar, preferansar og haldingar om kva det å vere mor eller far skal vere eller bety. Ulike menneske går inn i foreldrerolla med ulike idear om kva dette vil innebere, som igjen utviklar seg i ein kontinuerleg prosess parallelt med barnet si utvikling. I sine skildringar av kva for endringar som har funne stad i familien etter at barnet kom til, framhevar mine informantar at det no er barnet som står i sentrum. Mellom det tosame i parforholdet, har det kome inn noko nytt, eit individ som plasserer seg midt i mellom dei to. Barnet er noko paret har felles, som vil knyte

dei saman «for alltid», og medfører tett samarbeid, felles ansvar, felles glede og samhandling. Det felles ansvaret for barnet vil kunne medverke til å gjere foreldra sin relasjon sterkare, men kan òg sjåast som noko som kjem mellom dei to. Å ta vare på barnet får prioritet over partnaren sine behov. Barnet blir på den måten «viktigare» enn partnaren, noko som endrar foreldra sin dynamikk. Foreldra fokuserer meir på familien, og legg stor vekt på samhald og utvikling av ein sunn og tett relasjon til barnet. Barnet utløyser det eg vil kalle «ei revitalisering av det relasjonelle individet», der relasjonen til barnet verkar inn på foreldra si oppleving av seg sjølv. Gjennom å tre inn i ein ny identitet som mor og far, vil relasjonen dei etablerer til barnet vere definerande for mykje av deira praksisar, haldingar og idear knytt til det å vere foreldre.

Hjå mine informantar er det slik at mor har hatt hovudansvaret for babyen dei første månadane. Mødrene opplever at babyen har ført til store forandringar i kvardagen. Til dømes har dei alle valt å fullamme babyen dei første månadane, noko som blir skildra som eit arbeid som fyller mest heile døgeret. Ytringar som «jeg følte meg som en melkemaske – jeg hadde en primæroppgave, og det var å gi ham melk»; «jeg tror ikke andre helt skjønner det når jeg forteller hvor mye hun skrek den første tiden», og «vi krangler om hvem som har sovet minst», understrekar at barselperioden kan vere strevsam og krevjande. Samstundes fortel mødrene om barseltida som noko dei har takla bra, kanskje betre enn det dei hadde venta seg, utan større utfordringar eller vanskar. Her er eit eksempel frå Heidi, som meiner at barseltida ikkje var så ille som ho hadde fått høyre på førehand:

«Jeg har jo flere venninner som har sagt at det var bare helt forferdelig, særlig en venninne sa at det var *helt* forferdelig å ha barn de første fire månedene, før det begynte å bli bedre. Så jeg var forberedt på at det kan være litt av hvert, da. Men jeg syntes det var helt topp fra første stund, jeg! Ja, han sov og spiste og jeg ble ikke helt utmatta og helt fra meg på noen måte, slik som noen av disse sier at de ble, så jeg synes alt har gått veldig greit, både svangerskapet og etterpå, og han har ikke vært veldig skrikete av seg, og, ja han har vært en veldig enkel unge, da.»

Utsegna er talande for mange av mine informantar. Livet med babyen har gått fint, dei trivast med å vere heime og ta seg av babyen, og har ikkje opplevd denne tida så slitsam at dei har vorte heilt utslitne. På helsestasjonen har dei fått informasjon om fødselsdepresjonar og at ikkje alle opplever ei like sterk lukkekjensle den første tida etter fødselen, men at

morskjensla i nokre tilfelle let vente på seg. Mødrene fortel ikkje om slike kjenslemessige utfordringar, men framstiller barseltida som ei fin og lukkeleg tid. Dette kan henge saman med at mine informantar må seiast å vere ressurssterke, med eit godt fungerande parforhold og gode nettverk rundt seg, så langt eg kan sjå. Dei har òg hatt overskot til å late meg inn i kvardagen sin. Eit muleg bias her, er at forteljningane til mødrene kan bere preg av å ville gje meg eit godt inntrykk av seg sjølv og familien. Å få barn skal jo vere lystprega!

Far er òg til stades og deltakande i barneomsorga frå starten av. Nattevåk, bleieskift og tåteflaske blir ein del av kvardagslivet også for han, og fedrane uttrykkjer eit ynskje om å vere aktiv og tilsstades i familielivet frå første start, og ta del i babyen sine stadige små utviklingstrekk. Blant mine informantar har far likevel hatt ei litt meir sekundær rolle ovanfor barnet dei første månadane. Dei fleste av fedrane har vore i så godt som fullt arbeid den første perioden etter at barnet var fødd, og dei som har hatt rett på fødselspermisjon, har venta med å ta ut permisjonen til barnet har blitt større, gjerne mellom 6-12 månader. Fleire av fedrane er også sjølvstendig næringsdrivande, ei gruppe som fell utanfor retten til betalt permisjon. Fedrane har også ei oppfatning av at mor trass alt er viktigast for barnet i denne perioden, forklart gjennom mors naturlege tilknytning til barnet gjennom amming og stell. Dette samsvarar godt med eit bilete foreldre får presentert i møte med media, foreldrelitteratur, helsestasjon og fagpersonell. Eit sitat frå psykolog Peder Kjøs, henta frå boka *God pappa*, kan illustrere dette: «Det er bare å erkjenne at mor er viktigst for barnet den aller første tiden. Den saklige hovedgrunnen er ammingen, men også hormonelt er både barnet og mor innstilt på et veldig tett samliv i spedbarnsperioden.» (Kjøs 2009:51). Eit anna utsegn som kan synleggjere dette, har eg henta frå Gro Nylander, som er fødselslege, forskar og forfattar, kjend blant anna som Noregs «amme-ekspert», og filmen *Bryst er best* som vert vist på intern-tv på mange barselavdelingar rundt om i landet:

«Det er ikke til å komme fra at mange menn føler seg litt utenfor i barseltiden. Mor og barn befinner seg fortsatt i en nyttig, tett symbiose. *Dette er til beste for hele familien.* Barnets hovedmål er morsbrystet. Men gradvis blir faren viktigere og viktigere for barnet. Småen trenger å bæres masse, bysses, stelles, bli kost med. Hun som er mor, trenger din omsorg, avlastning og tålmodighet. Hold ut! Din tid kommer, og den kommer fort.» (Nylander 2010: 201, mi utheving.)

Jamt over ser mine informantar ut til å meir eller mindre dele denne oppfatninga av mor si særskilde rolle i denne tida. Far sine oppgåver og rolle den første tida blir tidvis tona ned, medan ein framhevar at far si rolle vil bli viktigare etter kvart som barnet veks til og blir større. Anne Lise er misnøgd med at permisjonstida som er øyremerkt far, ikkje på nokon måte kan overførast til henne. Søm sjølvstendig næringsdrivande fell Bjørn utanfor ordninga, og vekene er difor å rekne som «tapte» for familien. Anne Lise er einig med eit forslag frå partiet Høgre som nyleg har vorte diskutert i media om at dette er noko kvar einskild familie sjølv må få avgjere, og held fram:

« (...) jeg skjønner ikke hvorfor det er tiden mellom åtte og fire som er tiden man kan være med barn. Og hvorfor skal det være så viktig at far er hjemme det første året, og ikke mor? Han får jo bånd til henne likevel (...)»

For Anne Lise er det utenkjeleg at ikkje ho som mor skulle vere heime med barnet den første tida. Til liks med fleire andre informantar, har ho bestemt seg for å ta ut ubetalt permisjon i etterkant av den ordinære permisjonstida. Ho grunngjev dette med at mor er den viktigaste omsorgspersonen i barnet sitt liv det første leveåret, og ser ei løysing der ho og mannen var heime halvt om halvt som ei påprakka likestillingsordning der dei vaksne vektlegg eigne ynskje meir enn å tenkje på kva barnet eigentleg treng og har behov for:

«(...) Jeg ville jo aldri gitt det fra meg. I tiden med amming og morsmelk, da må du være der. Jeg vet jo at man har rett på ammepause på jobben, men det fungerer rett og slett ikke. Det første året er det viktig med mor. Far er selvfølgelig viktig han også, men han kommer sterkere tilbake senere.»

For Anne Lise går det ho reknar for å vere barns beste hand i hand med hennar eige ynskje eller behov for å vere heime med barnet og vite at det blir teken godt hand om. Hennar identitet som mor er knytt til å prioritere barnet i denne perioden, som ei naturleg fylgje av valet om å verte mor. Å velje annleis vil vere som å velje det nest beste for barnet.

Elise og Bendik skil seg noko ut frå dette tankesettet blant mine informantar. Dei er det paret i mitt utval som er mest opptekne av likestillingsspørsmål i parforholdet og familielivet. Dei meiner det er bra om vesle Oline får ei like sterk tilknyting til baa foreldra, og har difor bestemt seg for at Bendik skal ta ut fire månader fleksibel permisjon, det lengste blant mine informantar. Bendik er klar på at han fekk ei tydeleg *farskjensle* for Oline heilt frå fødselen,

eller til og med før fødselen, ifrå då dei under graviditeten vart klar over at «det var et lite liv der inne». I ein samtale me har om tilknytning, kjem me inn på korleis Bendik og Elise reagerer på å vere borte frå babyen:

Bendik (henvendt til meg): «Elise er utrolig opptatt av Oline, varm og kjærlig, forelsket, ja, det er som en slags annen forelskelse – hun er opptatt av henne hele tiden. Hun [Oline] betyr alt, hun er blitt det viktigste i livet kan du si, så du bruker tiden deretter.» (henvender seg til Elise og smiler).

Elise: «Ja, jeg husker at jeg skulle på noe i forbindelse med jobben ikke så lenge etter at sønnen min ble født, og det var så ubehagelig å reise fra ham, så kan jeg unngå det nå, så...»

Bendik: «Ja vi er nok forskjellige der. Nå når dere reiser oppover [til besteforeldrene] i helgen, kommer jeg jo til å savne henne, men jeg synes også at det er deilig med noen dager fri.»

Elise: «Ja, men du er veldig blid når du er sammen med henne, da. Koser og tuller og er et stort smil. Du er litt forelska i henne du også!» (...)

Her kjem det fram at Elise og Bendik har litt ulike opplevingar og kjensler knytt til det å vere mor og far, då det er vanskelegare for Elise enn for Bendik å vere borte frå barnet, men at dei likevel framhevar kvarandre som likestilte og like viktige for barnet. Dei er baae kjærlege, omsorgsfulle og genuint interessert i barnet og barnet si utvikling, og skildringane av far skil seg ikkje stort frå skildringane av mor, rollene er nærast samanfallande. Far vert framheva som «mjuk» og tilstadeverande, og for Bendik er det viktig å ta ein stor del av barneomsorga, slik at barnet får sjansen til å knyte seg til han som far på same måte som det er viktig at det knyt seg til mor. I praksis er det likevel slik at Elise tek ein større del av barneomsorga enn Bendik. Kjensla av å vere likestilt og å oppleve seg som likestilt, er viktig, og med det som ei trygg plattform for samlivet, men dei ulike ynskja og preferansane dei imellom gjer at dei ikkje treng å gjere alt heilt identisk. Elise er likevel klar på at ho ikkje kunne ha hatt ein mann som ikkje var innstilt på ei viss likedeling, og om ho t.d. meiner det er noko husarbeid Bendik bør ta, let ho det heller stå, enn å ta det unna for å bli kvitt det. Eg vil kome attende til mors og fars ulike roller under seinare i kapitlet, men no først vil eg sjå nærare på etableringa av foreldre-barn-relasjonen.

Foreldre-barn-relasjonen

Foreldre-barn-relasjonen blir opplevd som kvalitativ forskjellig frå andre relasjonar. Den inneheld nærare band, fleire plikter og sterkare kjensler enn andre relasjonar – eit *naturleg fakta*, i emisk forstand (Schneider 1980; Strathern 1992). Det nærast *sjølvsgde* i tilknytingsprosessen som er i gang frå fødselen av, blir i barsel- og foreldrelitteratur forklart som del av det menneskelege instinkt, noko som kjem tydeleg fram i denne jordmora si uttale:

«Det lille barnet med stort hode, store øyne, det søte runde ansiktet med den lille nesen, små armer og ben i forhold til resten av kroppen, utløser både vår mors- og farsfølelse og vårt beskytterinstinkt. Det hele er så sterkt programmert i hjernen vår at de samme følelsene utløses også i forhold til små dyr med samme kombinasjon: stort hode, store øyne og korte ben. Til og med bamser og leketøy som ser slik ut, smelter vi for.» (Dalhaug, i.d.).

Jordmor Randi-Elisabeth Dalhaug sitt utsegn understrekar det naturlege i utviklinga av relasjonen mellom foreldre og barn; det er noko som skjer nærast av seg sjølv, på instinkt, bygd ut i frå tanken om at foreldre har ei innebygd evne til å «smelte for barnet». Men relasjonen mellom foreldre og barn har noko dobbelt over seg: han skal på den eine sida kome naturleg, men blir på den andre sida skapt gjennom aktive handlingar. Informantane vektlegg både den *naturlege* mors- eller farskjensla som kjem av seg sjølv, og den gradvise utviklinga av kjensler for barnet som har funne stad gjennom ei stadig utøving av foreldreskapet. Relasjonen byggjer altså både på noko som naturleg finn stad, og eit aktivt arbeid med å skape ein meningsfull relasjon. Sidene ved foreldreskapet som dreiar seg om eigeninnsats, å aktivt gjere foreldreskap, vil eg vende tilbake til i kapittel fire. No vil eg fokusere på sidene ved foreldreskapet som foreldre reknar som naturlege og *sjølvsgde*. For å gje meining til denne ideen om det naturlege i foreldreskapet, vil eg no rette eit kort historisk blikk på foreldre-barn-relasjonen.

Gjennom å setje foreldreskapet inn i eit slektskapsperspektiv, viser Marit Melhuus (2001) korleis det har gått føre seg ei endring innanfor vår måte å tenkje om slektskap på, som har gått frå å leggje vekt på den horisontale relasjonen mellom mann og kone (ekteskapet), til å leggje vekt på den vertikale relasjonen mellom foreldre og barn (foreldreskapet). I det som kan kallast *husmorperioden*, midt på 1900-talet, hadde ekteskapet ein sterk posisjon, og vart

sett på som den viktigaste og mest sentrale relasjonen mellom to individ, ein form for grunnrelasjon som andre relasjonar gjekk ut frå. Parforholdet, eller ekteskapet, var ukrenkjeleg, sett som noko naturleg og «heilagt», og umoralsk å bryte. Melhuus held fram at vekta på den horisontale relasjonen mellom mann og kone, der bådø har sine faste plassar og plikter ovanfor kvarandre, gradvis har vorte tona ned eller mist sin posisjon, medan foreldre-barn-relasjonen har fått auka tyding og status. Altså har det funne stad ei vending der den vertikale slektskapsrelasjonen mellom foreldre og barn har fått auka verdi, medan den horisontale relasjonen mellom ektefeller har vorte svekt (Melhuus sitert i Smedal 2001:34). Foreldre-barn-relasjonen blir ein uoppseieleg relasjon; «a no choice-situation» (Melhuus 2001:64). Det tidlegare så bindande ekteskapet går oftare i oppløysing, og har fått eit endra meiningsinnhald der seriemonogamiet ser ut til å ta over for det livslange samlivet, medan foreldre-barn-relasjonen er forventast å halde seg som ein tett og nær relasjon livet ut, og å bryte bandet mellom foreldre og barn blir sett som moralsk forkasteleg (Melhuus 2001:58ff). Den gradvise forskyvinga frå ekteskapet over til foreldreskapet ber preg av eit fokus på individuelle forhold, og inneheld eit klart kjønnsaspekt. *Foreldre*-barn-relasjonen har først og fremst dreia rundt *mor*-barn-relasjonen. I oppløysinga av ekteskapet som uavkorta varig relasjon, har *mor*-barn-relasjonen fått stå igjen som den «heilage», urokkelege relasjonen tillagt ein naturgjeven, ukrenkjeleg og uopppløyselig karakter. Bandet mellom *mor* og barn blir sett som ei biologisk eining, ei naturleg symbiose som ikkje bør brytast (Riksaasen 2001:127). Slektskapsrelasjonen mellom *mor* og barn har blitt utheva som den sterkaste av alle slektskapsrelasjonar.

Denne *mor*-barn-symbiosen, kan i dag seiast å bli utfordra av «den nye farsrolla», i form av at far meir og meir blir inkludert som ein relasjonell forelder med evne og ansvar for å gje barnet omsorg på lik linje med *mor*. Gjennom eit individfokus, blir det viktig å etablere ein tett relasjon mellom far og barn, som ikkje kan erstattast gjennom at *mor* har eit tett forhold til barnet. Men det tydelege kjønna innhaldet i den forskyvinga som Melhuus talar om, der foreldreskapet har «fortrengt» ekteskapet som den viktigaste personlege relasjonen i samfunnet, står framleis sterkt. Førestillingar om *mor* og barn knytt til kropp og biologi, der den sosiale relasjonen fylgjer det biologiske som den naturlegaste ting, gjer det sjølvsagt og sjølvinnlysande at far får ei sekundær rolle ovanfor barnet den første tida, medan *mor* går inn som primæromsorgsperson.

Tilbake til mine informantar, er det altså mor som har teke størstedelen av barneomsorga det første leveåret til barnet. Foreldra forklarar dette valet med at barnet er avhengig av å ha mor i direkte nærleik denne første tida, og for å skape gode, trygge rammer for barnet, rettar mor difor all si merksemd mot den vesle. Ut i frå måten foreldra snakkar om dette på, forstår eg at det heller ikkje har vore eit aktivt val som fylgje av ein open diskusjon mellom foreldra, men meir eit sjølv sagt og sjølvforklarande faktum. Dette samsvarar i stor grad med Melhuus sin teori om mor-barn-relasjonen sin sterke posisjon i samfunnet. Moderskapet si særstilling har også blitt understreka av Jorun Solheim, der ho skriv at koplinga mellom det kvinnelege, moderskapet og intimsfæren i det private rom er ein av dei mest kraftfulle symbolske meiningsstrukturar i vår moderne tenkjemåte, og inngår som ei av *dei store forteljingane* i vårt samfunn (Solheim 2007).

Foreldreskapet sitt kjønna innhald

Halvard Vike opnar sin artikkel *L'état de la morale et la morale de l'État* med å konstatere at moralitetar konstituerer rettesnorer for atferd (Vike 2009:1). Eg vil argumentere for at ulike moralske standardar mellom moderskapet og farskapet er med på å skape skiljelinjer mellom måten mødrer og fedrar vel å utøve og forklare foreldreskap på. Ei av desse skiljelinene som har vorte synleg for meg gjennom feltarbeidet, er mengda tid foreldre brukar på omsorgsarbeidet. Forståinga av ei god mor inneber blant mine informantar ei tilstadevering i barnets første leveår som eg ikkje finn att i forståinga av ein god far. At far er til stades i denne perioden er ikkje like prekært for babyen som at mor er det, noko som understrekar ideen om mor som den naturlegaste og mest ideelle omsorgspersonen til barnet.

Grunngjevingar for kvifor far bør ta omsorgsansvar skil seg frå grunngjevingar for kvifor mor bør ta det. Medan far si deltaking oftare blir forklart gjennom far sitt utbytte av samveret, at han lærer seg rutinane på line med mor, eller at han får utvikle sin relasjon til barnet, altså ei form for likestillingstankegang, blir mor sitt omsorgsansvar forklart på ein meir implisitt måte gjennom den sjølv sagde karakteren til bandet mellom mor og barn. Det at mor vert sett som uunnverleg for babyen, legg premissane for ein moralsk standard om å

at mor bør vere minst mogleg borte frå barnet den første tida, ein periode gjerne forstått som barnet sitt første leveår²¹.

Forståinga av at mor er uunnverleg for barnet vart tydeleg i tilfelle der mor byrja tidlegare i arbeid enn det denne perioden av å vere uunnverleg skulle tilseie. Informant Dina byrja arbeidde intensivt i ei hundre prosent stilling då Emil var rundt 7-8 månader. Dette var ei form for prosjektstilling der arbeidsmengda ville konsentrere seg rundt nokre få månader, noko som i og for seg høvde bra for familien, då sambuaren Bård i denne perioden hadde ei noko redusert arbeidstid. Dina forklarte meg at ho hadde full tillit til Bård si omsorgsevne, og at Emil absolutt hadde det like godt hjå faren som hjå henne. Likevel spurde ho meg ved eit høve om eg meinte at ho ved å arbeide såpass mykje medan Emil framleis var under eitt år gjorde *det rette*: «Jeg vet at Bård er flink med Emil, de har en veldig fin tone sammen. Han er nok flinkere og mer tålmodig enn meg, men det føles likevel som jeg prioriterer feil?» Dina kjende på dårleg samvit av å overlate barnet til faren i så stor grad, og kjende på ei murrande kjensle av at hennar prioritering ikkje stod i stil med å vere ei god mor. Tidsbruken gjekk på tvers av førestillingar av korleis ei god mor burde opptre. Ho funderer på om det er feil av henne å bruke såpass mykje tid på jobben medan Emil er liten og «treng henne som mest». Her går forklaringa både på Emil sitt behov for mor, og mor sitt behov for å vere tilstade for barnet. Barnet har det bra hjå far, men mor *burde* likevel vore det. Denne forma for dårleg samvit finn eg ikkje att i materialet eg har frå fedrar si oppleving av småbarnsperioden. Dei er trygge på at mødrene tek godt vare på babyen, og har ikkje noko problem med å overlate barnet til mor store deler av dagen medan dei er i arbeid.

Fedrar som tek hovudomsorgsansvaret for ein periode, gjev uttrykk for at dette nettopp er berre for ein periode. Utsegn som «Det er en fin erfaring å ha hovedansvaret [for barnet] noen uker, å vite hva det innebærer», som informant Øyvind ved eit høve uttrykkjer det, tydeleggjer det mellombelse over situasjonen. For mødrene stiller det seg annleis. Det at far er heime i permisjon ein periode, endrar ikkje deira oppleving av å vere hovudansvarleg for barnet.

Eg treff informant Øyvind i open barnehage²². Øyvind er i midten av trettiåra, er gift og har to gutar, og er midtvegs i sin ti vekers permisjon i samband med fødselen til den yngste

²¹ Tidsperioden eg her har formulert som barnet sitt første leveår, er ei forenkling. Alt ettersom kven av informantane eg talar med, kan denne tidsavgrensinga variere frå noko slikt som fram til barnet er alt frå 6-7 til 12-14 månader.

guten. Han forklarar for meg korleis dei første vekene har vore, og fortel at han i byrjinga ikkje visste heilt korleis han skulle fylle dagane, han gjorde jo liksom ikkje noko «produktivt» eller «fornuftig». Han var van med å vere i full jobb med eit høgt arbeidstempo, medan det å vere heime med babyen på ein måte ikkje førde nokon stad. Dagane fylde seg opp med daglege rutinar, og tida vart stykka opp i små gjeremål, noko han prøvde å rette på med å ikkje «gape for høgt» når han la opp dagens løp. No gjev han inntrykk av å nyte tida i pappaperm saman med barnet, og har funne seg meir til rette i den daglege rytmen. Utanom dei vanlege rutinane, har han funne ut at det er nok med ei oppgåve, eit «oppdrag», kvar dag. Det kan til dømes vere å handle inn noko frå ei bestemt forretning, gå ein trilletur, få unna noko husarbeid, eller å ta med barnet i open barnehage. Hit pla han ta med babyen ein gong i veka, både for at barnet skal få treffe andre barn å leike med, og for sin eigen del å treffe andre foreldre og fedrar. Han har ingen kameratar som er ute i permisjon i det same tidsrommet som seg sjølv, og saknar difor litt vaksenkontakt i alt barnefokus.

Utsegn som at ein ikkje opplever det produktivt å vere heime med barn, eller at det stundom kan vere litt keisamt å gjenta dei same rutinane, høyrer eg ikkje frå mine kvinnelege informantar. Ein årsak til dette, kan ligge i at mødrene reknar meir husarbeid inn i det å ta seg av barnet enn far, som i sin heimeperiode først og fremst konsentrerer seg om barnet. Men det treng ikkje vere det same som at mødrene alltid opplever det som «fornuftig» eller «produktivt» å yte omsorg for babyen. Her må eg igjen understreke at eg ikkje alltid har fått sjå «bakom fasaden» til mine informantar, men det tyder likevel på ei sterk kulturell førestilling av at moderskapet *skal* vere meningsfullt og opplevast som gjevande og innhaldsrikt, og at mødrer meir enn fedrar realiserer seg sjølv gjennom det gode moderskapet i denne første perioden av foreldreskapet.

Moderskapet si særstilling

Førestillinga av at mor er særskild viktig for barnet det første leveåret om lag, står sterkt hjå mine informantar. Som eg har forsøkt vise over, blir dette grunngeve gjennom barnet sitt behov for mor; mor er heime fordi det er barns beste. Brandth og Kvande framhevar korleis

²² Open barnehage er eit bydelsbasert gratis tilbod til foreldre som er heime med barn i 0-3års alderen, og har vore ein av dei arenaene eg har treft mine informantar på meir eller mindre fast basis. Tilbodet er «ope» i den forstand at foreldre kjem og går som dei ynskjer i løpet av dagen, der pedagogar legg opp eit kort fellesprogram med midt på dagen, som har likskapstrekk med ei typisk samlingsstund med song og rim-leikar ein finn att i ordinære barnehagar.

kvinneleg identitet tett samanvove med moderskap, og at det i Noreg finst sterke normer for kva som er ei god mor (Brandth og Kvande 2005:50). Å vere heime med barnet er noko som naturleg fylgjer det å bli mor, og det å i det heile teke diskutere kven av foreldra som skal vere heime med barnet den første tida, blir dermed unødvendig.

Førestillinga om at barnet treng mor i denne perioden, kjem blant mine informantar til uttrykk ikkje berre som ei moderleg plikt, men som eit moderleg *ynskje*. Mødrene har lyst til å vere heime med barnet denne perioden. Det er noko ein som mor «ikkje vil gå glipp av», som Heidi uttrykkjer det, eller som Anne Lise seier; «jeg ville jo aldri gitt det fra meg». Omsorga for babyen er for mødrene i mitt utval eit personleg ynskje, ein preferanse, eit naturleg val. Det å vere heime med barnet blir ein måte å realisere seg sjølv på som stadfester mødrene som kvinne og mor. Informant Solgunn seier at ho nesten ikkje kan førestelle seg at ho hadde det bra før ho fekk barn. Det å vere mor har blitt ein stor del av hennar identitet, som kompletterer henne som individ. Gjennom barnet, skaper mødrer morsidentitet, og utvidar dermed sitt eige personlege repertoar. Å tenkje seg moderskapet utan å ta seg av barnet denne frøste tida, blir såleis problematisk. Perspektivet eg presenterte i kapittel to, der det å få barn medfører eit skifte i fokus frå det individuelle og over på verdien av det relasjonelle gjennom å ivareta barnet, kan like godt forståast som eit skifte over til ei ny side ved eiga sjølvrealisering, nemleg morsrolla. Mødrene fokuserer på sin eigen nyvunne status som mor, og gjennom ansvaret for barnet utviklar dei sitt repertoar som individ og skaper seg sjølv som mor innanfor rammene av det gode moderskapet. Eit ynskje om å gjere det som er best for barnet, kan difor sjåast like mykje som eit uttrykk for dei mødrene sine idear om foreldreskapet, som kva barn har best godt av. Eg vil seie det slik at mor òg er heime fordi *ho har behov for barnet*. Det er ikkje berre barns beste at mor er heime, men òg mors beste. Mødrene kan ikkje førestelle seg å ikkje ha hovudomsorga for barnet denne tida, og ser på sped- og småbarnsperioden som heilt sentral i eiga forståing av seg sjølv som ei god mor.

Men *Barns beste* er ein dynamisk storleik. Mine informantar si oppfatninga av at små barn har det best saman med mor, skriv seg inn i ei kulturell førestilling der sosiale, kulturelle, ideologiske og historisk spesifikke idear om moderskapet har blitt transformert til noko naturleg; ein *naturtilstand* (Ellingsæter 2004:146,150). Ellingsæter utdjupar dette vidare ved å vise til korleis det gode moderskapet handlar om tidsbruk og tilgjenge for barnet, der mengda tid brukt på barnet vert «sjølv symbolen på morskjærleiken» (2004:153). Dette samsvarar godt med det at det blant mine informantar er uaktuelt for mødrene å «gje bort»

meir av permisjonstida til far enn den delen han eventuelt allereie har fått. Dei opplever det som ukomfortabelt å tenkje på å vere borte frå barnet, og ser fødselspermisjonen som først og fremst mors gode. Ei av mødrene forklarar for meg at ho ser på tida i fødselspermisjon ein slags premie for å ha fått barn, ei tilrettelegging som først og fremst skal kome henne som mor til gode. Far har trass alt ikkje vore gjennom fødselen.

Likestillingstanken, med fokus på at individa skal kunne heve seg over tradisjonelle familieorganiseringar og velje fritt i utforminga av familielivet, blir til ein viss grad nedprioritert og underordna slektskapstanken i spedbarnsperioden hjå mine informantar. *Det naturlege moderskapet*, med den oppgraderte verdien av den vertikale relasjonen mellom mor og barn, er det beste for barnet, og i denne første perioden bør barnets beste og dei «tradisjonelle slektskapsverdiane» få prioritet over politiske idear om likestilling. Eg vil likevel understreke at informantane i enkelte situasjonar og samanhengar legg vekt på at likestilling skal vere eit ideal, også i denne perioden. Det er ikkje greitt at det alltid er mor som må stå opp for å ta seg av den skrikande babyen, og det er ynskjeleg at far bidreg i hus og heim sjølv om han er i arbeid, han bør ikkje berre «ta seg fri» etter jobben.

Men det kraftige fokuset på mor og mors rolle i spedbarnsperioden, gjer at mor likevel vert ståande som det naturlege sentrum i familien. Foreldre legg det fram slik at barnet no er i sentrum, men den sterke fokuseringa på mor og hennar oppgåve i spedbarnstida gjer at mor blir limet som held familien saman. Mor «skaper» seg sjølv som midtpunkt og kjerne i familien; ho er uunnverleg frå barnet, og dermed også for mannen, som i rettselg forstand har tilgang til barnet eksklusivt gjennom mor. Det er mors *naturlege* og som regel implisitte ynskje om denne å vere heime med barnet som bestemmer tidsbruken og fordelinga av omsorgsarbeidet mellom foreldra. Eg vil difor karakterisere spedbarnsperioden som ein periode der moderskapet blir framheva, utheva, og forstørta, medan farskapet får mindre plass. I den grad far er viktig, er han viktig i rolla som «mor», altså ein kjærleg og nær omsorgsperson, meir enn å ha ei spesifikk farsrolle. Feministar har heldt fram at kvinna si evne til å få barn, og dei pliktene det medfører, kompromitterer henne. Evna til reproduksjon og den påfølgjande symbiosen passar ikkje saman med førestillinga av eit i seg sjølv komplett og uavhengig individ i og av seg sjølv. I sin diskusjon av korleis kvinner har vorte heft ved det naturlege, formulerer Donna Haraway at: «Women's personal, bounded individuality is compromised by their bodies troubling talent for making other bodies»

(1991:253). Men mødrene ser ikkje på deira moderskap som noko innskrenkande på deira individuelle utfalding. Det å få barn skriv seg inn i eit ynskt skifte over til å realisere seg sjølv som omsorgsperson og relasjonelt individ. Gjennom moderskapet utvidar dei seg sjølv gjennom sin posisjon til å vise omsorg for barnet.

Dette er tida då mor set i scene seg sjølv som uunnverleg «fulltidsmor» som ein naturleg konsekvens av det å få barn. Men perioden mødrer er heime med barn er i dag kortare enn for nokre år tilbake. I omgangskretsen til mine informantar, er det sjeldan å vere heimeverande med barn noko lenger enn halvanna år, dersom ein ikkje får fleire barn på rappen. Det første leveåret til barnet er såleis ein unntakstilstand, ein tidsavgrensa periode der mødrene kan dyrke moderskapet på ein måte som seinare vil bli mindre tilgjengeleg for dei, eller akseptabelt i samfunnet. Spedbarnsperioden blir såleis mors «prime time», som ein sfære der moderskapet har ei høg stjerne, og der mødrene sine premisser legg føringar for fedrar sin tilgang.

Haldninga om at det beste for barnet er å bli teken hand om av mor den første tida, blir gradvis utfordra av far sitt innpass i dette domenet. Dette blir tydeleg i dei offentlege diskusjonane rundt endringar i fødselspermisjonen. Motstand mot endring kjem fram gjennom stemmer som meiner at staten går for langt i å gje far tid med barnet som går på ut over mor si permisjonstid, og argumenterer gjerne ut i frå eit standpunkt knytt til barns beste og det naturlege i mor-barn-relasjonen. Stemmer som ynskjer ei likare fordeling av permisjonen mellom mor og far velkomen, argumenterer gjerne ut i frå politiske målsetjingar om likedeling mellom kjønna. Denne skilnaden i kvar ein hentar argumentasjonen sin ifrå, gjer det vanskeleg for desse standpunkta å møte. Å halde på at mor si tilstadevering er *naturleg*, dekkjer over den kulturelle naturaliseringa som har funne stad av mor-barn-relasjonen, medan på den andre sida å halde på likestillingsideen, verkar fjernt frå *barns beste*, då likestilling først og fremst kjem dei vaksne til gode. Desse debattane tyder likevel på ei form for endring, eller redsle for endring, der *familien som institusjon*, med mor sin hegemoniske status som det udiskutable sentrum, blir «trua» eller utfordra av tanken om mor og far som likestilte omsorgspersonar utan distinkte forskjellar.

Farskapet

Brandth og Kvande skriv om utviklinga og endringar av faderskapet dei seinare åra, og trekkjer fram «(...) svekkelsen, for ikke å si oppløsningen, av den tradisjonelle mannlige forsørgerrollen» (Brandth og Kvande 2003:26), som ei av dei mest markante endringane av faderskapet. I overgangen frå einforsørgjarfamiliar til toforsørgjarfamiliar, har mannen sin eintydige posisjon som forsørgjar smuldra opp. Brandth og Kvande viser til Frønes når dei held fram at perioden der menn var eineforsørgjarar var relativt stutt, med ein topp på 50-talet, også kalla «husmorfamiliens storhetstid». Ellingsæter (1997: 26-27) påpeikar at «husmorperioden» og norma med far som eineforsørgjar varte lenger i Noreg enn i dei andre nordiske landa, og at det eg tidlegare i oppgåva har omtalt som *den tradisjonelle arbeidsdelinga* dermed har fått djupare rotfeste her. Brandth og Kvande resonnerer vidare rundt farskapet, og meiner det ikkje har blitt fylt med noko eintydig innhald som erstattar det gamle forsørgjaransvaret. Fedrar er korkje forsørgjarar eller «omsørgjarar» (2003:27).

Informantane mine nemner ikkje forsørgjaransvar som ein viktig eigenskap ved foreldreskapet. Forsørgjaransvaret ser ut til å bli oppfatta som meir underordna, sjølv sagt, uinteressant, både ved farsrolla og foreldrerolla generelt. Det er nærveret, kvalitetstida med barnet som er viktig; å ta seg tid, vere tolmodig, vere til stade og til disposisjon. Likevel er det som forsørgjarar fedrar brukar mest tid i sped- og småbarnsperioden, noko som for så vidt kan sjåast som eit paradoks. Mine informant-fedrar freistar vere både forsørgjarar og «omsørgjarar», men det å vere i arbeid og tene pengar, er noko som meir er knytt til vaksenlivet generelt, enn til det spesifikke ved å vere forelder. Tida på arbeid spelar inn på farskapet meir i form av å avgrense tida ein har til rådighet som far. Farsbegrepet dreiar rundt det å vere til stades og fylgje opp barnet gjennom leik og nærleik, medan det økonomiske er underordna. Ved å samanlikne seg med foreldregenerasjonen, ser mine informantar ei positiv utvikling i at dei tek større del i den daglege barneomsorga enn det deira fedre i si tid gjorde.

Men fedrane har likevel eit stykke igjen før dei når mødrene i barneomsorg. Ein ting som understrekar at det å vere heime i lengre pappapermisjon (enno) ikkje er fullt så vanleg som mammapermisjon, kjem til uttrykk gjennom fedrane i studien sitt problem med å finne andre fedrar som tek ut permisjon i det same tidsrommet som dei kunne bruke tid saman med. Perioden i permisjon er kort, gjerne 6-10 veker, og det skal difor godt gjerast at det treff slik

til at fleire fedrar i omgangskretsen er i permisjon på same tid. Hjø mødrene i permisjon, var det regelen, meir enn unntaket, å ha ei eller fleire venninner som er ute i permisjon innanfor om lag same tidsrom som ein sjølv.

«Den nye papparolla»

I enkelte medieoppslag får ein inntrykk av at *den nye papparolla* har etablert seg som ein norm jamt over i samfunnet, der nybakte fedrar vektlegg tid og omsorg for barna sine framom jobb og karriere, konkretisert gjennom blant anna å dele permisjonstida likt mellom mor og far, eller trappe ned på jobben ein periode for å få betre tid til familien. For fedrar er det «moderne å vere tradisjonell» i form av å vektleggje kjernefamilien og *tradisjonelle familieverdier*. Trendy kjendisfedrar vert fotograferte i magasin som *Foreldre og barn* og *Mamma* med babyane på armen medan dei legg ut om bleieskift og trilleturar, og mediebletet framstiller det mest slik at «alle» fedrar no prioriterer familien og er «europameistrar i omsorgsarbeid» (Sjå til dømes den ti siders lange artikkelen *Daddy Cool* i D2 15. 04. 2011). *Den nye generasjonen fedrar* me blir presentert for gjennom media, kan ikkje direkte overførast til mine informantar. Dei er relativt bevisste på at baa foreldra skal delta i barneomsorga, men endar meir eller mindre opp med at mor får spele «hovudrolla» den første tida. Ein kan seie at fedrane ikkje har ei like omfattande rolle som mor har i denne perioden, men at far går inn i dei same oppgåvene som mor. Gjennom å vektleggje dei «mjuke» sidene av farskapet, går mennene inn i det som tradisjonelt sett har vore typisk kvinneleg. På denne måten nærmar farskapet seg meir og meir moderskapet. Men far blir òg tillagt nokre spesifikke mannlege eigenskapar i si utøving av foreldreskapet. Han blir skildra i termar av å vere meir leiken; han kan *herje* meir med barnet; kaste det i lufta, få barnet til å «show off» (tøffe seg; vise seg fram) og liknande. Dette kan sjåast som uttrykk for ei oppfatning av maskulinitet der tradisjonelle førestillingar av korleis ein far skal og bør te seg, blandar seg med nyare idear av ei farsrolle som meir og meir liknar på det me tradisjonelt tenkjer som *moderleg*, som å vere kjærleg, omsorgsfull og nær.

Dette kan eksemplifiserast gjennom ulike måtar informantparet Dina og Bård opptrer ovanfor barnet. Bård er nøggare på å halde seg til fastsette reglar når det gjeld til dømes kva søtsaker Emil skal få, og meir konsekvent i at dei ikkje skal ta han opp om natta om han gret, Dina på desse områda har ein tendens til å vere meir ettergjevande. Bård blir dermed tillagt ei evne til å disiplinere barnet som høver godt inn i ei tradisjonell farsrolle, medan

morshjartet er «lettare å smelte». Samstundes har Bård som deltidsarbeidande hatt hovudansvaret for mange av kvardagsrutinane i familien, som kveldsstellet av Emil med bading og legging, der tolmod og kjærleik er meir beskrivande enn disiplin. Dette ligg tettare opp til det som gjerne blir skildra som *den nye farsrolla*. Tradisjonelle og nyare foreldrerollar er vove saman i eit samansett mønster, det er ikkje snakk om enten-eller her. Foreldra er verken reindyrka tradisjonalistar eller radikale likestillingsidealistar, men bevegar seg heile tida ein stad midt i mellom. Ulike kulturelle idear spelar inn i, der situasjonsbestemte uttrykk må setjast inn i eit meir heilskapleg bilete.

I ein kommentar i Aftenposten (26. 03. 2011), skriv Journalist Kjetil Østli om korleis han har det som ein «moderne mann», der han freistar «lage schizofren harmoni av den moderne og den primitive utgåva av seg sjølv». Han skriv om korleis han med redusert stilling og lange permisjonar med barn gjer det meste som blir forventa av menn; «jeg vasker og steller, henter og bringer, ut med rock og fiskeutstyr, inn med Postman Pat (...)». Han gjer noko *barnevenleg* i feriane, noko *barnevenleg* i helgene – og forventar at barne- og likestillingsombodet, i staden for å fremje forslag om «en visjonær likestillingspolitikk der familiepermisjonen blir delt 50/50», heller burde sjå at me har kome veldig langt på dette området. Østli prøvar så godt han kan å gjere det som vert forventa av han som moderne, «mjuk» mann, men opplever at det til tider går for langt. Han er, som han skriv det sjølv, «blitt et uverdigg menneske, redusert til å være far». Han skriv om korleis det å leike med barna er lite stimuleranden, han lengtar etter ekspedisjonar som å gå Alaska på langs. Østli meiner at barneomsorg og husarbeid bidreg til å gjere han til mindre mann, og mistrivst med at farsrolla liknar for mykje på morsrolla. Ved å gjere kona si den «tenesta» å ta sin del av omsorgsarbeidet, reduserer han sin maskulinitet. Det at kjønna blir for like verkar truande.

Her ligg det noko implisitt som Østli ikkje gjer lesaren merksam på, gjennom at han ved å halde maskuliniteten utanfor noko av barneomsorga, framhevar omsorgsarbeidet som noko kvinneleg. Barneomsorga gjer han til mindre mann – noko verken kvinner eller menn ynskjer – og bør difor halde fram med å vere kvinneleg. Her er vi tilbake til kvinner si *naturlege* tilfredsheit ved det å utøve barneomsorg. Våre kulturelle narrativ av det å vere mor gjer det vanskeleg for mødrer å kome med liknande utsegn som det som Østli kjem med her. Å vere heime med babyen, gjere husarbeid og handle på «Baby Shop» blir ikkje presentert som noko problematisk for kvinner og mødrer, det er tvert i mot forventa at dette *feminine* aktivitetane vil vere meiningsfulle, interessante og gjevande. Det er difor meir

oppsiktsvekkjande om mødrer uttaler at dei er leie av denne type aktivitetar, enn om menn gjer det. Østlis sin kommentar om at barneomsorg kan vere keisamt og lite givande for menn, skjuler at det også kan betone seg slik for kvinner. Difor blir det også gigantiske overskrifter i tabloidavisene når skodespelar Ane Dahl Torp går ut i media med at ho ikkje saknar sin 11 månader gamle son i arbeidstida når ho no er tilbake i jobb, eller at ho ikkje tykkjer at sonen sin er spesielt vakker (t.d. Dagbladet Magasinet 01. 003. 2011; Dagbladet.no 10. 09. 2010; Seher.no 13. 10. 2010). Samstundes går debatten kring forfattar Karl Ove Knausgård og hans presentasjon av seg sjølv som far i dei første bøkene i det sjølvbiografiske seksbindsverket *Min kamp*. Her er eit kort utdrag frå andre bok:

«Når jeg gikk rundt i byen med barnevogn, og brukte dagene til å stelle for barnet mitt, var det ikke slik at jeg tilførte livet mitt noe, at det ble rikere, tvert imot ble noe tatt bort fra det, en del av mitt selv, den som hadde med mannlighet å gjøre. Det var ikke med tankene det ble klart for meg, for tankene visste at jeg gjorde dette av en god grunn, nemlig at Linda og jeg skulle være likestilt i forholdet til vårt barn, men med følelsene, som fylte meg med desperasjon når jeg på denne måten presset meg ned i en form som var så liten og så nær at jeg ikke lenger kunne røre meg.»
(Knausgård, 2009: 87)

Sitatet understrekar (romanfiguren) Knausgård si kjensle av at barneomsorga ikkje tilfører han noko, men krympar han, og Knausgård vinn sympati for si «ærlege» framstilling av å ikkje oppleve at barna er det «viktigaste i livet». (t.d. Aftenposten, morgon 24. 01. 2010; Morgenbladet 18. 12. 2009)

Dette kan tyde på at moderskapet er lada med meir tungtvegande moralsk innhald enn det vi kan finne i farskapet. Men sett frå eit anna perspektiv, kan Knausgård sine ytringar sjåast som eit bidrag til å løyse opp og gjere eksplisitt for både mødrer og fedrar den mindre gode sida av foreldreskapet som sjeldan kjem til syne i det sterke fokuset på foreldreskapet som den ultimate sjølvrealiseringa? Knausgård si oppleving av å vere malplassert i omsorgsarbeidet, synleggjer at barneomsorg går ut over andre former for realisering, og at ein ved å velje barn, må velje bort noko anna. Dette er noko som kan gjelde både kvinner og menn, slik at også mødrer kan tillate seg å kjenne på dei meir keisame sidene av foreldreskapet. Det er i alle fall med på å nansere biletet av foreldreskapet og korleis det kan forståast ut i frå kjønn og moral.

Kryssande ideal

Både farskapet og moderskapet er del av ein foreldrekultur i stadig endring. Ved å nytte Wagner (1981) si forståing av kultur som kreativitet, vil foreldreskapet alltid vere i ei spenning mellom konvensjon og innovasjon, mellom kontinuitet og endring. Foreldreskapet er noko som vert gjort på nytt for kvar nye generasjon, det vert stadig «oppfunne». Min analyse viser at foreldreskapet befinn seg i ein skjør balansegang mellom det konvensjonelle, eller tradisjonelle fokuset på barnet sitt behov for mor, og meir innovative førestillingar av mor og far som nærast identiske omsorgspersonar. Gjennom kvardagsforhandlingar, finn mine informantar ein veg mellom ideal knytt til likedeling av omsorgsansvaret og ideal knytt til slektskaps- og familieførståing der mor moralsk sett får forfordelt omsorgsansvar for sped- og småbarn. Informantane og deira familiar møter ulike stemmer når dei utformar sin veg i dette landskapet, nokre i retning av kvinners særlege plass for babyen, andre meir i retning av at far og mor som likestilte omsorgsgjevarar.

Fleire av mine informantar gav opp spalta *Livet i familien* i A-magasinet som ei kjelde til kunnskap og litteratur om barn og det å vere foreldre. Professor i barn og unges psykiske helse, Willy-Tore Mørch, som skriv spalta, kjem i dette utdraget med svar til ein far som er bekymra for at dottera føretrekk å vere hjå mora framfor hjå han, etter at dei no har skilt lag og har delt omsorg for dottera:

«Selv om du har vært en god pappa og har vært involvert i datteren din hele tiden, vil små barn ofte være mer tilknyttet mamma enn pappa. Dette har sammenheng med den spesielle kontakten det blir mellom mor og barn gjennom amming og tilfredsstillelse av andre primære behov. For eksempel vil et lite barn raskere ty til mamma enn pappa når det søker trøst eller når det er redd, på grunn av den nære og trygge kontakten som oppstår under amming og stell, selv om du har stelt henne mange ganger. (...) Den fysiske basen hennes [er] i dette hjemmet, og ikke i samme grad hjemme hos deg. Det er derfor *naturlig* at hun lengter tilbake til denne tryggheten i overgangsfasen til samværet med deg.» (mi utheving).

Her er vi attende på forståinga av kva som er naturleg for barn, og kva for relasjonar er det naturleg at barnet skal ha med mor og med far. Mørch skriv at endå far har stelt barnet mange gongar, er relasjonen mellom mor og barn meir *naturleg*. Det er som om denne relasjonen er på eit djupare plan, det oppstår «en spesiell kontakt gjennom amming og stell»,

eit rom far ikkje har tilgang til per se, uavhengig av hans tilstadevering og omsorgsoppgåver knytt til barnet. Denne type utsegn i populærlitteratur og avisspaltar er med på å byggje opp under tanken om at bandet mellom mor og barn er noko far aldri vil forstå fullt ut, bandet er meir «grunnleggjande» enn bandet mellom far og barn. Det spesielle forholdet som oppstår mellom mor og barn den første spedbarnstida blir i foreldrelitteraturen stadig understreka. Parallelt med ei oppfordring til «mest muleg likestilling», kjem ei anerkjenning av at mor og far i denne perioden ikkje vil kunne oppnå full likedeling av omsorgsoppgåvene, og at mor her har ein forrang framføre far. Eg finn fleire eksempel på at forfattarne går til dyreverda for å understreke det naturlege ved denne ordninga. Psykolog Peder Kjøs, skriv til dømes: «Som pattedyr er vi avhengige av at båndet mellom mor og barn er spesielt sterkt» (Kjøs 2010:19).

Desse ideane mine informantar møter frå mange instansar i kvardagen, gjennom alt frå helsestasjon til media, kan sjå ut til å vere eit uttrykk for at samfunnet «ynskjer seg» denne forskjellen mellom mor og far i spedbarnsperioden. Diskursar knytt til «naturens gang» når det gjeld for eksempel amming, hormonar, barnets luktesans, og morsinstinktet er alle med på å underbyggje vår kulturelle forståing av at ulikskapen mellom foreldra er biologisk og har sine naturlege årsaker. Her kan ein snakke om vår kulturelle forståing av det naturlege som noko urokkeleg, udiskutabelt, heilagt. Me ser det som uheldig å gå imot naturen, og let naturen ha grunnoppskrifta på kva som skal definerast som barnets beste og dermed som fornuftige handlingar som foreldre.

Foreldrelitteraturen underbyggjer samstundes tanken om at fars og mors oppgåver er veldig like den første tida. Det er ikkje spesifikke forskjellar på mor og fars evner til å yte omsorg for barn. For å oppfylle idealet om ein «nærverande og omsorgsfull pappa», bør far difor trå inn i «det kvinnelege rommet» så langt han kan. Foreldreskap i barnets første leveår kan seiest å vere identisk med vår kulturelle forståing av moderskapet og «typisk kvinnelege eigenskapar»; omsorg, nærleik, tryggleik, godleik, varme, intimitet, kjærleik, oppofring, prioritering er alle ord eg finn i foreldrelitteraturen som beskriv foreldreskapet det første leveår. Far blir oppfordra til å ta ut farspermisjon og ha åleine-omsorg for barnet ein periode, for å sjå korleis det er, ha den erfaringa i kroppen, vite kva det vil seie, og utvikle sin personlege relasjon til barnet. Far bør altså nærme seg nokre av desse «kvinnelege» kvalitetane som tradisjonelt blir forbunde med moderskapet. Det vert presentert som eit nyleg vunne privilegium at det no er muleg for far å kunne innta denne rolla, desse oppgåvene. Dette kan verke inn på mors posisjon og situasjon som mor. Oppfordringar om å

dele meir på ansvaret, gjev henne mindre plass til å vere «det store sentrum», den som eine og åleine «skaper» heimen og familien for barnet.

Avrunding

Eg har i dette kapitlet sett på foreldre-barn-relasjonen og kjønninga av foreldreskapet. I spedbarnsperioden vektlegg mine informantar forholdet mellom mor og barn spesielt, og mor-barn-relasjonen får ein sjølvsgd og naturleggjord karakter. Det kraftige fokuset på mor gjer henne til midtpunkt i familien, der spedbarnsperioden blir mors «prime time». Barns beste blir kopla til mors ynskje og naturlege val om å ta seg av barnet som ein innlysande konsekvens av det å få barn. Mors posisjon blir gradvis utfordra av far sitt innpass som omsorgsperson, der likestillingsideala heller enn å understreke fars eigenart som omsorgsperson, går i retning av at far går inn i den klassiske morsrolla i sitt omsorgsarbeid. Tradisjonelle val om at mor tek størstedelen av omsorgsansvaret, blir legitimert gjennom å handle om barns beste og mors udiskutable rolle som viktigaste omsorgsperson, noko som ikkje bør endrast gjennom politiske likestillingsideal som først og fremst tener dei vaksne. Omvendt, blir likestillingsideala framheva som eit gode for heile familien, då far kan få sjansen til å utvikle sitt eige personlege forhold til barnet uavhengig av mor. Idealet om eit likestilt par- og familieliv blir fundert ut i frå foreldra sine eigne preferansar og val, der slaktskapets naturlege fakta bidreg til å naturleggjere måten foreldre vel å organisere familielivet. I det komande kapitlet, vil eg fokusere på korleis foreldre gjer og praktiserar foreldreskapet, og utøvar omsorg for sine barn blant anna gjennom organiserte babyaktivitetar.

4 Å gjere foreldreskap

Substantivet *parent*, altså forelder, har i engelsk språk ei verbform; *parenting*. Det er dette eg vil fram til i mitt noko keitete uttrykk «å gjere foreldreskap» (sjå elles t.d. Hennem 2002:12). Så korleis gjer foreldre foreldreskapet? I det føregåande kapitlet har eg diskutert korleis spedbarnsfasen har vorte nært kopla til ideen om det *naturlege*, der moderskapet har fått ein spesiell og sentral plass i denne første fasen av foreldreskapet. Men i praksis tek både kvinner og menn seg av små barn. I dette kapitlet vil eg sjå nærare på praksis og utøving av foreldreskap, og korleis forståingar av foreldreskapet har dreia i retning av noko som foreldre stadig må stadfeste gjennom handling. Tida til barnet, og dermed tida til foreldra, skal fyllast med meiningsfullt innhald, og *det gode foreldreskapet* impliserer handling og aktivitet.

Å prioritere barnet

Foreldreskapet har blitt meir synleggjort i den norske offentlegheita dei seinare år. Ein ser stadig intervju med kjendisforeldre som fortel om korleis livet er etter at dei fekk barn og har etablert seg med familie, og bokhandlar fløymer over at informasjonsbøker retta mot nybakte foreldre om korleis ein skal gå fram for å takle og utøve foreldrerolla på best muleg måte. Alderen for førstegongsfødande har auka, og aukande utdanningsnivå og levestandard har bidrege til å gjere småbarnsforeldre som gruppe synleg i samfunnet på ein ny måte. Danielsen og Mühleisen (2009) uttrykkjer det slik at det å vere foreldre har gått frå noko ein ganske enkelt *er*, til noko ein stadig utfører og presterer, noko ein *gjer*. Individualiseringsprosessar som kjenneteiknar vår tid, har gjort at kvar einskild blir ansvarleg for eige liv på ein meir direkte måte, der det å ta dei rette vala er avgjerande for å få eit godt liv. Dette rører òg ved måten me ser på relasjonar mellom menneske. I par-relasjonar er individa sjølve ansvarlege for om forholdet er *bra nok*, og risikoen for eit brot gjev motivasjon til å arbeide med forholdet, å fylle det med mening (Danielsen og Mühleisen 2009:7). I forlenginga av dette, ser me at både par-relasjonen og foreldre-barn-relasjonen blir styrt gjennom individuell handling og vilje. Paret må arbeide og leggje ned ein innsats for å skape og oppretthalde ein meiningsfull relasjon til barnet. Det diffuse kjærleiksbandet mellom foreldre og barn som gjev foreldre den viktige mors- eller

farskjensla, er noko barna fortener frå sine foreldre, som krev ein innsats for å skape og oppretthalde.

Paret har ei felles forståing av at barnet er noko som skal prioriterast framfor parforholdet, i alle fall for ein periode. Eg spør mine informantar om dette med tid til seg sjølv og parforholdet oppe i alt barnefokus. Fleire av mødrene skjønar ikkje heilt spørsmålet. Dei ser det som naturleg å no ha eit litt anna fokus, og at tida for å vere kjærastar tidsnok vil kome attende. Dei har ikkje hatt det store behovet enno for å overlata barnet til ein barnepassar, besteforeldre eller andre for å «pleie forholdet». Medan babyen er såpass liten, er det ei sjølvfylgje å ha lyst til å vere mest mogleg saman med barnet. Barna blir inkludert og får merksemd frå dei vaksne når ein møtest i uformelle samanhengar, og informantane snakkar generelt mykje om barna²³. Ein tek gjerne med babyen for å treffe vener, og det er førebels berre ved særskilde høve at foreldra ordnar barnepass slik at dei kan delta i sosiale aktivitetar utan barn. Dette står godt i stil med mine informantar si vektlegging av at barnet frå starten av skal vere ynskt og velkomen frå foreldra si side.

Barnet treng tilrettelegging for ei sunn utvikling

I *How infants grow mothers in north London*, skildrar Daniel Miller (1997) ei kopling mellom korleis ein forstår «barnets beste» og foreldre sin aukane kunnskap om kva som er bra for barn²⁴. Etersom kunnskapen om barn veks, får foreldra aukande ansvar for å sile denne kunnskapen og fylgje opp barna sine på best muleg måte. Foreldre har mykje kunnskap når det gjeld kva for kosthald barn bør ha, kva for stimuli dei treng for å utvikle seg på den beste måten osv. For at barnet skal ha det bra, må foreldra forvalte den kunnskapen som er tilgjengeleg på ein god måte. Barnet si utvikling er avhengig av at mor og far er flinke til å forvaltar den kunnskapen som er tilgjengeleg. Å gjere foreldreskapet på den rette måten, heng altså saman med å ha den rette kunnskapen om korleis dette skal gjerast, og å skilje mellom vesentleg og uvesentleg kunnskap. Å kunne forvalte og nytte seg av denne kunnskapen på rett måte, blir såleis eit teikn på foreldra si oppofring og ekteføyte kjærleik.

²³ Her må eg vere obs på at det å heile tida snakke om barn kan vere eit resultat av at eg som antropolog er til stades. Informantane er klar over at eg er der for å studere foreldreskap, og at eg har interesse av at barn er tema.

²⁴ Millers studie blir òg diskutert i Strathern (2005:4-5).

Denne type kunnskap er noko foreldra diskuterer hyppig, og kan belyst gjennom ei utsegn frå ei av mødrene:

«Det er noen normer som gjelder som går på å følge opp barnet hele veien, alltid ha overskudd til å snakke med barnehagepersonalet, alltid være med på aktiviteter på ettermiddagene. Det er viktig å arrangere barnebursdag med hjemmelaget mat, å ha et ryddig hjem, nyoppussa barnerom, ha oversikt over hva barn skal spise. Foreldrene i barnehagen er ekstremt ressurssterke. Der finnes nesten ikke en håndverker. De får med seg det som går på *Puls*²⁵, de er alltid oppdatert. (...) Jeg føler folk lar seg stresse altfor mye. Jeg tenker mer slik at venninna mi lager hjemmelaget mat, så gjør jeg noe annet som er bra.»

Foreldra er opptekne av at barn treng å bli stimulert for å utvikle seg og lære nye ting, og foreldra er ikkje redde for å utfordre barna i tidleg alder for å stimulere til lærelyst og kunnskapstørst hjå barna. Men nokre gongar innser foreldra at dei har sikta for høgt. Til dømes har Dina kjøpt Emil eit teiknebrett, som ho i etterkant agrar på at ho kjøpte, då ho ser at Emil er for liten til å forstå korleis det skal brukast. Teiknebrettet er av typen der teikningane vert til i når ein spesialpenn rører ved brettet, og kan enkelt viskast ut ved å føre ein stav over brettet. Dina korrigerer Emil når han er for hardhendt og pressar pennen for hardt ned på underlaget, slik at strekane ikkje lenger er råd å fjerne, men vert verande på brettet for godt. Emil er elles ein kvikk unge, og Bård har allereie lært han å telje til fjorten. Dina vil gjerne at Emil skal lære seg hennar morsmål i tillegg til norsk, og beklagar ovanfor meg at ho ikkje har greidd å vere konsekvent nok i å nytte morsmålet når ho snakkar med han. Det er så kjekt å i det heile teke kunne kommunisere, så når han no har byrja snakke norsk, er det freistande å nytte det for å få respons frå Emil. Foreldra har forsøkt å kompensere med å kjøpe inn ulike leiker som lagar lyd om ein trykkjer på dei, og biletbøker på hennar morsmål.

Den ivrige oppfylginga av barnet finn eg att hjå alle mine informantar. Foreldra er klar over dei mange forventningane til det gode foreldreskapet, og er medvitne si eiga påverkingkraft i utviklinga til barnet. Ein av dei gjengse ideane til kva foreldreskapet skal innehalde, handlar om å fylle kvardagen med innhald gjennom aktivitetar som er tilrettelagde for

²⁵ Helse- og livsstilsprogram på NRK.

småbarn. Eg vil no sjå nærare på korleis mine informantar stiller seg til denne forma for organiserte aktivitetar.

Organiserte aktivitetar

Alle informantane eg har vorte kjend med tek med babyen på ulike former for organiserte aktivitetar. Noko av årsaken til dette, ligg sjølvstapt i at det var gjennom slike aktivitetar eg rekrutterte dei fleste av informantane. Dette rokkar likevel ikkje ved mitt inntrykk av at å delta på «babyaktivitetar» er utbreidd blant den gruppa foreldre utvalet mitt høyrer til. Dei fleste i omgangskretsen til informantane tek med babyen på ein eller fleire typiske babyaktivitetar i løpet av veka, og tilbodet av organiserte aktivitetar til sped- og småbarnsforeldre er stort. Babysong var den aktiviteten eg deltok mest i under feltarbeidet. Andre døme på slike aktivitetar, er babysymjning, open barnehage babymassasje, strikke-kafé, føremiddags- eller trilletreff, i tillegg til barselgrupper som vert organisert gjennom helsestasjonen.

Aktivitetane vert skildra som noko barna har godt av og utbytte av, samstundes som det er ein sosial arena foreldra set pris på. Eg vil argumentere for at denne type aktivitetar er ein arena der foreldre presenterer seg sjølve som foreldre for andre foreldre på, og få stadfesta seg sjølve som gode eller flinke foreldre. Ved å delta, utøvar ein sitt moder- eller faderskap på ein praktisk og handgripeleg måte som er konkret og synleg for andre. Barnet blir stimulert og får mulegheit til å utvikle seg både psykisk, sensorisk-motorisk og sosialt, noko som blir sett som ein viktig del av det å fylgje opp barnet på ein god og ansvarsfull måte. Aktivitetane fungerer òg som ein møtestad for foreldra, der dei får dekt sitt behov for vaksenkontakt gjennom eit meir eller mindre stabilt nettverk ein kan treffe på regelmessig basis i spedbarnsperioden. Eg vil no eksemplifisere korleis denne forma for organiserte babyaktivitetar kan arte seg for mine informantar gjennom ei empirisk skildring frå babysongen, før eg kjem attende til min teoretiske diskusjon.

Babysong – «Babyar treng å treffe andre babyar»

Babysong-arrangement skulle vise seg å bli sentralt for rekruttering av informantar til prosjektet mitt, og utgjer ein slags base for mitt feltarbeid når det kjem til samhandling mellom foreldre. Det finnst flust av babysong-grupper rundt om i bydelen, og

arrangementet er ope for alle med babyar i alderen 0 til om lag 18 månader. Eg fekk nyss om tilstellinga gjennom helsesyster, og inviterte meg sjølv til å delta.

Babysongen går føre seg om føremiddagen annankvar tysdag, og varer i om lag 2 timar, medrekna sosialt samvere før og etter sjølv synginga. Eg er ein av dei første som kjem denne gongen, og blir teken imot av Kathrine, ei ung kvinne på min eigen alder som leier babysongen på frivillig basis. Me er i underetasjen av ei relativt ny kyrkje, eg anslår det til å vere ei form for arbeidskyrkje frå 70-talet. Rommet er innreidd i lyse fargar, lite minner om eit kyrkjerom. Eg lurar på om det hovudsakeleg er foreldre frå kyrkjelyden som nyttar seg av tilbodet, i og med at det går føre seg i kyrkja, men Kathrine avkreftar dette. Ho forklarar at arrangementet har fokus på det sosiale og å skape ein naturleg samlingsstad for alle småbarnsforeldre i bydelen. Ho har lagt ut over raude og blå gym-matter på golvet i den eine delen av rommet, og strødd over puter i ulike fargar og fasongar i ein vilkårleg ring.)I den andre halvdelen av rommet er stolar og bord sett saman i små grupper. Sola skin inn gjennom vindauga over eit piano i lakka tre som står i eit hjørne saman med ei afrikansk djembe-tromme. Me tek av oss skorner i dørøpninga, forsyner oss med kaffi som er sett fram, og set oss rundt eitt av dei næraste borda og småpratar. Snart kjem det fleire mødrer med barnevogner, og borda byrjar fülle seg opp.

Det er ei roleg og behageleg stemning i lokalet. Babyane får av seg yttertøyet og plundrar på golvet eller på fanget til mødrene. Langs veggane er det snart fullt av barnevogner på rekkje og rad, saman med babytepper og barnevognvesker fulle av bleier, tåteflasker, klesskift, leiker, smokkar, vassflasker og nistemat. Det er mindre lite hyl og skrik frå babyane enn eg hadde venta, litt småsutring frå enkelte, men mest «godlydar». Foreldra småpratar og helsar på dei som kjem sist, det kjem eit par fedrar òg, i tillegg til alle mødrene. Det blir lagt merkje til at eg sjølv ikkje har baby, og eg får fleire nyfikne blikk av dei eg ikkje får helst på før det omsider er tid for å samlast i ein ring på golvet med baby i fanget og starte song-økta.

Kathrine introduserer meg for dei 19 oppmøtte foreldra, 17 mødrer og 2 fedrar, og eg forklarar kort om prosjektet mitt før babysongen kan starte. Denne gongen er det eit tvillingpar med i gruppa, to viltre jenter på rundt 10månader, som er i fylgje med faren sin. Han spør om eg kan tenkje meg å ta meg av ei av jentene under songen, noko som passar meg godt, og så er me i gang.

Seansen byrja med å ynskje alle barna velkomne med ein song : «Og dette er (namn)/ og dette er (namn)/ kom la oss spille og syng for dere/ tralalalala/ tralalalala/ (...)». Undervegs i denne song-regla fortel foreldra namnet på barnet sitt til dei andre i gruppa innimellom kvart vers, og så blir namna inkludert i versa. Ansiktsuttrykka til foreldra seier meg at dei er engasjerte i songen og konsentrerer seg for å få inn namna på rett stad. Babyane sit på fanget og blir vogga eller gynga i takt med musikken. Dei minste held foreldra gjerne tett inn til kroppen, medan dei største får krype litt rundt på golvet om dei ikkje roar seg i fanget. Me held fram med ei rekkje andre songar og regler, dei fleste med bestemte rørsler til. Nokre av songane er barnesongar eg kjenner til frå før, andre er heilt ukjende for meg. Men alle songane er enkle, med korte vers, og blir repetert fleire gongar slik at alle kan henge seg på. Kathrine understrekar i starten at her er det berre å syng med den stemma ein har, og at babyen garantert tykkjer at foreldra si stemme er den vakraste. Eg kan høyre at fleire tek henne på ordet og skruer opp volumet noko.

Kathrine vekslar mellom å spele piano til, syng saman med oss, eller slå enkle rytmar på den store djembe-tromma. Songane har i stor grad tydelege rytmar og gjentakande element. Når me syng igjennom ein ny son for første gong, er fleire av foreldra litt forsiktige, og lydnivået er lågt. Men etter kvart som fleire får inn tekst og rytme, stig etter kvart volumet på synginga. Nokre foreldre syng med høg og klar stemme gjennom heile sekvensen, andre og kviskrar tekstene lågmælt inn i øyret på babyen når det er rolege voggensongar, eller legg på meir kraft når det er songar dei tydeleg kjenner frå før. Alle er aktive i rørsle som høyrer med, og viser tydelege ansiktsuttrykk, mimikk og grimasar til babyen. I denne delen av babysongen er fokuset vendt innover, mellom foreldre og barn, meir enn ut til dei andre babyane. Me har ein sekvens der babyen kviler med ryggen inntil låret til mor eller far, med ansiktet mot mors/fars ansikt. På instruksjonar gjer me ulike rørsler for kvart vers; klappar babyen på magen, viftar med babyens armar, «syklar» i lufta med føtene til babyen, stryk han på ryggen, klappar hendene saman, alt i takt med musikken. Ikkje alle babyane greier å halde seg i ro heile tida, og babyen eg har fått ansvaret for svinsar opp og ned av fanget og inn i midten av sirkelen nokre gongar undervegs.

Så er det tid for å reise oss opp og bevege oss litt meir. Me står framleis i sirkel, og med den eine armen under magen på babyen, lyfter me babyane i takt opp i lufta medan me går eit steg inn i ringen. Dermed møtest babyane i lufta i midten av sirkelen. Me syng og går i ring, og gjentek det luftige løftet av babyane fleire gongar, og går nærare dei andre deltakarane for

kvar gong. Fleire av babyane kjem med oppglødde hyl og kvin under denne seansen, og foreldra ler med. Dette er tydelegvis høgdepunktet av songsekvensen. Eg merkar at det etter kvart blir tungt for armene med denne løftinga. Eg må skifte stilling fleire gongar, og tek meg i å puste letta ut i det me avsluttar løftinga. Etter om lag 40 minutt med song og aktivitet, avsluttar Kathrine økta, og set fram ei kasse med leiker på golvet. Nokre av babyane krabbar bort og byrjar leike med innhaldet i kassa, og mødrer, fedrar og barn vert sitjande spreidd rundt på putene og mattene og snakke i små grupperingar på 2-3-4 stk. For nokre er det på tide med mating og pupp, og kaffi og te er framleis tilgjengeleg for oss vaksne. Mødrene og fedrane vert verande ei god stund, talar om laust og fast medan babyane vert stelt og mata. Dei fleste bur i området, og fleire kjenner kvarandre frå før. I denne uformelle sosiale delen av babysongen freistar eg å henge meg på samtalene til foreldra, samstundes som eg er interessert i å finne ut meir om foreldra si oppleving av babysong som aktivitet.

Kvifor tek foreldre med babyane sine på babysong? I samtale med ei av mødrene, som har med seg sin 7 månader gamle baby, spør eg om nettopp dette. Ho svarar: «Men, du veit, babyar treng å treffe andre babyar (...)» Svaret ho gav, endra måten eg fram til då hadde sett på desse babyaktivitetane. Eg hadde tenkt på aktiviteten i seg sjølv, det å synge for babyen saman med andre foreldre, og at foreldre som tok med barna sine hit kanskje var særleg interessert i musikk eller å utvikle barns musikalske evne, eller såg på musikk som ein fin reiskap for å styrke relasjonen mellom foreldre og barn, eller skape tilhøyre og tryggleik for barnet. Men denne informanten fokuserte ikkje på noko av dette, men på *barnet sitt sosiale behov*. Men (kvifor) treng babyar å treffe andre babyar?

Barns behov og foreldres behov

Oppfatninga av at babyar har behov for å treffe andre babyar og være sosiale saman med andre på sin eigen alder, er gjeldande heilt frå dei er ganske små. Som dei fleste andre foreldra eg blir kjend meg, har informant Anne Lise sett av ein krok i stova dekt av eit fargerikt vattert teppe der babyen kan leike seg. Leikene ligg strødd rundt om på teppet, og når eg er på besøk, vert Anne Lise sitjande å plundre og vise fram ulike leiker med ulike fargar, fasongar og lydar til Mathea. Anne Lise forklarar at Mathea ikkje trivast så godt med å underhalde seg sjølv. Om ho til dømes let henne liggje på babyteppet i stova ei stund medan ho stiller seg på kjøkkenet for å vaske opp, varer det ikkje lenge før ho er misfornøgd

med å liggje der åleine. Då er det annleis om ho har venninner med barn på same alder på besøk. Medan mødrene skravlar og drikk kaffi, kan babyane liggje ved sidan av kvarandre og leike. Det er ikkje det at dei har noko særleg samspel over tid, til det er dei for små, men Anne Lise meiner at ho likevel merkar den andre babyen og blir oppteken av det og har glede av å vere saman med andre barn. Babyane får seg vener og er sosiale frå dei er heilt små, og har godt av å treffe andre for å utvikle desse evnene. Denne type argumentasjon vert ofte brukt når foreldra freistar setje ord på kvifor dei har valt å ta med babyen på ulike organiserte aktivitetar også. Dei ser at barnet har det godt og trivest i selskap med andre babyar, og denne sosialiseringa er noko babyen har «godt av å lære først som sist».

Eg vil argumentere for at dette heng saman med biletet av *det gode foreldreskapet*. *Gode foreldre* fylgjer opp barna/babyane sine gjennom ulike aktivitetar, organiserte og uorganiserte²⁶. Det at babyen har behov for å leike med eller treffe andre babyar, går inn under ein diskurs knytt til utviklinga av sosiale ferdigheiter. Fleire av mine informantar i foreldrepermisjon tek med babyen ut på aktivitetar, organiserte eller uorganiserte, nesten kvar dag, og uttaler at det å vere heime ein heil dag er keisamt eller lite utviklande for barnet, at barnet har behov for at noko skal «skje» om dagane. I tida som heimeverande mor eller far bør ein helst ikkje bli sitjande i ro for mykje, men aktivt oppsøkje foreldre med barn på same alder. Her er det kort veg frå *barns behov* til *foreldres behov*. Aktivitetane gjev foreldra sjansen til å treffe andre foreldre, og fyller dermed deira eige behov for sosial kontakt. Informantane finn det meiningsfullt å møte andre foreldre i same situasjon, om det er snakk om babysong, trilletreff, barselgruppe, venebesøk eller kafébesøk. Eg meiner dette kan forklarast gjennom at foreldre overfører sitt sosiale behov til babyen. Foreldre som er vane med eit aktivt og sosialt liv gjennom jobb og fritidsaktivitetar, søker sosiale møtepunkt medan dei er heime med barnet. Ved å omskrive sitt eige behov for å treffe andre til å handle om babyen sitt behov, gjer dei det sosiale til noko som er viktig å prioritere i kvardagen, for gjer dei til gode foreldre som fylgjer opp barnet og sørgjer for at barnet sine behov blir godt ivaretekne. Gjennom aktivitetane viser foreldra til omverda at dei er flinke og ansvarlege foreldre som fylgjer opp barna sine på ein god måte og sørgjer for at dei får den stimulansen dei treng for å utvikle og tileigne seg dei sosiale ferdigheitene som skal til for å fungere optimalt som eit sosialt individ. Foreldra oppdaterer facebook-profilane sine med hyggjelege aktivitetar dei

²⁶ Barns sosiale behov er òg eit mykje brukt argument i samband med bruk av barnehage, noko eg vil kome nærare inn på i neste kapittel.

har gjort saman med barnet, og planlegg aktivitetar dei kan gjere saman med barna og som ein familie i helgene²⁷.

Dess eldre babyen blir, dess fleire organiserte aktivitetar blir han teken med på. Til dømes er aktiviteten open barnehage sett på som ei fin trening eller førebuing før barna byrjar i barnehage, og blir brukt mest av foreldre med litt eldre barn, gjerne mellom 10-12 månader og opp til to år, medan babysong er noko ein kan ta med babyen på frå han er nærast heilt nyfødd. Den yngste babyen eg møtte på babysong var om lag fire veker gamal. Eg ser difor at aktivitetane kan vere ei form for førebuing til liknande aktivitetar barnet vil møte i barnehage, skule og fritidsaktivitetar vidare i livet. Gjennom å delta i organiserte aktivitetar, blir barnet van med ei form for tidsorganisering som kjenneteiknar mykje av den aktiviteten ein finn i institusjonane barnet seinare vil kome i kontakt med. Men aktivitetane er òg med på å forme innhaldet og måten ein agerer på som foreldre. Foreldra treffest, utvekslar erfaringar og lærer av kvarandre, samstundes som dei meir eller mindre vert meir samkøyrd, eller like, som gruppe i sin veremåte som foreldre.

Det gode foreldreskapet inneheld ut i frå mine informantar ein komponent av å fylgje opp barna sine gjennom ulike organiserte aktivitetar der ein møter andre foreldre og får sjansen til å vise fram og presentere seg sjølv som pliktoppfyllande og sosialt akseptert forelder. Å delta på faste aktivitetar gjennom veka, er også med på skape struktur i kvardagen. Faste aktivitetar på faste dagar, gjer at foreldra har kjensla av å «gjere» noko som foreldre, som er konkret og praktisk, og som barnet har godt av og har glede og utbytte av. Slik «gjer», eller utøver foreldra foreldreskapet i eit meir eller mindre offentleg rom. Mine informantar gjev uttrykk for at det å fylgje opp babyane/barna sine på faste aktivitetar er noko som høyrer med til det å vere foreldre, og trekkjer fram eigne erfaringar frå foreldre som køyrde til fotballtrening og liknande då dei sjølve var barn, som eksempel på at dette er noko som «alltid» har høyrte til foreldrerolla. Endå aktivitetar for så små barn knappast fanst om ein går ein generasjon tilbake, legg dei fram ideen om å fylgje opp barn gjennom organiserte aktivitetar som ein naturleg del av foreldreoppdraget som ikkje skil seg nemneverdig frå tidlegare generasjonar sin måte å vere foreldre på. Dei nye aktivitetane som no er

²⁷ Metodisk vil eg her leggje til at sidan eg i mindre grad har vore tilstade på helge- og familieutflukter o.l., men at blikket mitt her rettar seg mot *presentasjonen* av desse aktivitetane som viktige i konstruksjonen av foreldreskapet.

tilgjengelege, er sett som positive tilskot, og ei forlenging av aktivitetstilbodet for å dekkje alle fasar av barndommen.

I tillegg til å kunne tolkast som å vere ein slags presentasjon av sitt eige foreldreskap, ei synleggjering av at ein fylgjer opp barnet som gode og omsorgsfulle foreldre, kan desse aktivitetane òg sjåast som ei førebuing til komande organiserte aktivitetar barnet vil møte i barnehage, skule og vidare utdanning. Foreldra tenkjer seg at overgangen til å byrje i barnehage vert mindre for barnet om det vert introdusert og kjend med denne forma for aktivitet i trygge omgjevnader med mor eller far i trygg nærleik.

Det å vere aktiv å delta på organiserte aktivitetar frå barnet er baby, sender også ut signal til andre foreldre. Det er ein sosial arena der du møter andre vaksne i same situasjon som ein sjølv. Gjennom aktivitetane viser foreldra at dei lever eit aktivt og innhaldsrikt liv (sjølv om du er i barselpermisjon), og at du i denne tida aktivt prioriterer barnet, og finn det meiningsfullt og innhaldsrikt å bruke tid på barnet. Tavla på helsestasjonen er full av oppslag om ulike aktivitetstilbod til småbarnsforeldre. Når det er blitt så vanleg i denne bestemte gruppa foreldre der eg har mitt utval ifrå å delta på slike aktivitetar, kan det å *ikkje* delta sende ut negative signal. Det å ikkje delta kan bli tolka som eit teikn på å ikkje engasjere seg nok, å ikkje vere fullt så gode foreldre som dei som deltek er. Er du aktiv med på ulike tilstellingar, viser du at du fokuserer på barnet og barnets utvikling, du stimulerer det til vekst og utfolding, og tida brukt på aktiviteten kan vere ei form for *kvalitetstid* for deg og barnet, der de har mulegheit til å knyte band og lære kvarandre betre å kjenne. Som oftast er det berre den eine av foreldra som er til stades på desse aktivitetane. Nokre av foreldra understrekar at å delta på aktivitetane styrkjer det individuelle bandet mellom til dømes far og barn, noko ein ikkje ville ha oppnådd dersom baa foreldra hadde vore tilstade. Babysymjing, derimot, blir kategorisert som ein *familieaktivitet*. Her er som regel baa foreldra med, i motsetning til aktivitetar som babysong eller trilletreff, der eg aldri har sett foreldre kome i par.

«Så klart vi er likestilte!»

Heidi har vore heime med Olav samanhengande i månadene som har gått etter at han vart født, og nyt tida saman med han. Gjennom eit aktivt yrkesliv før ho fekk barn, er ho van med lange arbeidsdagar og høgt arbeidstrykk, ho har mykje energi og trivast med eit høgt

arbeidstempo. Jan-Egil og Heidi har ikkje diskutert fordelinga av fødselspermisjonen noko særleg, men er einige om at det passa best at ho er heime med Olav, medan Jan-Egil held fram i jobben. Dei forklarar at Jan-Egil var mykje heime då dei eldre barna var små, og at det no er Heidi sin tur til å nyte godt av permisjonstida. Heidi forklarar:

«Ja, det er jo et helt annet liv. Men det visste jeg jo på forhånd. Det er jo slik man hører at man må legge om og alt dreier seg om den lille og – det er jo sant, da – men det er jo sånn jeg gjør det til selv også. Hvis jeg skal ut og handle klær til meg selv for eksempel, så kommer jeg jo hjem med ingenting til meg og leker og klær til ham, da, så det blir sånn... (latter) – du er bare helt sånn fokusert på den lille, da, og glemmer deg selv, på en måte. Jeg synes det er litt godt også, å få, når du har levd i førti år og hatt kun fokus på deg selv, så er det godt å få fokus litt bort på noe annet.»

Gjennom å tolke korleis dette informantparet formidlar sine val i forhold til barselpermisjonen til meg på, kjem det fram eit ynskje om å framstå som moderne og likestilte: «Vi deler på ansvaret», og «nå er det Heidis tur [til å være hjemme]», understrekar dette. Samtidig går det fram at valet om at Heidi tek ut fødselspermisjonen knappast er diskutert, men fatta som ei praktisk forlenging av Heidi sitt ynskje om å oppleve spedbarnsperioden som mor på fulltid. Heidi er usikker på om ho kjem til å få fleire barn, og vil ikkje gå glipp av erfaringa ho får som gjennom å vere heime med Olav til han er i alle fall eitt år. Til liks med mine andre informantmødrer, kan ho ikkje førestille seg å vere borte frå Olav denne tida, og nyt det å vere mor «på heiltid». Samtidig er Heidi i fortløpande kontakt med jobben. Ho svarar på e-post, rettleiar studentar og puslar med nokre fagartiklar, som ho seier. Heidi er van med å utnytte dagane godt, og synest at ho har fått til denne balansen på ein god måte hittil. Ho vil ikkje leggje bort karrieren, men ser på permisjonstida som eit etterlengta avbrekk, der fokuset først og fremst er retta mot babyen. Ho går dermed ikkje med på å redusere seg sjølv til å vere «berre mor»; hennar identitet og sjølvforståing ligg framleis mykje i jobb og arbeidsliv. Men for denne perioden då babyen er liten, ynskjer Heidi å gå fullt og heilt inn i morsrolla og byggje opp gode og nære band til barnet for at det skal kjenne seg trygt og ivareteke. I konflikten mellom å få tid til både karriere og barn, er Heidi si løysing ei periodevis veksling mellom dei to. Ho legg vekt på det første leveåret til barnet som spesielt viktig, og noko ho absolutt ikkje vil gå glipp av, og ser det som ei avgrensa periode der barnet treng henne spesielt mykje. Etter at denne perioden er over, vil ho attende

i jobben, og kombinere barneomsorg med eit aktivt yrkesliv. Dette valet Heidi gjer om å ta seg av barnet på fulltid i denne første avgrensa perioden.

Som eg allereie har vore inne på tidlegare, kan mor seiast å ha eit litt anna mandat enn far, knytt til blant anna til at det historisk sett har vore mors oppgåve å skape og oppretthalde familien som institusjon. Samstundes finn eg, som eg òg har vore inne på, mange stader i mitt materiale ei understreking av at det å skape ein kjernefamilie er eit *fellesprosjekt* mellom mor og far. Foreldra opplever ikkje at mors spesielle rolle i starten på foreldreskapet hindrar dei frå å halde fast ved førestillinga om eit moderne og likestilt familieliv.

Spedbarnsperioden er både ein unntakstilstand og ein naturtilstand, og når mor ynskjer å ha primæromsorga for barnet fell saman med forståinga av relasjonen mellom mor og barn som spesielt sterkt, blir fordelinga gjord meir ut av ei forståing om fritt val enn faste mønster.

Solgunn og Halvard er klar over at dei har ei relativt tradisjonell arbeidsdeling når det kjem til omsorgs- og husarbeid, men meiner at så lenge dei sjølve ikkje går og irriterer seg over det, er heilt i orden. Halvard forklarar for meg i ein spøkjefull tone:

«Hos oss er det back to the 50s, hehe! Nei da, men vi har en klar fordeling, og det funker bra! Jeg klipper gress, vasker bil, det er ganske naturlig, inne er det hun som vasker. Jag vasker klær og på kjøkkenet, men hun klager på vaskinga mi om jeg vasker andre steder. (...) Vi går ikke rundt slik som vi har sett noen andre par gjør, som gir barnet til den andre og sier: «nå har jeg gjort mitt, nå er det din tur», og lemper barnet opp i den andres armer. Det funker ikke, vi gjør bare det vi gjør.»

Halvard og Solgunn legg ikkje vekt på å halde nøyaktig teljing med kven av dei som gjer slik og sånn, og kven sin tur det er å gjere den eller den oppgåva. Å vere *for* oppteken av likestilling i tydinga nøyaktig likedeling, vil i deira auge kunne verke krampaktig, og er verken særleg hensiktsmessig eller romantisk. I staden for at bae skal gjere halvparten av alle oppgåvene, fordeler dei det slik at nokre arbeidsoppgåver som regel blir gjort av Solgunn, medan andre blir gjort av Halvard, og så deler dei sånn omtrentleg på resten. Dina og Bård gjer det på om lag same måte. Dina tek seg av klesvask, stryking og golvvask, medan Bård tek seg av oppvasken. Dei har ikkje noko i mot at rollene er relativt tradisjonelle når det gjeld kven som gjer kva for arbeid, men held fast på at arbeidet skal opplevast som rettferdig, og at den totale arbeidsmengda er relativt jamt fordelt over tid. Elise og Bendik, derimot,

fordelar fleire oppgåver på den måten at dei gjer oppgåvene halvt om halvt. Til dømes vaskar dei kvar sine klede separat, og vekslar på matlaginga. Dei er bevisste på å fordele husarbeid mest muleg likt mellom seg, og for å få betre tid til det dei har lyst til, prioriterer dei bevisst bort det dei ser på som unødvendig husarbeid. Dei meiner at ingen tek skade av litt støv i krokane eller utstroke klede.

Likskapsidealet er ikkje ein fast storleik, og mine informantar er fleksible i si tolking av kva likestilling er, kva lik fordeling av arbeidsoppgåver er, og korleis det felles ansvaret for barna kan gjennomførast i praksis. Ved å omdefinere likestillingsspørsmålet til å handle om noko meir diffust enn ei nøyaktig lik fordeling av huslege oppgåver og barneomsorg, er det ikkje så farleg om mor er litt meir «forelder» enn far. Barnet og arbeidet med barneomsorg er likevel ei felles sak. På spørsmål om ho meiner at ho og Bård er likestilte, er Dina først litt usikker: «Vi er ikke akkurat *likestilte* (dreg litt på det). – Er vi likestilte, Bård?» Bård, som sit i andre enden av stova, gløttar opp frå avisa med ei sjølvsgd mine; «så klart vi er likestilte!» Dina vender seg mot meg att og poengterer at det er noko som dei ikkje har diskutert så nøye; « – Det har kommet helt naturlig».

Foreldra framhevar sine likestilte roller, men rettar seg inn mot ei *likeverdige* omsorgsfordeling, meir enn mot identiske roller. *Barnets beste* går føre *likedeling av arbeidsoppgåver*. Det at barns beste medfører meirarbeid for mor, er underordna. Dette kan koplant til John Borneman sin diskusjon om *det heteronormative plot*, der ekteskapet er normativt rammeverk som institusjonaliserer familie og slektskap (Borneman 2001). Borneman held fram korleis barn har eit fundamentalt behov for omsorg, komplimentert gjennom eit menneskeleg behov for å *gje* omsorg, og diskuterer dette opp i mot Carol Gilligan sin omsorgsetikk (jamfør Gilligan 1982), og omsorg som ei moralsk høgarestående eller overordna (superior) handling av menneskeleg resiprositet. Men dette forklarar ikkje kvifor omsorg har fått eit feminint forteikn.

Ut i frå mine samtalar og intervju, kjem det fram at mødrer brukar meir tid og tankeverksemd på barnet enn det fedrane gjer. Dei har større oversikt over kva barnet har og ikkje har av utstyr, og kva det treng av materielle ting. Til dømes har det å gå i butikkar og handle endra seg for mange av mødrene: «Hver gang jeg er ute og handler, tenker jeg på hva jeg kan kjøpe til ham. Det er helt sykt, jeg vet det. Ja, det er sykt.» uttrykkjer Dina ved eit høve. Heidi inne på det same i si utsegn nemnt tidlegare om at ho når ho skal ut og handle

klede, endar opp med å kome heim utan noko til seg sjølv, men med leiker og klede til minsten. I grove trekk er det mødrene som planlegg og legg til rette for kva barnet skal ete, og det er mødrene som har oversikt over kva barnet treng av klede og utstyr og liknande. Dette er noko litt ambivalent for mødrene. På den eine sida er det strevsamt å vere den som alltid skal ha oversikt og passe på, men på den andre sida er det godt å fokusere på den vesle, og godt å kjenne på korleis den vesle har det bra gjennom deira omtanke og merksemd.

Mors ynskje eller behov for å vise omsorg for barnet er også resultat/påverka av kulturelle narrativ av kva mor er og skal vere? Både blant mine informantar og i samfunnet elles, har eg fanga opp uttrykk slik som «likestilling er vel og bra, men ein må ikkje la det gå for langt» og liknande. Når slike utsegn kjem i samband med omsorg for dei minste barna, vil eg hevde at det ein her refererer til, ikkje først og fremst dreiar seg om likestilling mellom kjønna, men korleis ein skal forstå slektskap og det naturlege i slektskapsbegrepet. Likestillinga går ikkje «for langt», ved å trengje seg inn i slektskapsdomenet, derimot er det slektskapet som får sine grenser tøyde i det lengste folk reagerer på. Ein tenkjer seg at noko må vare ved som «heilagt» og uendra, nemleg mor-barn-relasjonen, fordi han er basert på slektskap. Av di slektskap er ein naturleg kategori, bør han ikkje bli offer for den politiserte likestillingstankegangen, som baserer seg meir på vaksne sitt behov enn barns behov. Ved å sleppe far inn i denne sfæren, eller på andre måtar justere på mor-barn-symbiosen, tøyser ein grensene for vår forståing av kva slektskap, og derunder moderskapet, er og skal være, og det særskilde meiningsinnhaldet i mor-barn-relasjonen risikerer å bli tømnd.

Barselgruppe – eit kvinneleg rom

Kvinner og menn har tradisjonelt vorte knytt til ulike sfærar i samfunnet, menn til det offentlege og kvinner til det private. Nokre rom eller domener blir sett på som mannlege, andre kvinnelege. I feministisk teori, vert det understreka at det i stor grad er menns eksklusive rom som avgrensar kvinner sine rørsler, og ikkje omvendt (sjå til dømes Solheim 1999). Som eg har vore inne på tidlegare i oppgåva, har det i *likestillingslandet Noreg* vore ei politisk målsetning å utjamne desse skilja og opne opp både det offentlege og det private rommet for bae kjønn.

I min empiri ser mødrer og fedrar i stor grad ut til å røre seg fritt mellom ulike rom og sfærer, men eit rom utpeikar seg som reint kvinneleg, nemleg barselgruppa. Barselgruppa er for mine informantar eit rom som tilhøyrrer mødrene, der mannen ikkje har tilgang. Mannen kan delta på svangerskapskurs og vere med under fødselen, han kan periodevis vere heimeverande og ha hovudomsorga for barnet, han kan delta i organiserte baby-aktivitetar, men ved barselgruppa går det ei slags grense.

Mødrene får tildelt plass ei barselgruppe av helsestasjonen i bydelen ved første oppmøte på helsestasjonen etter fødselen²⁸. Gruppene består som regel av fem-seks mødrer med babyar på same alder. Første møte er i regi av helsestasjonen, og så møtest gruppa på eige initiativ etter det. Det vanlege er å møtest på føremiddagane ein gong i veka eller annankvar veke, anten i heimane til mødrene, eller for ein felles trilletur, kafétur eller liknande. Her utvekslar ein erfaringar og tips om barnestell, amming, innkjøp av babyutstyr, babymat, søvnrutinar, barns utvikling, søkje om barnehageplass og andre ting som har med babyen å gjere. Samtaleemna som blir tekne opp i barselgruppa skil seg ikkje særleg frå det foreldre snakkar om elles når me treffest i ulike samanhengar, men rommet er likevel meir tilpassa direkte kunnskaps- og erfaringsutveksling. Mødrene utviklar etter kvart ein personleg tone, og er ikkje redde for å spørje kvarandre om korleis dei gjer dette og hint. Gruppa består av nokre førstegongsfødande mødrer, andre har eitt eller fleire barn frå før. Førstegongsfødande mødrer synest det er nyttig å kunne spørje mødrer med meir erfaring til råds i ein meir uformell setting, og mange set pris på fellesskapet og det å bli kjend med andre i nabolaget. Dette kan eksemplifiserast gjennom ein kommentar frå Anne Lise:

«Det barselgruppeopplegget til helsestasjonen er veldig bra. Altså, det at man blir satt sammen med en gjeng fra samme område. Man er på samme sted og har de samme problemstillingene liksom, du skal på de samme tidspunktene kanskje slutte og amme og sånn, ja alle de tingene som er utfordrende. Så det er veldig bra.»

Mødrene understrekar at det er ei viktig referansegruppe når det gjeld å fylgje med på om barnet utviklar seg slik det skal. Erfaringsutveksling står sentralt, og er eit rom der det både er akseptabelt og forventa å snakke uhemma om barnet og kvardagslege hendingar og utfordringar knytt til babyen. Dei færraste ser på mødrene i barselgruppa som nære vener,

²⁸ Eg har ikkje gjort deltakande observasjon på helsestasjonen, og kan difor ikkje seie noko om det er vanleg at fedrar er med på barnekontroll.

og informantane set ikkje likskapsteikn mellom barselgruppa og venninnegjengen. Barselgruppa utfyller eit anna behov eller nære vener, og ofte understrekar mødrene skilnader i alder og interesser seg imellom, der babyane er kjernen som held gruppa saman. Det er fint for babyane å bli kjende og leike litt saman, og nokre av dei vil kanskje byrje i same barnehage, og kan difor ha glede av å bli litt kjende med kvarandre.

Ikkje alle mødrene opplever barselgruppene som like viktige som treffstader. Dina meiner ho ikkje har hatt særleg utbytte av si gruppe, og valde å melde seg ut av gruppa etter eit par treff. For henne var det ikkje nok å ha barn som fellesnemnar for å trivast og finne meining i samveret. Flytting og jobb verka også inn på hennar val om å droppe denne aktiviteten. For Anette, kom òg flytting i vegen for deltaking i barselgruppa, då flyttinga gjorde at ho fall ut av helsestasjonen sine oppsette grupper, og ikkje vart tildelt ny i den nye bydelen. Sidan ho og babyen Oliver ikkje deltek i så mange andre faste aktivitetar, opplever ho det som litt dumt at ho ikkje har kome med i nokon gruppe. Sidan ho meiner at babyen har det best hjå henne, trur ho ikkje at babyen går glipp av noko: «Han er jo ikke eit år, engang!». Men for sin eigen del, saknar ho litt kontakt med andre mødrer. Venninner utan barn er ikkje interessert i alle detaljar rundt babyen, og ho ynskjer heller ikkje å trøytt dei ut, så ho ser at ho kunne hatt utbytte av å delta i ei barselgruppe.

Det kvinnelege rommet barselgruppa utgjer, ekskluderer som sagt menn. Solheim (1999) ser på *eksklusjonen* som ei grunnleggande grensemarkering. Eg vil ikkje trekkje inn Solheims vidare analyse av kjønn og makt her, men peike på Solheims poeng der ho understrekar korleis slike grenser mellom det mannlege og det kvinnelege ofte er *heilt innlysende*, og dermed også *usynlege*; ein legg ikkje merkje til at dei er der. Når eg freistar spørje mine informantar om dette med at barselgruppa er for kvinner, er det så sjølvstøtt at dei ikkje heilt tek spørsmålet. Barselgruppa som kvinneleg domene kan dermed vere med på å bevare eksisterande grenser mellom moderskapet og farskapet, og understreke den særskilde rolla mor blir tildelt som bærande omsorgsperson i symbiotisk forhold til den nyfødde babyen, som eg har vore inne på i det føregåande kapitlet. Anne Lise forklarar det slik:

«Jeg tenker at det er viktig at jeg som nybakt mamma ikke går helt opp i henne, at far da kan føle seg litt som en nummer to. Det er feil at det bare skal dreie seg om henne. Men der tror jeg barselgruppene har en viktig funksjon. Man har et veldig stort behov for å snakke om alt som har med barnet å gjøre, og da kan man ta det opp der,

diskutere, der er det greit å bare snakke om barn. Og så kan man komme hjem og snakke om andre felles interesser. Jeg synes det er greit å spare fedrene for litt. Det er ikke alltid det er de viktige tingene, de bare føles viktig for mor i en hektisk hverdag, og da er det fint å ha andre kanaler å få det ut på enn gjennom samboeren, som kanskje ikke ser detaljene i de små tingene som skjer gjennom dagen hjemme med barnet.»

Anne Lise meiner altså at det er nokre sider ved det å ha ein baby fedrar treng å bli skåna for. Kvifor skal fedrane bli spart for litt av babysnakket? Kvifor har fedrar behov for å bli skåna for mødrenes kvardagsutfordringar knytt til babyen? Kan det ha noko med maskulinitet å gjere; ei slags førestilling om «hit, men ikkje lenger», når det gjeld fedrar og deira steg inn i barneomsorga? For Anne Lise dreiar det seg om å skilje ut det viktige frå det uviktige, det vesentlege frå det uvesentlege. Mødrer kan lett bli «nærsynte», eller sjå seg heilt blind på babyen, og alt babysnakket kan verke trøytande på far, og dermed øydeleggjande på parforholdet. Ved å spare far for nokre detaljar som uansett kanskje ikkje er så viktige i den store samanhengen, er det lettare å halde far interessert i babyen, eller unngå at han «går lei». Her blir barselgruppa ein viktig ventil der ho som mor kan diskutere trivielle ting knytt til babyen «uhemma» med «likesinna». Men kvifor er ikkje far «likesinna» i denne samanhengen? Ut i frå Anne Lise si utsegn, kan noko av forklaringa liggje i at mor og far ikkje har hovudansvaret for barnet samstundes. Medan den eine er på jobb, er den andre heime med barnet og ordnar alle detaljar for babyen. For den som er på jobb, kan desse detaljane vere uinteressante eller trøyttande. Dette skulle tilseie at rollene vil snu seg i ein periode der far har hovudomsorga for barnet og mor er tilbake i jobb. Dette ser derimot ikkje ut til å vere tilfelle. Når far er i permisjon, er har mor allereie etablert sine rutinar kring barnet, og vil gjerne fylgje opp og sørge for at desse vert ivaretekne.

Avrundning

I dette kapitlet har eg sett på korleis mine informantar *gjer* foreldreskap, med ei særleg vektlegging på organiserte babyaktivitetar. Foreldra ynskjer å leggje best muleg til rette for at barnet skal få utvikle seg på ein sunn og god måte, og dei organiserte aktivitetane vert ein konkret og praktisk måte å vise at ein tek dette ansvaret på alvor. Foreldre snakkar mykje om og er opptekne av *barns beste*. Gjennom kapitlet har eg diskutert korleis det foreldra reknar som barns behov kan koplast til deira eige behov for å vise at dei forvaltar sin kunnskap om

barn på ein fornuftig og meiningsfull måte. Gjennom likestillingsdiskursar vert det viktig at både foreldra deltek i dette arbeidet for å utvikle gode personlege relasjonar til barnet.

Omsorgsarbeidet blir framstilt som eit grunnleggjande menneskeleg behov, men som har fått eit kvinneleg forteikn. Men forståing av slektskap gjennom den naturlege symbiosen mellom mor og barn, er kan hende i ferd med å bli utfordra gjennom at mødrene inviterer fedrane inn i omsorgsarbeidet. I neste kapittel vil eg sjå nærare på staten sin innverknad på foreldreskapet, der eg særleg ser på korleis barnehagen justerer organiseringa i familien.

5 Familie og stat

Eg vil i dette kapitlet ta føre meg samspelet mellom foreldre og stat i utforminga av barneomsorg og familieorganisering. Staten som aktør formidlar idear om familien, og er med og legg premissar for korleis foreldre organiserer familielivet. Gjennom å sjå på barnehagen som offentleg institusjon for barneomsorg, vil eg utforske korleis innhaldet i statlege verdiar er i spel med foreldre si forståing av foreldreskapet. Korleis oppfattar, erfarer og forklarar foreldre det å la andre, i dette tilfelle staten, ta hand om eittåringen? Korleis verkar det offentlege inn på forståinga av *barns beste*, og korleis er barnehagen som moralsk institusjon med på å forme foreldreskapet? Kva for tydingar har det at barnehagen overtek ein del av omsorgsansvaret som tidlegare låg på familien?

Ein ny fase for foreldreskapet

Foreldreskapet endrar seg ettersom barnet vert større. Å vere foreldre til ein baby har eit anna praktisk innhald og eit anna meiningsinnhald enn å vere foreldre til eit eldre barn, og etter som barnet veks til, trer foreldra inn i stadig nye oppgåver, utviklar og endrar sin relasjon til barnet, og vidareutviklar «foreldresidene» i seg sjølv som omsorgspersonar, rollemodellar og næraste pårørande ovanfor sine barn.

Frå spedbarnsstadiet og framover til barnet rundar eitt år, har barnet ei bratt utviklingskurve, og foreldra gjer seg stadig nye erfaringar som foreldre. Mine informantar ser på dei første månadane me ein baby som noko kvalitativt annleis enn tida som kjem, eller skal kome, etterpå. I den første perioden har både barnet og foreldra andre behov, ei anna døgnrytme og andre vanar enn seinare i livsløpet til barnet. Foreldra forventar t.d. at det praktiske i kvardagen skal endre seg etter at spedbarnsperioden er over, frå hittil i stor grad å ha dreia rundt barnets basisbehov som søvn, mat, nærleik og omsorg, til å handle meir om kommunikasjon, mestring, og etter kvart grensesetjing og oppdraging, for å nemne noko. Det første leveåret vert som ein slags «unntakstilstand», ein avgrensa periode med spesifikke utfordringar og hendelsesforløp, som ein forventar vil ta slutt eller gå over i andre fasar etter eit bestemt tidrom. Denne første fasen vert også forstått som ein periode der ein som omsorgsperson har relativt avgrensa valfridom til å utforme det praktiske innhaldet i kvardagen. Tida som går med til å fylle barnets basisbehov formar og fyller døgnnet til den av

foreldra som tek seg av barnet, og det er forventat at foreldra set barnets behov først i dei fleste samanhengar. Foreldra har funne det vanskeleg å få tid til jobb- eller studierelatert arbeid parallelt med det å ta seg av barnet, og erfaring av at tida er stykka opp i nærast ubrukelege einingar er noko av det eg har fått formidla frå informantfamiliane. Foreldra ser på denne første perioden frå ulike synsvinklar: På den eine sida er dei opptekne av å ivareta denne tida og nyte ho medan det varer, i og med at det er ei tid som «ikkje vil kome att». På den andre sida er det ting ein ser fram til å bli «ferdig med» ettersom barnet blir større, som t.d. å sove betre, å slutte å amme, at ein kan kommunisere meir med barnet, at det skal lære seg å gå, at det kan vere med på meir aktiv leik og liknande. No kjem det gradvis andre behov, andre praksisar, andre førestillingar for kva foreldreskapet er og bør innehalde for mor og far. Det ligg forventningar til at far no kan tre inn og erstatte mor på ein meir likestilt måte enn i den første perioden. Foreldra kjenner det framleis som om dei har ein liten baby som treng mykje omsorg, men foreldra meiner barnet er stort nok til å klare seg utan foreldra i lenger periodar i løpet av dagen. . Omsorga for barnet skal etter kvart delast med barnehagen, og foreldra skal attende til arbeidslivet. Foreldra er opptekne av å planleggje slik at dei vil finne ein god balanse mellom jobb og familieliv, og seg imellom ynskjer dei å få til ei jamn fordeling av ansvar og arbeidsoppgåver knytt til heim og familie.

Som tidlegare nemnt, har det tradisjonelt vore slik at fars rolle var sterkare knytt til økonomisk forsørgjar og disiplinær oppdragar, medan mor var den som tok seg huslege plikter og det daglege stellet av barna. Den kjønnskomplementære husmor/forsørgjar-modellen var dominerande i middelklassen ein relativt kort periode, men har hatt stor innverknad på vår måte å tenkje og utforme kjønn og familie på (Holter omtala i Lorentzen og Mühleisen 2006:65-66). Dette mønsteret har endra seg, og i dag er det ikkje vanleg for korkje mødrer eller fedrar å vere heime med barna på heiltid særleg mykje lenger enn ein eittårsperiode. Eg ser det slik at perioden der mor var mor på heiltid; nødvendig, uunnverleg og tilgjengeleg heile døgeret for barnet, no har skrumpa inn. Perioden der mor utøver ei form for «naturleg moderskap» har minska frå å gjelde nærast heile barndomen, i alle fall opp til skulealder, til å vere konsentrert rundt dei første månadane eller opp til det første leveåret til barnet. Ideen om mor sin naturlege plass i heimen som uunnverleg for barnet, gjeld no først og fremst det første leveåret til barnet.

I løpet av ein generasjons tid, har organiseringa av familiarbeidet med å ta seg av barna gått gjennom store endringar. Blant mine informantar, ser oppskrifta på ein velfungerande

middelklassefamilie ut til å ha som målsetning at både foreldra skal attende i lønsarbeid på eit bestemt tidspunkt når barnet er vakse frå spedbarnsstadiet. For foreldra er det ikkje spørsmål *om* dei skal attende i jobb, men *når* dei skal byrje jobbe att. Og spørsmålet om *når* er også relativt godt synkronisert hjå mine informantar. Når barnet rundar halvanna år, er foreldra innstilte på at omsorgsarbeidet skal delast med barnehagen. Eg vil straks sjå nærare på barnehagen som institusjon, men først vil eg ta føre meg staten sin innverknad på familien.

Staten som formidlar av idear om familien

Staten er ikkje utan verdi når det gjeld måten familien som institusjon trer fram og vert forma. Som tidlegare nemnt, har det i vestlege, moderne industrisamfunn etablert seg eit skilje mellom det offentlege og det private, der lønsarbeidet blir sett som lausreve frå hushaldet, og den private sfæren i familien er ein stad der individet kan trekkje seg tilbake frå den offentlege sfæren. Men dette er eit tenkt skilje, statlege tilhøve er ikkje utan innverknad på familielivet. Statlege idear og ideal grip inn i måten foreldre tenkjer om familien på, og politiske verdiar har gjerne eit moralsk nedslagsfelt. Det er sterke statlege interesser i det private familielivet, og det som skjer i familien er for viktig for staten til at det skal vere fullstendig opp til kvar enkelt korleis familielivet skal praktiserast (Danielsen og Mühleisen 2010:13). Staten har difor kome med ulike forslag og tilretteleggingar for korleis foreldre kan ivareta omsorgsarbeidet opp igjennom, som har bestemte bakanforliggjande interesser, verdiar eller ideal. Ved innføringa av lang fødselspermisjon for mor, ser ein konturar av eit ideal om at mor lettare skal kunne kombinere arbeidsliv og barneomsorg. Ved innføringa av permisjonstid øyremerkte fedrar, ligg det innbakt eit ideal om likedeling av omsorgsarbeidet som igjen vil tene til ein betre balanse mellom arbeidsliv og barneomsorg for både foreldra. Det same kan seiast i utbygginga av barnehagetilbodet, der ein kan spore velferdsstaten sin underliggjande ambisjon om å foreine moderniteten sine ideal om rasjonalitet/effektivitet og humanitet (Dencik 2005:78).

Staten sine velferdsordningar får konkrete fylgjer for korleis foreldre legg opp familielivet. Ein måte å forstå den norske, sosialdemokratiske velferdsstaten sine ideal på, kan vere gjennom å trekkje parallellar til den tyske sosiologen Ferdinand Tönnies og hans begrepspar «Gemeinschaft» og «Gesellschaft»²⁹, som kan oversetjast med noko slikt som «fellesskap»

²⁹ Begrepa er henta frå boka *Gemeinschaft und Gesellschaft*, som utkom i 1887.

versus «samfunn». I hans forsøk på å forklare særtrekk ved dei moderne industrisamfunna, ser han på *gemeinschaft* og *gesellschaft* som to ulike former for relasjonar mellom menneske, der *gemeinschaft* står for tette relasjonar, ansikt-til-ansikt-kontakt, samarbeid og *deling*, nok han finn typisk for «tradisjonelle», småskalasamfunn, medan *gesellschaft* står for distanserte, upersonlege relasjonar, basert på marknad og *bytte*, typisk for moderne storskalasamfunn (Grimen 2000:40). Eg meiner at framveksten av den moderne, norske velferdsstaten kan sjåast som eit slags forsøk på å kombinere, eller samkøyre desse ulike relasjonsformene, gjennom å behalde og bevare det «tradisjonelle» samhaldet i det moderne samfunnet. Ved å vektleggje dei tette og nære banda, og gjere vegen kort mellom fotfolket og det statlege maktapparatet, vil ein kunne byggje eit sterkt tillitsforhold mellom individ og stat, og mellom familie og stat. Velferdsstaten er vår «ven», som gjennom velferdsordningar sikrar innbyggjarane og kan sørge for omsorg for sine innbyggjarar på lik linje med omsorga individa kan finne i familien. Dette finn eg att i Vike si framstilling av ei sterk *statsvennlighet* i Noreg, der folk flest har stor tillit til at staten vil sine innbyggjarar vel, og at han gjennom sine høge ideal kan tene som reiskap for eit betre samfunn (Vike 2004:56). Denne tilliten er kan hende ikkje like sterk som han har vore, men er framleis livskraftig (ibid.).

Gjennom korleis staten legg opp sine velferdsordningar, kjem det til syne enkelte føringar på måten foreldre best bør agere og ordne seg. Staten premierer det å ha barn i barnehage frå det er eitt år gjennom å sørge for full barnehagedekning og operere med ein makspris for kva ein barnehage kan krevje i betaling per barn. Det å vere heime med barn utover den fastsette permisjonsperioden, straffar seg for den enkelte familie gjennom utilstrekkeleg økonomisk kompensasjon. Her har debatten rundt kontantstøtteordninga stått sterkt. Kontantstøtta vart innført nettopp for å gje foreldre som valde å vere heime med barn ein økonomisk kompensasjon. Støtta vart likevel aldri eit reelt alternativ for middelklassefamiliar, til det var ho for lav. Ho har derimot vorte hyppig brukt av innvandrarfamiliar, noko som har ført til ei otte for om den er til hinder for integrering. Kontantstøtta har gradvis vorte nedjustert, og den sitjande regjeringa har som mål å på sikt fjerne heile ordninga. Den statlege politikken ber dermed med seg eit insentiv om at baa foreldra bør ut i arbeidslivet fødselspermisjonen er omme.

Anne Lise Ellingsæter (2002) har sett på kontantstøtteordninga som politisk verkemiddel for å gje foreldre meir tid saman med barna sine. Denne ordninga vart innført for å oppnå eit politisk mål om å gje småbarnsforeldre større valfridom for korleis dei vil bruke tida i

småbarnsfasen. Ellingsæter meiner slike politiske verkemiddel er med på å setje dagsorden for foreldre: «en offentlig debatt der politikere kappes om å tilby foreldre meir tid til små barn, men med ulike midler, er med på å skape et ideal og en forventning om at foreldre skal ønske å bruke mer tid på barn» (Ellingsæter 2002:18). Individuelle val heng saman med samfunnsmessige prosessar, og foreldra sine preferansar og val vert forma i ein kontekst av sosialt og statleg strukturerte alternativ. Det å bruke barnehage er eit slikt val. Barnehagen blir ein del av «pakken», eller oppskrifta på ein vellukka småbarnsfamilie for mine informantar, på lik line med naudsynet av to inntekter.

Barnehagen - ein statleg institusjon

Barnehagen som institusjon er relativ ny, og særleg når det gjeld dei yngste barna, er det særleg dei siste ti åra at barnehagetilbodet er bygd ut og teke i bruk i «full skala». I fylgje tal frå SSB (2010a) hadde 89 prosent av alle barn i alderen 1-5 år barnehageplass i 2010, der barn i alderen 1-2 år er den gruppa som aukar mest. Frå 2004 til 2008 har bruken av barnehage for eitt- og toåringar auka frå 43 til 68 prosent (SSB 2010b).

Som eg har vore inne på, har perioden for det eg har valt å kalle «det naturlege moderskapet» skrumpa inn, parallelt med at me har sett store endringar i organiseringa av omsorgsarbeidet. Ser ein nokre tiår attende i tid, var det meir vanleg at mor var heimeverande husmor i ein lengre periode, gjerne fram til barna byrja i skulen eller endå lenger. Om mor valde å gå raskare ut i jobb, var dagmamma ei vanlegare løysing enn barnehage. Og der det tidlegare var vanleg at det meste av omsorgsarbeidet fall på mor, har vi, i tillegg til ei vektlegging av far som omsorgsperson, fått barnehagane som ein ny måte å organisere barneomsorga ut i frå. På 90-talet gjekk det føre seg ei massiv barnehageutbygging i Noreg, med ei stadig tyngre vekt på det auka behovet for barnehageplassar til barn under tre år. I dag har foreldre med barn som har fylt eitt år lovfesta rett til barnehageplass. Barnehageutbygginga kan seiast å oppfylle to parallelle målsetjingar frå staten si side; både å leggje til rette for at bae foreldra kan vere i arbeid medan dei har små barn, og som eit direkte tilbod til barna, der staten bidreg til å skape eit stimulerande miljø for barna, der dei kan utvikle seg gjennom pedagogisk tilrettelegging.

Både når det gjeld den utvida fødselspermisjonen, og utbygginga av barnehagetilbodet, har det skjedd ei endring i argumentasjonen kring kva desse velferdsgodane skal tene til, kva

som er målsetjinga. På 70-talet var det likestillingstanken som var det sterkaste bakanforliggjande argumentet (Brandth og Kvande 2005). Store skilnader i inntektsnivået mellom kvinner og menn skulle utjamnast. Gjennom å tilby lengre fødselspermisjon og tilbod om barnehage, kunne mødrer lettare kombinere barnefødselar med å stå i arbeid. På den samfunnsøkonomiske sida, ville det vere gunstig å stimulere til å oppretthalde fødselstala, men samstundes sørgje for å utnytte den kvinnelege delen av arbeidsstokken. Utover på 80- og 90-talet, har likestillingsgrunngevinga framleis stått sterkt, men ho har vorte akkompagnert av ei stadig sterkare vektlegging av «barns beste». Å tildele noko av permisjonstida til far, bidreg ikkje berre til å fjerne «risikoen» ved å tilsetje ei kvinne (ho kan potensielt gå ut i fødselspermisjon, noko arbeidsgjevar tapar pengar på). Ein oppfyller *barnets behov* for å få betre kontakt med far. Den same argumentasjonen fylgjer bruk av barnehage for dei minste barna: Ved å sende dei i barnehage, sørgjer ein for at *barnets behov* for sosial stimulans, psykologisk utvikling og pedagogisk læring og mestring blir ivareteke. Barnehagen blir sett som ein læringsarena, og det å halde barnet borte frå dette utviklande og stimulerande miljøet, kan barnet potensielt bli liggjande etter jamaldringar i sosial og psykologisk utvikling.

Den aukande utbygginga og bruk av barnehage for eitt- og toåringar dei seinare åra markerer ei endring i korleis foreldre brukar det offentlege som omsorgsinstans for barna. Tida barna brukar i barnehagen samsvarar i mange tilfelle med tida dei vaksne brukar i lønnsarbeid utanfor heimen, opp i mot 8-9 timar dagleg. Ein kan dermed seie at barnehagen har erstatta noko av omsorgsoppgåvene som tidlegare låg på familien, og derunder tradisjonelt sett mor, har hatt.

Informantane og barnehagen

«Det er ikkje bra å gå og subbe saman fem dagar i veka», får eg høyre av ein informant. Her har det skjedd eit skifte, frå mest muleg tid saman med barnet, til at det altså kan bli for mykje tid saman med barnet. Sitatet er henta frå ein samtale der me snakkar om kvifor og på kva tidspunkt det høver å sende barn i barnehage, og korleis foreldra trur dei vil oppleve dette. Når barnet bikkar eitt år, meiner dei fleste foreldra at det er på tide å byrje i barnehage. På den eine sida er det den økonomiske faktoren ved at familien taper på å ha mor eller far heime i ubetalt permisjon, men dette argumenter er ikkje så mykje diskutert blant informantane. Det som derimot blir trekt fram, er barnet sitt utviklingsmessige behov. Det

synest som om mor på dette tidspunktet vil ut av heiltidsmamma-tilveret og ser fram til å byrje å jobbe att, medan mulegheita for at far kan vere heime ikkje ser ut til å bli diskutert, slik at barneomsorg utanfrå blir naudsynt.

Det er mødrene som er mest engstelege for om barnet *har godt av* å byrje i barnehage på dette tidspunktet. Det verkar enklare for fedrane å overlata barna til barnehagetilsette, og det å vere borte frå barnet over lengre tid gjennom dagen er noko dei har vore meir vande med enn mødrene heilt frå starten. Fleire av mødrene i mitt studie utset barnehagestarten nokre månader utover permisjonstida, og tykkjer ikkje det er lett å gje frå seg ansvaret for barnet til dei barnehagetilsette. Men foreldra understrekar stadig barns utbytte av å gå i barnehage, og meiner at barn absolutt har godt av den sosialiseringa dei får i barnehagen. Dei lærer seg blant anna språk og sosiale kodar, dei får seg vener og lærer å vise omsyn for andre barn, dei må dele på merksemda frå dei vaksne, og må lære seg å innordne seg etter dei faste rutinane i barnehagen. Dette er lærdom og verdiar som foreldra seg pris på at barnehagen introduserer for barna.

Det er i stor grad mødrene som avgjer korleis familien skal innrette seg når det gjeld bruk av barnehage. For Anne Lise, som sjølv er førskulelærer, er det viktig at Mathea lærer seg å gå og kommunisere noko før ho byrjar i barnehagen. Ho vil difor vente med å gå attende i jobb til Mathea er rundt halvanna år. Dina og Bård er det paret som har lete barnet byrje i barnehage tidlegast, og har ikkje nokon motførestellingar til det. Han har gått i barnehage sidan han var om lag 10 månader, og sidan dei ser at han er blid og trivast i barnehagen, er det eit val dei er komfortable med. Det hadde vore verre om Emil tydeleg mistreivst. Det var ikkje så kjekt å seie «hadet» dei første gongane, men dei veit at han har det bra der. Bård hentar Emil tidlegare nokre dagar, sidan han ikkje jobbar fullt. Dei meiner at det kan hende var bra at han byrja såpass tidleg, før han kom i ein fase med separasjonsangst, som dei veit er vanleg for mange barn i eitt- til to-års alderen.

Blant mine informantar er det Anette som skil seg mest ut med motførestellingar til barnehagen. Ho ser ikkje korleis eittåringen kan ha det betre i barnehagen enn han har det saman med henne, og har ei klar formeining om at han har best godt av å vere hjå mor ei god stund enno. Ho har sjølv vakse opp med ei heimeverande mor, og ser på det å bruke tid og energi på barnet som ein naturleg konsekvens av å ha barn. Sosialisering kan kome seinare, no er det tryggleik og omsorg som står sentralt, meiner Anette.

Som eg har gått nærare inn på i kapittel fire, ser foreldra på barnet som noko som dei arbeider aktivt med for å forme til eit lite menneske. Dette speglar seg òg i måten foreldre vektlegg barnehagen som noko bra for barnet, der personalet blir viktig i oppfylginga av det enkelte barn. Det er viktig med eit utdanna, profesjonelt personale, som kan tilføre barnet noko meir eller noko anna enn dei kan som foreldre. Barnet går i barnehagen for å lære, og foreldra forventar at det skal gje utbytte. Til dømes er Dina av den oppfatning at det litt eldre personalet med lang erfaring, kan ha bidrege til at det har gått så fint å venje Emil til barnehagen. Anne Lise legg stor vekt på kvaliteten i barnehagen, at personalet har pedagogisk utdanning og «veit kva dei driv med». Ho er til dømes motstandar av familiebarnehagar, då dei manglar tilrettelegging for barna. Familiebarnehagar er gjerne i vanlege bustadhus, der ein pedagog kanskje er innom ein gong i veka. Fordelen i slike mindre barnehagar med at det er færre personar å forholde seg til for barnet, veg ikkje opp for den manglande pedagogiske styringa, meiner Anne Lise. Same argumentet møter meg når eg nemner bruk av dagmamma. Barnehagen er ein «godkjend» institusjon som foreldre kan stille klare krav til, medan dagmammaer er ufaglærte og under mindre kontroll. For Anne Lise er et viktig å kvalitetssikre barnehagen, å ikkje la «kven som helst» ta seg av barneomsorga.

På vitjing hjå Anne Lise, er det sjeldan at babyen Mathea ikkje får merksemd frå anten mor eller far, og som eg har vore inne på tidlegare, er Anne Lise oppteken av Mathea sitt sosiale behov for å treffe andre babyar og leike med dei. Informant Heidi er òg oppteken av at babyen skal bli stimulert, det er ikkje bra at babyen berre blir liggjande utan noko å sjå på. Stimuli fører til utvikling, og barn er nyfikne forskarar av natur, som treng å få utforske omverda³⁰. Dette er noko barnehagen kan bidra med, som frigjev noko av tida til foreldra slik at dei kan gjere andre ting enn å passe barn. Det å vere til stades og fylgje med på kva babyen treng, leike og stimulere, er tidkrevjande og krev tilstadevering mentalt så vel som fysisk. Dette er noko mødrene meiner barnehagen kan gjere like godt som dei sjølve. Hjå foreldra får babyen kos, omsorg, nærleik og tryggleik. I barnehagen får ha treffe andre barn på same alder og stimulans til å utvikle seg sosialt, mentalt og fysisk. At dei ser at barnet er nyfiken på omverda så vel som andre barn, blir eit teikn på at barnet er klart for å byrje i barnehage.

³⁰ Heidi har henta desse ideane frå den svenske forfattaren og nibarnsmora Anna Wahlgren si bok *Barneboka*, som først utkom i 1983, og som har vorte ein klassikar innanfor den populærvitskaplege foreldrelitteraturen.

Balanse mellom heim og barnehage

Mine informantar er opptekne av at barnet byrjar i barnehage på «rett» tidspunkt, når det er klar for det, men at ein ikkje ventar for lenge, då dette kan hindre barnet i å utvikle og utfalde seg. Fleire foreldre er inne på at om det hadde vore muleg, hadde dei valt å ha barnet kortare dagar i barnehagen den første tida, men at arbeidssituasjonen hindrar dette. Foreldra ynskjer ikkje å vere den som leverer først og hentar sist i barnehagen, og understrekar at barnet treng tida saman med mor og far for å byggje ei sterk tilknytning.

Det overraska meg litt at det verka vere så stor einigheit kring bruk av barnehage hjå informantfamiliane. Eg hadde kan hende tenkt meg at kanskje dagmamma eller ein mindre familiebarnehage ville vere ynskjeleg for nokre, men foreldra fann slike alternativ mindre attraktive, blant anna grunna faren for manglande fagekspertisen til dagmammaer. Eit anna tungtvegande argument var barnets behov for å treffe andre barn og utvikle seg sosialt. Som eg har diskutert i kapittel fire, står ideen av at babyar har behov for å treffe andre babyar sterkt. Ein vaksen kan ikkje erstatte samspelet som føregår mellom jamgamle barn, og foreldra meinte barna ville gå glipp av viktig lærdom om dei vart haldne borte frå denne mulegheita.

Her ligg eit potensial for eit sosialt press om å nytte barnehage i barneomsorga. Foreldra risikerer at barnet fell utanfor sosialt og utviklingsvis, då den gjengse oppfatninga er at barn naturleg har behov for den forma for stimuli og sosial omgang som ein finn i barnehagen. Dermed blir barnehagen òg eit uttrykk for barns beste. Å halde barnet borte frå barnehagen, vil hindre barnet i å utvikle gode sosiale ferdigheiter. Dette kan også knytast til ein ide om den moderne kjernefamilien med to utearbeidande foreldre og barn i offentleg barneomsorg. «*Mainstream practices*», som Faircloth (2009) uttrykkjer seg, gjer det ubehageleg å bevege seg på kant med det gjengse. Barnehagen passar godt inn i førestilling av ein moderne, *likestillt* familie, og ved å velje andre løysingar, risikerer foreldra å framstå som det motsette.

Barnehagen – statleg løysing på spenninga mellom likestilling og barns beste?

Bruk av barnehage er med på å endre premissane for kva *det gode foreldreskapet* skal bestå av for mor og far. Frå å på ulike måtar ha fordelt barneomsorga mellom seg, kjem barnehagen inn som ein trede aktør. Barnehagen får ein slags slektskaps- eller omsorgsfunksjon.

Barnehagen er med på å formidle ideen om familien og foreldreskapet ut til foreldra, og er med på å balansere forholdet mellom jobb og familieliv. Etter ein spedbarnsfase der mor har hatt ei særskild og *naturleg sentral rolle*, gjev ho no gradvis slepp på tanken av å vere uunnverleg for barnet, eller at barnet kan ta skade av hennar fråver. Tvert i mot er barnehagen noko barnet har godt av og behov for: her blir barnet teke hand om av profesjonelle, som tek seg av barnets behov og stimulerer til sunn utvikling.

Barnehagen er med på å balansere forholdet mellom mor og far som omsorgspersonar, og kan seiast å vere staten si «løysing» for å foreine likestillingspolitikk med barns beste. Ved å nytte seg av barnehagen, kan foreldra til dels «gjeninnføre» likestillingstanken, der baa foreldra deltek i både arbeids- og familieliv. Barnehageinstitusjonen blir ein forhandlar mellom dei to sfærane likestillingspolitikk og foreldre sin moral knytt til barns beste.

Velferdsstaten sitt bidrag til barnefamiliane gjennom barnehageutbygginga, (og òg gjennom gunstige fødselspermisjonsordningar og andre velferdsgodar), kan seiast å skrive seg inn i ein tradisjon der velferdsstaten i stadig større grad tek på seg ansvaret for å frigjere oss frå avhengigheita til kvarandre, men vere mest muleg uavhengige og frie til å bli oss sjølv (Vike 2004:90). Omsorgsarbeidet i barnehagen, fristiller kjernefamilien frå å vere avhengige av at andre i familien, slekt, vener eller andre i lokalsamfunnet stiller opp for å få kabalen til å gå opp. Men me har til gode å sjå velferdsstaten som direkte omsorgsytar og erstattar for mor i den første perioden av eit menneske sitt liv. Nokre ting vert verane natur (enn så lenge).

Avrunding

I dette kapitlet har eg sett på korleis staten formidlar idear om familien, og korleis dette verkar inn på foreldre si forståing og praktisering av foreldreskapet. Barnehagen som statleg institusjon formidlar verdiar og ideologiar til foreldra, og bidreg til å oppretthalde ei form for uavhengigheit hjå individa i familien.

Bruk av barnehage for dei minste barna er relativt nytt. Gjennom ikkje berre å formidle at barnehagen kan vere ein reiskap for å få baa foreldra ut i arbeid, men å understreke nytteverdien barn har av å gå i barnehagen, at barnehagen er til barns beste, blir det eit naturleg val for foreldra å velje barnehage for sine barn. Her får barnet utvikle seg i trygge rammer, og mor gjev gravis slepp på ideen om morskjærleiken bevisst gjennom kor mykje tid ho brukar på barnet. Barnehagen blir såleis staten sitt løysingsforslag på korleis foreldre

kan få til ein balanse mellom arbeidsliv og familie, og mellom likestillings- og slektskapssfæren.

6 Avslutning

Eg har gjennom denne avhandlinga freista pakke ut foreldreskapet som kulturelt meiningssystem, og sett på korleis slektskapsteoriar og kjønnteoretiske perspektiv kan utfylle kvarandre i analysen av mitt datamateriale frå norske småbarnsforeldre. Gjennom erfaringar i feltet, avdekte eg ein muleg diskrepans mellom korleis foreldre oppfatta seg sjølve som likestilte partnarar og foreldre, og idear om mor som naturleg omsorgsperson for barnet, knytt til forståingar av slektskap og *det naturlege*. Mitt hovudspørsmål for avhandlinga, vart difor korleis foreldre navigerer mellom likestillingssfæren, med sine ideal om egalitet og mor og far som likestilte omsorgspersonar, og slektskapssfæren med sine komponentar av *det naturlege* og *barns beste*. Eg har gjennom oppgåva lyssett denne spenninga frå ulike vinklar, der eg blant anna har sett på forholdet mellom individ og familie, mellom kjønn og slektskap og mellom politikk og moral.

Foreldreskapet er nært knytt til både kjønn og slektskap, og står dermed i eit spenn mellom ulike domene. Heller enn å sjå kjønn og slektskap under eitt, slik som Yanagisako og Delaney (1995) argumenterer for, har eg ville vise at foreldreskapet opnar eit felt der individa rører seg mellom desse to ulike sfærane, som nokre gongar kan vere overlappande, andre gonger motstridande. Motstridande verdiar vert av informantane sjeldan sett i direkte konflikt, men blir heller omformulert for å skape samanheng og meining. Det naturlege moderskapet, der mor står i eit særskild og nærast symbiotisk forhold til barnet, høyrer for mine informantar til i ein annan forklaringskontekst enn det ideen om eit likestilt parforhold og familieliv gjer. Mine informantar integrerer moderskapet si særstilling i den elles så «moderne» og «likestilte» familien gjennom å fokusere på mors ynskje, basert på naturlege preferansar, til å vere heime med barnet, og dermed ta på seg omsorgsarbeidet for barnet på ein meir inngripande måte enn det far gjer. Slektskapssfæren er i ein vestleg kontekst nært knytt til det naturlege. Ved å stille spørsmål ved den sterke posisjonen mor-barn-relasjonen har som den mest sentrale slektskapsrelasjonen i familien, eit nærast sjølvforklarande faktum, tøyser ein dermed grensene for forståinga av slektskap og det naturlege i slektskapsrelasjonane.

I foreldreskapet ligg det sterke moralske føringar med eit kjønna innhald som er særleg synleg i spedbarnsperioden. Likskap og ulikskap mellom far og mor blir presentert som

parallele narrativ, foreldra er både like og ulike, der ulikskap blir forklart som forskjell i preferansar og ynskjer som er naturlege. Det er ikkje det at dei ikkje *kan* overskridast, men foreldra har ikkje noko *ynskje* om å gjere det. Det å ta hand om barnet er knytt til kjensler, det er ei emosjonell binding. Det at mor har sterkare kjensler for å ta hand om barnet, er teikn på eit naturleg og ideelt forhold mellom mor og barn, og noko som mor skal «få lov til». Å vise omsorg for barnet handlar om å vere dedikert, full av grenselaus og uavkorta kjærleik, noko som for mine informant-mødrer vanskeleg let seg kombinere med å prioritere bort barnet til fordel for til dømes jobb. Likestillingsidealet sit fornufts- og rettferdsprinsipp, kan gjelde likelønn eller keisamt husarbeid, men omsorgsarbeidet bør ikkje bli for dominert av dette, men bevare den følelsemessige lysta og behovet for å ta seg av barnet. Signe Howell (1997) påpeikar at det emosjonelle spelar ei sterk rolle når det gjeld moralske diskursar. Den emosjonelle bindinga til barnet står i motsetning til den rasjonelle argumentasjonen som er knytt til likestillings-spørsmål og det å gjere foreldra likestilte i omsorgsarbeidet. Likestillingsdiskursen er knytt til politiske haldningar og verdiar, og kan ikkje stillast opp mot dei kjenslemessige forholda knytt til det å skulle ta seg av barnet sitt. Forklart gjennom mors ynskje om å vere heime med barnet, let ikkje foreldra denne arbeids- og ansvarsfordelinga påverke ideen og idealet om eit likestilt par- og familieliv. Likestillingstanken blir dermed omformulert til å handle meir om likeverd og foreldre sine frie val, enn «harde fakta».

Den første spedbarnstida med den sterke vekta på mor-barn-relasjonen er stutt. I det barnet rundar eitt år, byrjar det å nærme seg tid for å byrje i barnehage. For dei minste barna, er bruk av barnehage eit relativt nytt fenomen, men den raske utbygginga og utbreiinga av barnehagar for 1-2 åringar tyder på rask omstilling frå foreldra si side. Bruk av barnehage for dei minste barna har to viktige implikasjonar for forståinga av foreldreskapet. For det første muleggjer han å «gjeninnføre» eit likestillingsideal i retning direkte likskap, der foreldra stiller likare i kombinasjonen familie- og arbeidsliv. For det andre, og minst like viktig, blir barnehagen framheva som ein institusjon til *barns beste*. Dette bidreg til legitimeringa av barnehagen som statleg formidlar av familieverdiar, og blir såleis staten sitt løysingsforslag på korleis foreldre kan få ein balanse mellom likestillingsideal og relasjonelle familieideal.

Foreldra set si ære i å vere gode foreldre. Det blir stilt høge krav til å fokusere på barnet, der det å fylgje opp barnet på ein aktiv og deltakande måte blir ein naturleg konsekvens av kunnskapen foreldra har om barns utvikling og behov. Gjennom den aktivt utøvande

foreldrerolla, byggjer foreldra opp ein nær og intim relasjon mellom seg sjølv og barnet. Samstundes kan det som foreldre reknar for å vere barns behov, til tider sjå ut til å vere foreldra sitt eige behov for å oppfylle idealet om *det gode foreldreskapet*. Forståinga av dei moralske verdiane som omkransar foreldreskapet, må sjåast i lys av at moralitet ikkje berre må analyserast som noko som formar handling, men òg i forhold til kva som er ynskjeleg for aktørane (Archetti 1999). Foreldra sitt ynskje er med på å utforme dei moralske ideala som knyter seg til moderskap og farskap. Foreldreskapet er dynamisk og utspelar seg i eit samspel mellom individuelle preferansar og kulturelle konvensjonar i stadig rørsle. Moderskapet si «prime time» i spedbarnsperioden kan seiast å gradvis bli utfordra av far sitt innpass som omsorgsperson, der likestillingsideala heller enn å understreke fars eigenart som omsorgsperson, går i retning av at far går inn i den klassiske morsrolla i måten å gjere omsorgsarbeid på. Det vil bli spanande å sjå kva for implikasjonar det auka nærveret av far, at han i stadig større grad får tildelt tid og rom saman med barnet i spedbarnsfasen, vil ha for foreldreskapet, moderskapet og farskapet i framtida.

Referanseliste

- Archetti, Eduardo P. (1999): *Masculinities: Football, polo and the tango in Argentina*. Oxford-New York: Berg.
- Borneman, John (2001): "Caring and being cared for: displacing marriage, kinship, gender and sexuality", i Faubion, James (red.): *The ethics of kinship. Ethnographic inquiries*. Lanham-Oxford: Rowman & Littlefield Publishers.
- Bourdieu, Pierre (2000): *Den maskuline dominans*. Oslo: Pax Forlag.
- Brandth, Berit og Elin Kvande (2003): *Fleksible fedre*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Brandth, Berit og Elin Kvande (2005): "Kap. 3. Valgfri eller øremerket permisjon for fedre?", i *Valgfrihetens tid. Omsorgspolitik for barn møter det fleksible arbeidslivet*. Oslo: Gyldendal Akademisk.
- Butler, Judith (2006) [1990]: *Gender trouble. Feminism and the subversion of identity*. London-New York: Routledge.
- Danielsen, Hilde og Wenche Mühleisen (2009): "Statens parkurs *Godt samliv*. Ideal og normer for samliv og kommunikasjon", i *Tidsskrift for samfunnsforskning* nr.1/2009 s. 3-26. Oslo: Universitetsforlaget.
- Dencik, Lars (2005): *Mennesket i postmoderniseringen – om barndom, familie og identiteter i opbrud*. Værløse: Billesø & Baltzer.
- Døving, Runar (2003): "Et antropologisk studie av konsum", i Rugkåsa, Marianne og Kari Trædal Thorsen (red.): *Nære steder, nye rom. Utfordringer i antropologiske studier i Norge*. Oslo: Gyldendal.
- Ellingsæter, Anne Lise (1997): "Forældreskab og økonomisk forsørgelse: fra mandsnorm til ligedeling", i Bonke, Jens (red.): *Dilemmaet arbeidsliv – familieliv i Norden*. København: Socialforskningsinstituttet/Nordisk ministerråd.
- Ellingsæter, Anne Lise (2002): "Hvorfor så små effekter? Politikens muligheter og

- begrensninger”, i Gulbrandsen, Lars (red.): *Forskning om småbarnsforeldres hverdagsliv. Problemstillinger og Data*. Seminarrapport, NOVA Rapport 12/2002. Oslo: Norsk institutt for forskning om oppvekst, velferd og aldring.
- Ellingsæter, Anne Lise og Arnlaug Leira (2004): “Innledning. Velferdsstaten og familien”, i Ellingsæter, Anne Lise og Arnlaug Leira (red.): *Velferdsstaten og familien. Utfordringer og dilemmaer*. Oslo: Gyldendal.
- Ellingsæter, Anne Lise (2004): “Tidskrise i familien?”, i Ellingsæter, Anne Lise og Arnlaug Leira (red.): *Velferdsstaten og familien. Utfordringer og dilemmaer*. Oslo: Gyldendal.
- Ellingsæter, Anne Lise (2005): “Kjønnslikestilling – postindustrialismens krumtapp”, i Svendsen, Lars Fredrik Hendler (red.): *Arbeid. Teori og praksis*. NHO – Næringslivets hovedorganisasjon.
- Faircloth, Charlotte (2009): “Mothering as identity-work. Long term breastfeeding and intensive motherhood”, i *Antropology News*, februar 2009.
- Frøystad, Kathinka (2003): “Forestillingen om det ”ordentlige” feltarbeid og dets umulighet i Norge”, i Rugkåsa, Marianne og Kari Trædal Thorsen (red.): *Nære steder, nye rom*. Utfordringer i antropologiske studier i Norge. Oslo: Gyldendal Akademisk.
- Geertz, Clifford (1973): *The interpretation of cultures*. New York: Fontana Press.
- Gennep, Arnold van (1999) [1960]: *Rites de passage. Overgangsriter*. Oslo: Pax Forlag.
- Gilligan, Carol (1982): *In a different voice. Psychological theory and women’s development*. Cambridge: Harvard University Press.
- Grimen, Harald (2000): *Samfunnsvitenskapelige tenkemåter*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Gullestad, Marianne (1992): *The art of social relations: essays on culture, social action and everyday life in moderen Norway*. Oslo: Scandinavian University Press.
- Gullestad, Marianne (2000) [1989]: *Kultur og hverdagsliv*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Gullestad, Marianne (2001) [1984]: *Kitchen-table society. A case study of the family life and friendships of young working-class mothers in urban Norway*. Oslo: Universitetsforlaget.

- Harraway, Donna (1991): *Simians, Cyborgs and Women: The Reinvention of Nature*.
London: Free Association Books.
- Hennum, Nicole (2002): Kjærlighetens og autoritetens kulturelle koder. Om å være mor og far for norsk ungdom. NOVA rapport 19/2002. Dr.polit.-avhandling, sosialantropologisk institutt, Norges teknisk-naturvitenskapelige universitet. Trondheim: Norsk institutt for forskning om oppvekst, velferd og aldring.
- Heilmann, Mari Rysst (2000): *"Alle sier forskjellig". Innhold, overføring og endring av kunnskap og tradisjon i barneomsorgspraksis*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Hernes, Helga (1987): *Welfare State and Woman Power. Essays in state feminism*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Howell, Signe 1997: "Introduction", i Howell, Signe (red.): *The ethnography of moralities*. London-New York: Routledge.
- Howell, Signe (2001a): ""En vanlig familie": Utenlandsadopsjon i Norge, et stadig voksende fenomen", i Howell, Signe og Marit Melhuus (red.): *Blod – tykkere enn vann? Betydninger av slektskap i Norge*. Bergen: Fagbokforlaget.
- Howell, Signe (2001b.): "Self-conscious kinship: some contested values in norwegian transnational adoption", i Franklin, Sarah og Susan McKinnon (red.): *Relative values. Reconfiguring kinship studies*. Durham-London: Duke University Press.
- Jacobsen, Frode F. (1999): "Barns hverdagsliv og sosialisering på vietnamesisk og norsk", i *Norsk antropologisk tidsskrift* nr. 1/1999, s 63-71. Oslo: Universitetsforlaget.
- Ketcher, Kirsten (2001): "Kap.4. Kvinners rettigheter i et nytt rettslig landskap", i Østerud, Øyvind og Bent Sofus Tranøy (red.): *Mot et globalisert Norge? Rettslige bindinger, økonomiske føringer og politisk handlingsrom*. Oslo: Gyldendal Akademisk.
- Kjøs, Peder (2009): *God pappa. En håndbok*. Oslo: Pax forlag.
- Knausgård, Karl Ove (2009): *Min Kamp. Andre bok*. Oslo: Forlaget Oktober.
- Leira, Arnlaug (1996): "Fra statsfeminisme til statsfamilisme? Om mor og far, stat og marked

- i 1990-åra”, i Brandt, Berit og Kari Moxnes (red.): *Familie for tiden. Subtilitet og forandring*. Oslo: Tano Aschehoug.
- Lorentzen, Jørgen og Wenche Mühleisen (2006): *Kjønnforskning. En grunnbok*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Melhuus, Marit (2001): ”Kan skinnet bedra? Noen meninger om assistert befruktning”, i Howell, Signe og Marit Melhuus (red.): *Blod – tykkere enn vann? Betydninger av slektskap i Norge*. Bergen: Fagbokforlaget.
- Miller, Daniel (1997): ”How infants grow mothers in north London”, i *Theory, culture & society* nr. 14/4, s. 67-88. London-Thousand Oaks-New Dehli: Sage publications.
- Moore, Henrietta (1999a): ”Anthropological theory at the turn of the century”, i Moore, Henrietta (red.): *Anthropological theory today*. Cambridge: Polity Press.
- Nylander, Gro (2010): *Småen blir født. Innspurt – fødsel – barsel*. Oslo: Gyldendal.
- Ravn, Malin Noem (2004): *En kropp, to liv. Svangerskapet, fosteret og en gravide kroppen – en antropologisk analyse*. Avhandling, dr. polit. Norges teknisk-naturvitenskapelige universitet, sosialantropologisk institutt.
- Ravn, Malin Noem (2005): ”A matter of free choice? Some structural and cultural influences on the decision to have or not to have children in Norway”, i Douglass, Carrie B. (red.): *Barren States. The population "implosion" in Europe*. Oxford-New York: Berg.
- Riksaasen, Guri (2001): ”To mammaer, går det an? En annerledes familieplanlegging”, i Howell, Signe og Marit Melhuus (red.): *Blod – tykkere enn vann? Betydninger av slektskap i Norge*. Bergen: Fagbokforlaget.
- Rugkåsa, Marianne og Kari Trædal Thorsen (2003): ”Utfordringer i antropologiske studier i Norge.” I Marianne Rugkåsa og Kari Trædal Thorsen (red.): *Nære steder, nye rom. Utfordringer i antropologiske studier i Norge*. Oslo: Gyldendal.
- Schneider, David M. (1980) [1968]: *American kinship: A cultural account*. 2. utgåve. Chicago: University of Chicago press.
- Skjeie, Hege og Mari Teigen (2003): *Menn i mellom. Mannsdominans og likestillingspolitikk*. Oslo:

Gyldendal Akademisk.

Smedal, Olaf H, (2001): "Innledning: Modeller, fenomener og realiteter", i Howell, Signe og Marit Melhuus (red.): *Blod – tykkere enn vann? Betydninger av slektskap i Norge*. Bergen: Fagbokforlaget.

Solheim, Jorun (1999): *Makt som grense*. Foredrag på konferansen "Usynlige grenser – kjønn og makt", Oslo 11.-12.november 1999. Tilgjengeleg frå:
<http://www.sv.uio.no/mutr/gammel/Solheim.html> [04.04.2011].

Solheim, Jorun (2007): *Kjønn og modernitet*. Oslo: Pax forlag.

SSB (2005): *Han jobber, hun jobber, de jobber. Arbeidstid blant par av småbarnsforeldre*. Rapport 10/2005. Oslo-Kongsvinger: Statistisk sentralbyrå. Tilgjengeleg frå:
http://www.ssb.no/emner/06/01/rapp_200510/rapp_200510.pdf [09.05.11]

SSB (2010a): *Flere 1-2 åringer i barnehage*. Barnehager, foreløpige tall 2010. Oslo-Kongsvinger: Statistisk sentralbyrå. Tilgjengeleg frå:
<http://www.ssb.no/emner/04/02/10/barnehager/> [09.05.2011].

SSB (2010b): *Barn i barnehage. Foreldrebakgrunn og utvikling de seneste årene*. Rapport 11/2010. Oslo-Kongsvinger: Statistisk sentralbyrå. Tilgjengeleg frå:
http://www.ssb.no/emner/04/02/10/rapp_201011/rapp_201011.pdf [09.05.11].

SSB (2011a): *Samlet fruktbarhetstall, kvinner, etter fylke. 1968-2010*. Befolkningsstatistikk, fødte, tabell 5. Oslo-Kongsvinger: Statistisk sentralbyrå. Tilgjengeleg frå:
<http://www.ssb.no/emner/02/02/10/fodte/tab-2011-04-07-05.html> [09.05.11].

SSB (2011b): *Foreldrenes gjennomsnittsalder ved fødsler 1946-2010*. Befolkningsstatistikk, fødte, tabell 4. Oslo-Kongsvinger: Statistisk sentralbyrå. Tilgjengeleg frå:
<http://www.ssb.no/fodte/tab-2011-04-07-04.html> [09.05.11].

St.meld. nr. 8 (2008-2009): *Om menn, mannsroller og likestilling*. Det kongelige barne- og likestillingsdepartement.

Strathern, Marilyn (1992): *After nature. English kinship in the late twentieth century*. Cambridge: Cambridge University Press.

- Strathern, Marilyn (2005): *Kinship, law and the unexpected. Relatives are always a surprise*. Cambridge University press.
- Vike, Halvard (2004): *Velferd uten grenser. Den norske velferdsstaten ved veiskillet*. Oslo: Akribe.
- Vike, Halvard (2009): "L'état de la morale et la morale de l'État", i *Ethnologie Française* 2/2009, s. 311- 321. Presses Universitaires de France.
- Wagner, Roy (1981) [1975]: *The invention of culture*. Chicago-London: The University of Chicago Press.
- Wikan, Unni (1996): "Fattigdom som opplevelse og livskontekst: innsikt fra deltakende observasjon", i Wormnæs. Odd (red.): *Vitenskap, enhet og mangfold*, s. 181-202. Oslo: Gyldendal Ad Notam.
- Yanagisako, Sylvia Junko og Jane Fishburne Collier (1987): "Toward a unified analysis of gender and kinship", i Collier, Jane Fishburne og Sylvia Junko Yanagisako (red.): *Gender and kinship. Essays toward a unified analysis*. Stanford: Stanford University Press.
- Yanagisako, Sylvia Junko og Carol Delaney (1995): "Naturalizing power", i Yanagisako, Sylvia og Carol Delaney (red.): *Naturalizing power. Essays in feminist cultural analysis*. New York: Routledge.

Avis- og nettartiklar

- Aftenposten, morgen (24. 01. 2010): *Fra autoritær far til «nærpappa»*. Av Per Kristian Bjørkeng, s. 10-11. Tilgjengeleg frå:
<http://www.aftenposten.no/meninger/kommentatorer/bjorkeng/article3481087.ece>
[28.02.11]
- Aftenposten, morgen (26. 03. 2011): *Et likestilt brøl*. Av Kjell Østli, s. 3.
- A-magasinet (10. 12. 2010): *Vil ikke være hos pappa*, Willy-Tore Mørch, i spalta "Livet i familien", s. 72-73.
- D2; Dagens Næringslivs helgemagasin (15. 04. 2011): *Daddy Cool*, s. 10-21.

Dagbladet.no (10. 09. 2010): *Ser sønnen i lunsjen*. Tilgjengeleg på:

http://www.dagbladet.no/2010/09/10/kultur/mennesker_i_solen/ane_dahl_torp/kjersti_holmen/ghita_norby/13203839/ [03.03.11].

Dagbladet Magasinet (01. 03. 2011): *Trilleformelen*. Tilgjengeleg på:

http://www.dagbladet.no/2011/03/01/magasinet/portrettet/ane_dahl_torp/15630988/ [03.03.11].

Dalhaug, Randi Elisabeth, i.d.: *Mor i barseltiden*. Nettartikkel tilgjengelig frå:

<http://www.babyverden.no/Har-barn/Barseltid/Nybakte-foreldre/Mor-i-barseltiden/> [01.05.11].

Morgenbladet (18. 12. 2009): *Velkommen nærpappa!* Av Peder Kjøs. Tilgjengeleg frå:

<http://www.morgenbladet.no/article/20091218/OAKTUELT/712189933> [03.03.11]

Seher.no (13. 10. 2010): – *Savner ikke sønnen min*. Tilgjengeleg frå:

<http://www.seher.no/853560/ane-dahl-torp-savner-ikke-sonnen-sin> [03.03.11].